

# Maal og Minne 100 år

Tidsskriftet *Maal og Minne* ble grunnlagt i 1909 av professor Magnus Olsen. Det har siden starten vært knytta til Bymålslaget, som sammen med Landsmålslaget i 1902 hadde sprunget ut av Det Norske Samlaget. De to lagene hadde til formål “å styrke og fremhjelpe det som norsk er – Landsmålslaget med bygdemålene som utgangspunkt, Bymålslaget ut fra bymålene.” I 1909 formulerte Magnus Olsen tidskriftets formål slik:

Det skal bringe bidrag til belysning av norsk aandsliv fra de ældste tider til vore dage. Sprog og sprogminder av enhver art (saasom stedsnavne), den skrevne litteratur, folkedigtning og folkemusik, bonderet, folketro og folkemedisin, alt som i ord og billed gjemmer minder om gammel skik og levevis i by og bygd – alt dette vil kunne behandles i “Maal og minne”. (MM 1909: IV)

Dette formålet har med visse modifikasjoner preget tidsskriftet gjennom hele dets 100-årige historie. Tidsskriftet dekker enkelt sagt språkbaseret nordisk, særlig norsk kultur, altså det tradisjonelle nordisk-faget med unntak av nyere litteraturvitenskap. Det området har siden 1916 blitt dekket av det litteraturvitenskapelige tidsskriftet *Edda*.

Magnus Olsen redigerte selv *Maal og Minne* helt fram til 1950. Siden har det nesten til enhver tid vært to redaktører, en med særlig kompetanse på norrøn filologi, og en med særlig kompetanse innen nyere nordisk språkvitenskap. Mange redaktørskifter har det ikke vært – fram til i dag har det til sammen bare sittet 9 personer i redaktørstolen.

*Maal og Minne* har gjennom tidene hatt stor betydning for kunnskapsutvikling omkring norsk språk og kultur. Tidsskriftet nyter i dag høy anseelse i det norske fagmiljøet, og er rangert på nivå 2 i Universitets- og høgskolerådets register over faglige publiseringsskanaler.

Samfunnet er alltid i endring, og i løpet av 100 år blir mye forandret. Samtidig med samfunnsutviklinga må det skje en faglig fornying. Nye emner trenger seg fram, mens gamle skifter fokus eller taper interesse. Flere av *Maal og Minnes* hovedemner har vært byggesteiner i den nasjonale identitetsbygginga. Om det trengs materiale til nasjonsbygging i dag, så er det naturlig nok ikke det samme som det var for 50 eller 100 år siden. Det gir grunn til å se på faget i et kritisk, historisk lys og spørre hvilket innhold faget og tidsskriftet skal ha i tida som kommer.

Redaksjonen vil markere jubileet med tre tiltak. I den henværende utgaven er det tatt inn to historiske artikler som belyser tidsskriftets dekning av de to redaksjonelle hovedområdene eldre og yngre nordisk språk og språkbaseret kultur. Den 24. april ble det avholdt et seminar der de enkelte fagdisiplinene som blir dekket av *Maal og Minne* ble presentert i et historisk og kritisk perspektiv. Det er så meningen at disse presentasjonene skal publiseres i en egen bok.

Bymåslaget har gjennom tidene samarbeidet med to ulike forlag om utgivelsen av *Maal og Minne*. Fram til 1972 ble tidsskriftet utgitt av Bymåslagets forlag i kommisjon hos H. Aschehoug & Co. Fra 1972 har Samlaget hatt hånd om tidsskriftet, men ved inngangen til jubileumsåret valgte Samlaget å avslutte dette samarbeidet. Det er nå inngått avtale med Novus forlag, som vil utgi tidsskriftet fra 2010. Det var planen også å gi tidsskriftet en grafisk ansiktssløfting i jubileumsåret, men vi har funnet det mer hensiktsmessig å knytte dette til det første nummeret på nytt forlag.

Det er en vital hundreåring vi feirer i år. Stofftilgangen er meget god og kvaliteten på bidragene er høy. Det er ingen tvil om at *Maal og Minne* fremdeles har en oppgave å skjölte. Mye avhenger av at gode fagfolk også i framtida er villige til å ofre av sin tid og dele sine kunnskaper for å utvikle og kvalitetssikre tidsskriftet. Tidsskriftet har et bredt sammensatt og faglig bunnsolid redaksjonsråd. I tillegg får vi hvert år hjelp av en lang rekke konsulenter som velvillig gjør en fremragende innsats for å vurdere og utvikle de innsendte bidragene. Denne hjelpen er vi helt avhengige av og svært takknemlige for.

*Jon Gunnar Jørgensen*

*Lars S. Vikør*

## **Redaktører 1909–2009**

1909–1950	Magnus Olsen
1951–1967	Ludvig Holm-Olsen og Trygve Knudsen
1968–1984	Ludvig Holm-Olsen og Einar Lundeby
1985–1994	Bjarne Fidjestøl og Einar Lundeby
1994	Einar Lundeby
1995	Odd Einar Haugen og Einar Lundeby
1996–2005	Odd Einar Haugen og Kjell Ivar Vannebo
2006–	Jon Gunnar Jørgensen og Lars S. Vikør

# Maal og Minne i hundre år

Norrøne studiar og folkeminne

Av Jan Ragnar Hagland

*Maal og Minne* (MM) er altså hundre år i år. Det er, som vi veit, eit vitskapleg tidskrift som òg vender seg til ein lesarkrins utanom akademia, og mange vil nok meina at det er og har vore eit tidsskrift der norrøne studiar i vid forstand har vore ein sentral del, eller den sentrale delen av stofftilfanget. Kanskje i tråd med dét og kanskje av andre grunnar har denne jubileumsartikkelen fått i oppgåve å sjå på den stilling norrønt og folkeminne (både i vid forstand) har hatt som del av stoffet i tidskriftet, i desse første hundre åra av det som vonleg vil bli eit langt liv.

Det må i alle fall vera rett å seia at det var eit tidsskrift med nett slik ein profil, som det heiter i dag, med mykje slikt stoff grunnleggjarane ønskte å få på fote då dei sette i gang med *Maal og minne – norske studier utgit av Bymaals-laget* i 1909. I presentasjonsartikkelen til første årgangen er det såleis gjeve direkte uttrykk for at tidsskriftet “vil gjøre krav paa at være et videnskabelig tidsskrift, som fremdrar og bearbeider nyt stof eller fremstiller kjendte forhold i nyt lys. Men paa samme tid skal artiklerne være almenfattelige og læselige”, som det den gong heitte (MM 1909, s. VI). Stofftilfanget skulle vera slik at det kunne “bringe bidrag til belysning av norsk aandsliv fra de ældste tider til vore dage”. I eit “Tidsskrift for norsk sprog og folke-minder” som dette skulle vera, er altså ikkje studiar av eller i det norrøne nemnt særskilt i dei innleiande programformuleringane. Vi må likevel oppfatta det som underforstått at dette var stoff som skulle vera med. Det vi i dag i allmenne vendingar omtalar som folkeminnestudiar, er derimot eksplisitt lista opp som emneområde det nye tidsskriftet skulle ta seg av: “folkedigtning og folkemusik, bonderet, folketro og folkemedicin” er såleis nemnt av slikt som “vil kunne behandles i ‘Maal og minne’”. To hovudsider ved det stofftilfang dei tok sikte på å få inn i det nye tidsskriftet, er framheva: Ei historisk og det vi kunne kalla ei samtidig side. Den historiske galdt “den videnskabelige belysning av norsk aandsliv nedigjennem tiderne. Det er den side, som vender utad og møtes med lignende bestræbelser i de andre nordiske land og endnu videre,” heiter det. Dette skulle altså vera den internasjonale sida ved det stoff ein tok sikte på å få fram. Ambisjonen i den samanheng var at MM også utanfor Noreg “gjerne [vil] vinde venner og bidragsydere” (s. VII). Men MM “har også en side, som vender indad og kun kan forstaaes av den, som formaar fordomsfrat at

overskue det sammenfiltrede nynorske sprog- og kulturspørsmål fra nært hold” (loc. cit.).

I tråd med det som såleis var tidsskriftets opphavlege mål, vil oppgåva her då vera å søkja formidla eit inntrykk av korleis det stofftilfanget som skulle venda seg “utad” har komme til uttrykk i MM gjennom dei første hundre åra det har vore til. Eg vil freista gjera dét ved å samla meg om norrøne studiar og folkeminne. Det er emne som i ein samanheng som denne, nok ikkje let seg avgrensa så særleg skarpt. Men med litt romsleg augnemål vil vi nok få dekt den historiske delen av stoffmengda ganske godt ved å gjera det på den måten. Eit slikt oversyn har sjølv sagt både ei kvantitativ og ei kvalitativ side ved seg. Vi kan for det første spørja oss kor stor del av det publiserte sidetalet stoff frå dei nemnde fagområda har fått til rådvelde. For det andre vil det vera legitimt å spørja oss kva stilling dette stoffet har hatt i fagleg samanheng: Kor viktige har artiklar om desse historisk orienterte disiplinane vore i faghistorisk samanheng – altså for MM som “videnskabelig tidsskrift”, og kva har tidsskriftet hatt å seia for den delen av ålmenta som skulle ha “almenfat telige og læselige” fagartiklar å ty til?

Målet i det følgjande vil vera å freista finna nokre svar på alt dette. Vi vil då først prøva å gi eit lite inntrykk av kor stor del av den samla spalteplassen dei meir historisk orienterte disiplinane har fått å utfalda seg på i MM opp gjennom åra. Det er i seg sjølv utan tvil ei side ved saka som kan vera med og teikna ein fagleg profil av tidsskriftet. Om vi då for det første held oss til det vi alt har kalla norrøne studiar i vid forstand, er det truleg lett å sjå at grenseoppgangen mellom dette vidt definerte feltet og andre disiplinar ikkje alltid er like lett å gå. Til norrønt i den vide meinings av omgrepene er rekna studiar i språk og litteratur, materiell kultur og religion. Derimot er disiplinar som namnegransking, ordhistorie og dialektologi ikkje rekna med i oversynet, jamvel om artiklar med slikt stoff ofte kan vera diakront innretta og ha vesentlege innslag av norrønt bygt inn i framstillinga. Ikkje di mindre vil studiar i slike disiplinar eigentleg dreia seg om språket vi har rundt oss her og no. Men likevel kan det stundom vera tvil om kva som bør teljast med. Tala frå oppteljingane i det følgjande må lesast i lys av dét. Faghistorie – nekrologar o. a. som kan ha vesentlege innslag om forsking på norrøne emne i ei eller anna form, er heller ikkje talt med her. Dette kan sjølv sagt diskuterast. Det ville i alle fall ikkje gi store skilnader i sidetal om det vert gjort på den eine eller den andre måten. Bokmeldingar er òg haldne utanfor dette sidetalsoversynet. Meldingar vil bli tekne opp for seg, så dei vil vi komma attende til nedanfor. Folkeminne er det heller ikkje alltid like greitt å avgrensa mot andre disiplinar. Det inneber her at t.d. artiklar med emne frå etnologi og etnografi m.v. kjem bort i talmaterialet, men i den store samanhengen bør heller ikkje dét ha så mykje å seia. Til og med avgrensinga mellom det vi her har kalla norrøne studiar og folkeminne kan stundom vera ugrei. Eit godt døme på dét kan artikkelen “Lægerådene i den eldre Edda” av Ingjald Reichborn-Kjennerud vera i MM 1923, s. 1–57. I oversynet her er han rekna saman med Reichborn-Kjenneruds andre artiklar med folkeminnestoff. Men, som ein lett ser, kunne det òg ha vore gjort annleis.

I tillegg til dei to nemnde grovsorterte kategoriane av historisk orientert artikkelststoff er runologi skilt ut som ei eiga gruppe. Denne kunne i og for seg godt vore rekna saman med det vi har kalla norrøne studiar her. Runologi er likevel eit litt spesielt fagområde, som stundom vil falla utanom det vi kan kalla norrøne studiar, same kor vidt vi definerer dét omgrepet. Ettersom det i desse tider har vore tale om å starta eit eige tidsskrift for studiar i runologi, kan det om ikkje anna så av fagpolitiske grunnar vera av ei viss interesse å sjå kva plass slike studiar har hatt i MM gjennom desse hundre åra.

Om vi då deler hundreårsperioden med MM frå 1909 til og med 2008 i bolkar på om lag ti år kvar, vil vi med alle dei etterhald som er tekne ovanfor, få følgjande tal for omfanget av ‘våre’ tre fagområde når det gjeld spørsmålet om kor stor del av tidsskriftet som har vore fylt med stoff frå desse.

**Tabell 1:** Totalt sidetal for tidsskriftet og for norrønt, folkeminne og runologi i tiårsperiodar frå 1909 til 2008. Merk at 1949 og 1950 var slegne saman til *ein* årgang:

Tid	09–19	20–29	30–39	40–49	51–59	60–69	70–79	80–89	90–99	00–08
I alt	2561	1855	1731	1662	1605	1781	2010	2395	2139	2054
Norr.	593	202	411	390	523	586	458	677	537	373
Folkem.	568	265	323	271	57	137	70	32	35	22
Runol.	12	2	10	22	51	51	4	184	133	89

**Tabell 2:** Prosentvis fordeling av stoffet i tiårsperiodane frå Tabell1:

Tid	09–19	20–29	30–39	40–49	51–59	60–69	70–79	80–89	90–99	00–08
N. %	23.2	10.8	23.7	23.4	32.6	32.9	22.7	28.3	25.1	18.2
F %	22.2	14.3	18.7	16.3	3.6	7.7	3.5	1.3	1.6	1.1
R %	0.5	0.1	0.6	1.3	3.2	2.7	0.2	7.7	6.2	4.3

**Tabell 3:** Fordeling av stoffet for heile hundreårsperioden i samla sidetal og prosentvis fordeling:

1909–2008	Sidetal i alt:	Norrønt:	Folkeminne:	Runologi:
Sum	19973	4750	1760	558
%	100	24.0	8.9	2.8

Slike tabellar skal altså ikkje takast for anna enn det dei er: Eit heller grovmaska uttrykk for den plass dei emne det her gjeld, har hatt i MM frå første nummer og om lag til denne dag. Vi skal difor vera litt etterhaldne med å dra for bastante slutningar om prioritering av stoff på grunnlag av dette talmaterialet. I staden for prioritering av stoff skulle vi elles kanskje heller seia tilgang på stoff opp gjennom åra. Det er ikkje di mindre råd å skimta konturar av eit mønster: Det vi her har kalla norrøne studiar i vid forstand, synest med mindre avvik gjennomgåande å ha utgjort i underkant av ein fjerde del av det sidetal tidsskriftet har hatt til rådvelde i hundreårsperioden frå 1909 av. Det inneber at vektlegginga av dette stoffområdet har vore relativt stabilt, og det må såleis kunna seiast å ha stått som ein hovudpilar i tidsskriftets fag-

lege profil gjennom heile hundreårsperioden. Vi ser at 1950- og 1960-åra skil seg litt ut med eit noko større innslag av dette slags stoff, då innpå ein tredjedel av disponibel plass var nyitta til artiklar om emne som er aktuelle i den samanhengen. Motsett skil 1920-åra seg ut med berre kring ein tiandedel. Det er heilt sikkert fleire grunnar til denne variasjonen. Skifte av redaktør(ar) f.o.m. årgang 1951 kan t.d. vera noko av grunnen til auken dei to følgjande tiåra. Men det vert nok for enkelt å ty til dét som ei forklaring, både i høve til endringar ein kan sjå ved dette og ved seinare redaktørskifte.<sup>1</sup> Det er snarare tale om refleksar frå meir allmenne variasjonar i fagleg orientering både nasjonalt og internasjonalt. Men ikkje eingong ein detaljert gjennomgang av einskildartiklar prenta i desse og andre tiårsperiodar, vil kunna gi bindande svar på slike spørsmål, og det ville i alle fall føra for langt å gå i stor breidd inn på slikt i nett denne samanhengen.

Fordelinga av artiklar med emne frå feltet folkeminne i vid forstand viser eit heilt anna mønster enn det som gjeld det norrøne. I tiåra opp til 1950 har innslaget av artiklar om folkeminne i ei eller anna form altså om lag same omfang som det norrøne – i første del av perioden litt meir, i siste del litt mindre. Frå og med 1951 og framover er det derimot eit heilt tydeleg brot med det mønsteret, og innslaget med artiklar frå dette stoffområdet sørkk med få unnatak til eit minimum, jamvel om det ikkje kjem heilt bort innom nokon av tiårsbolkane frå 1950-talet av. Vi kan igjen berre spekulera på om dette markerte skiftet i den faglege innhaldsprofilen for tidsskriftet har med redaktørskiftet frå 1949–50- til 1951-årgangen å gjera eller ei. I heile Magnus Olsens tid som redaktør var altså artiklar om folkeminne ein tydeleg og relativt konstant del av stoff-tilgangen i MM. Etter hans tid vert det mykje mindre synleg. Dette kan ha å gjera med at folkloristikk og etnologi etter kvart fekk sine eigne tidskrift her til lands, og det *kan* ha teke ein del av stofftilfang som elles ville ha vorte publisert i MM (sjå òg Lundeby 2002, s. 33). Heller ikkje dette kan vi anna enn å spekulera over. I alle fall må det vera rett å seia at det etter hundre år ikkje lenger først og fremst er i MM at vi ventar å finna vitskaplege artiklar om “folkedigting og folkemusik”, “folketro og folkemedicin”.

Runologi som vitskapleg disiplin kan ikkje seiast å ha hatt nokon stor plass i MM – jamvel om det har vore artiklar om runer innom alle tiårsperiodane i løpet av dei hundre åra som no er omme. Allereie i første årgang var det to små artiklar å finna (“Smaastykker” som dei den gong vart kalla) der det då nyfunne brynet frå Straum på Hitra vart presentert av Magnus Olsen, men utan forsøk på språkleg tolking. Denne la han fram annanstads noko seinare, i 1917 (Olsen 1917, s. 677–710). Det var først etter 1980 at innslaget med runologiske artiklar vart ein godt synleg del av stofftilfanget – ikkje minst ved fleire omfattande artiklar av Ottar Grønvik, og ved at opposisjonsinnlegg frå doktordisputasar også om runologiske emne frå no av jamleg vart tekne inn i MM. Ein grunn til at runologi som vitskapleg disiplin var så lite markert i åra fram til 1950, kan nok vera at dette fagområdet i ein stor del av den perioden, frå og med 1928, først og fremst hadde *Norsk tidsskrift for sprogvitenskap* som sitt forum, både i Noreg og der MM elles hadde sitt nedslagsfelt.

Fordelinga av bokmeldingar kan òg vera med å teikna ein fagleg profil av eit tidsskrift som MM. Her må vi truleg rekna med ein meir styrt tilgang på artiklar enn det som elles har vore tilfellet, ettersom redaksjonen til ei kvar tid sikkert nok i høg grad både har valt seg ut bøker til melding og meldarar til å gi sine faglege vurderingar. Som eigen innhaldskategori var bokmeldingar lenge ein lite merkande del av stoffet i MM, og første melding er å finna i 1913-årgangen, der Magnus Olsen gir ein kort omtale av det då nystarta tidsskriftet *Nann och Bygd*. Frå og med 1914-årgangen vart meldingar så skilde ut som stofftilfang for seg (“Anmeldelser”). Fram til 1950 vart det ikkje teke inn meir enn 57 slike “anmeldelser”. Det kunne variera frå ein til fem pr. årgang – stundom ingen. Frå 1950 av har derimot meldingar med eit par unnatak vore faste innslag i alle årgangar av MM. Berre i 1954- og 1975-årgangen manglar bokmeldingar, i den først nemnde av desse sikkert nok fordi årgangen samstundes var festskrift til Didrik Arup Seip, og genren festskrift plar ikkje å ha med reine bokmeldingar. Det må elles føystast til i denne samanhengen at meldingar i form av faglege debattartiklar så som opposisjonsinnlegg frå doktordisputasar o.a. er haldne utanom oversynet her. Eit godt og tidleg døme på artiklar av det slaget er å finna i årgang 1922, s. 113–36, der Didrik Arup Seips opposisjonsinnlegg ved Ragnvald Iversens disputas 6. oktober 1921 er prenta. Avhandlinga var det kjende referanseverket *Bokmål og talemål i Norge 1560–1630*. Eit anna svært representativt døme er å finna i Trygve Knudsens debattinnlegg om Didrik Arup Seips *Norsk språkhistorie til omkring 1370* (1931) i årgang 1936 (s. 177–209). I reine tal fordeler stoff merkt ut som bokmeldingar seg i alle fall som følgjer i MM – tala gjeld meldingsartiklar, ikkje melde bøker:

**Tabell 4:** Relativ fordeling av meldingar av bøker om norrøne studiar, folkeminne og runologi.

	Før 1950	Etter 1950
Meldingar i alt	57 ( 100%)	213 ( 100%)
Norrøne emne	6 (10.5%)	68 (31.9%)
Folkeminne	19 (33.3%)	18 ( 8.5%)
Runologi	1 ( 1.8%)	7 ( 3.3%)

Dette taloversynet stadfester langt på veg dei to hovudtendensane vi kan lesa ut av emnefordelinga i artikkelstoffet elles: For det første at det vi har kalla norrøne studiar i vid forstand, etter 1950 har utgjort ein svært tydeleg del av det stoff som har vore å finna i MM. I tida før 1950 gir bokmeldingane ikkje i same grad inntrykk av at nett denne typen stoff har vore prioritert. I denne tidsbolken synest elles bokmeldingar altså å ha hatt ein meir tilfelleleg plass i tidsskriftet enn dei etter kvart kom til å få. For det andre viser tala for bokmeldingar om folkeminne etc. ei like klår vektlegging av dette stofftilfanget som det artikkeltifanget elles viser i perioden fram til 1950. Det vil seia at studiar i folkeminne i vid forstand kanskje var det stofftilfanget redaksjonen, eller vel helst redaktøren, frå først av tydelegast la vekt på å

få publisert. At dette har endra seg etter 1950, vert altså understreka når vi ser på talet bokmeldingar som er tekne inn med slikt stoff frå då av. Når det gjeld runologi er det jo ikkje tale om så mange meldingar i det heile. Det er ein disiplin der det ikkje kjem så mange bøker over tid, men ein liten auke av meldingar mot slutten av den andre av dei to periodane ovanfor samsvarar godt med det inntrykket vi får av den plassen runologien elles har hatt i MM.

Samla sett stemmer det føregående oversynet over artiklar om norrøne studiar og folkeminne godt med stikkprøver Einar Lundeby (2002, s. 33) har gjort for periodane 1909–21 og 1986–2000. I oppteljinga til Lundeby har folkeminne i vid forstand 31% av stoffet i den første av desse periodane og 5% i den andre. Norrønt språk og norrøn kultur har 18% i den første og 35% i den andre. Jamvel om desse prosenttala ikkje let seg samanlikna direkte, viser dei same hovudtendens i fordelinga av stoffet som den vi har sett i oversyna ovanfor.

Er det då mogleg å seia noko om kva posisjon det har hatt i den vitskaplege verda, stoffet vi her har prøvd å skilja ut? Det er nok ikkje så liketil å finna fram til gyldige mål på dét. Vi må gå ut frå at det meste på sitt vis og i varierande grad i løpet av desse hundre åra har vore med og drege sine strå til lasset i det vi kan kalla den vitskaplege diskursen på alle dei områda vi her har valt oss ut. Men det treng likevel ikkje vera samsvar med det dei ulike arbeid har hatt å seia i den samtidia då dei vart utgjevne og det stoff frå MM har hatt å seia på lengre sikt, eller over tid.

Om vi prøver å stilla oss opp så nokolunde i vår eiga samtid, kan vi kanskje få ei aning av kva MM har å seia no for dei som arbeider med t.d. norrøne studiar i vid forstand. Tre meir eller mindre tilfelleleg valde relativt nyleg utgjevne bøker frå nokså ulike sider ved dette emneområdet vil truleg kunna seia oss noko om stoda: Dillmann (2006), O.E. Haugen (2007) og Þorleifur Hauksson (ed. 2007) kan i denne samanhengen representera tre ganske ulike innfallsvinklar og stoffområde. Det er alle internasjonalt utgjevne arbeid. Dillmann (2006) er ein omfattande monografi over islandsk magi i norrøn tid (sjå tittel i boklista), Haugen (2007) er ein tyskspråkleg versjon av ei handbok i norrøn filologi til vitskapleg bruk, først og fremst for studentar. Þorleifur Hauksson (ed. 2007) er ei vitskapleg utgåve av ein sagatekst (*Sverris saga*). Desse verka har alle – om enn i noko varierande monn – referansar til arbeid utgjevne i MM. Det er ikkje viktig i ein samanheng som denne kor stor del av litteraturtilvisingane samla sett som er henta frå dette tidsskriftet. Eit teljekantoppsett med vekt på kvantitet vil i så måte ikkje vera meir interessant enn teljekantar i andre samanhengar.

Men i alle fall: I dei tre nemnde verka har Dillmann (2006) i sin svært fyldige bibliografi tilvising til 18 ulike forfattarar og 25 arbeid frå 21 årgangar av MM – frå 1916 til 2003. I Haugen (2007) er det vist til ni ulike forfattarar og ti arbeid frå ti årgangar mellom 1942 og 2004. Þorleifur Hauksson (ed. 2007) viser til fem forfattarar, fem arbeid i fem årgangar frå 1964 til 1991.

Ei slik oppteljing i tre tilfelleleg valde vitskaplege verk med relevante emne i denne samanhengen seier oss sjølv sagt ikkje så mykje meir enn at MM med si his-

torie stendig er aktuelt og er med og yter sitt til det vi ovanfor har kalla den vitskaplege diskursen. Men ei slik lita stikkprøve må likevel kunna takast som eit gyldig uttrykk for at tidsskriftet har hatt noko substansielt å by på opp gjennom åra, både med omsyn til fagleg breidde og fagleg kvalitet.

Tilsvarande stikkprøver kunne nok gjerast på utvalde punkt opp gjennom desse hundre åra med MM. Det skal vi likevel ikkje gjera her, for det vil lett gi eit falskt inntrykk av at det ved eit slikt talmateriale er mogleg å gi nokolunde sikre mål på kva artiklar i tidsskriftet har hatt å seia til ulike tider. Det at det stendig er bruk for å visa til arbeid publiserte i MM, er i seg sjølv eit tydeleg nok uttrykk for at tidsskriftet både har, og i sin første hundreårsperiode har hatt, ein solid fagleg posisjon.

Vi kunne likevel drista oss til å spørja om det er publisert studiar i MM som har vorte ståande som udiskutable referansearbeid innom det stoffområdet vi har sirkla oss inn på i dette oversynet. Svar på eit slikt spørsmål vil nokså sikkert bli subjektivt farga av dei faglege interessene til den eller dei som svarar. Noka meiningsmåling i den retning vil det ikkje vera rom for her, og særleg mykje vil noko slikt heller ikkje gi. Det som kan seiast på nokolunde nøytralt grunnlag, er at fleire sentrale aktørar både innom norrøne studiar og folkeminnegranskning har publisert ein ikkje uvesentleg del av sin vitskaplege produksjon i MM. Det gjeld framfor alt redaktøren gjennom alle år fram til 1950, Magnus Olsen. Vi skal komma litt attende til han. Også granskurar som Hjalmar Falk, Anne Holtsmark og Didrik Arup Seip nyttar i høg grad MM som kanal for publisering av resultat frå sine studiar, i nokon monn kan det same òg seiast om t. d. Bjarne Fidjestøl og Alfred Jakobsen (sjå òg Lundeby (2002, s. 32). Ein-skildstudiar av desse er det såleis stendig referert til i seinare vitskaplege arbeid. I ein slik resepsjonssamanheng må det vel vidare vera rett å seia at Seip på eit vis står i ei særstilling ettersom referansar til hans arbeid svært ofte er av polemisk art.

Innom folkeminnegranskingsa er det vel først og fremst Knut Liestøl, Reidar Th. Christiansen, Ingjald Reichborn Kjennerud og i nokon grad Ronald Grambo som har ein liknande posisjon med omsyn til det å ha nyttat MM til å formidla resultat frå si forsking. Reichborn-Kjenneruds serie med artiklar om “Gamle sykdomsnavn” i seks årgangar frå 1924 til 1942 er t.d. eit fint døme på fagleg kontinuitet og konsentrasjon om eitt og same tema innom dette stoffområdet i tidsskriftet.

Men utan på nokon måte å setja andre arbeid til sides, er eg overtydd om at det er *ein* studie som skil seg klårt ut av det som er publisert i MM innom dei fagområde dette oversynet er meint å dekkja. Det er eit arbeid alle som har skrive om eddardiktet *Skírnismál* fram til denne dag, ikkje berre har måttu visa til, men også ta fagleg stilling til – nemleg Magnus Olsens artikkel “Frå gammelnorsk myte og kultus” i første årgang av tidsskriftet (1909, s. 17–37). Dette arbeidet var for det første med på å setja ein standard for det nystartate tidsskriftet – og det skulle altså visa seg å bli eit referansearbeid for all seinare forsking på *Skírnismál*, både i litteraturhistorisk og religionshistorisk samanheng. Dette gjeld anten Magnus Olsens tolking har vore akseptert eller ei. Eit sok på Google synest å støtta oppfatninga av at det nemnde arbeidet av Magnus Olsen framleis er relevant, både i nasjonal og internasjonal for-

sking dei siste to-tre tiåra. På eit såpass avgrensa område som det her er tale om, viser då Google til 14 avhandlingar med referanse til dette arbeidet frå 1909. Talet i seg sjølv seier også her lite og ingenting, men det er likevel med og understrekar at arbeidet framleis er sett på som viktig i internasjonal forsking.

Når det så gjeld dei emne som her summarisk er omtala, og spørsmålet om kva posisjon dette stoffet har hatt hjå den ålment interesserte leser av MM, kan vi vel stort sett berre gissa. Jamvel eit fullstendig oversyn over fordelinga av tingarar av tidsskriftet ville ikkje kunna gi oss svar på dét. Det er sikkert nok så at det frå redaksjonelt hald har vore lagt vekt på at artiklane skal “være almenfattelige og læselige” – også når det gjeld det stoff vi er opptekne av her. Forfattaren av herverande oversyn har såleis sjølv opplevd å få påtale frå ein redaktør av MM for det denne meinte var uturvande bruk av fagterminologi, og det kunne det vel saktens vera grunn til, sett frå ein slik synsvinkel. Men det synest ikkje generelt sett å ha vore drive nokon streng kustus i så måte opp gjennom åra. Det må såleis vera rett å kalla MM for i hovudsak å ha vore eit vitskapleg tidsskrift. Ein liten konsesjon til den opplyste ålmenta kan det kanskje ha vore at også stoff frå det området dette oversynet dekkjer, i nokon grad har vore lagt fram av det vi kunne kalla amatørar i eigentleg og god forstand av ordet. Det vil seja artiklar av sjølvlaerte som ikkje har arbeidd med slike emne i yrkessamanheng, men harhatt det som ein slags avansert fritidssyssel. Noka kvantifisering av slike innslag trengst likevel ikkje for å peika på at også slikt har vore ein del av tidsskriftets hundreårige historie.

## Note

- <sup>1</sup> Sidan redaktørskiftet i 1951 har tidsskriftet hatt to redaktørar – ein med norrønt som fagfelt og ein med nyare norsk språk. Det er med og understrekar at den kronologiske todelinga i stofftilfang som vi har sett ovanfor, har vore sedd på som viktig av utgjevarane.

## Litteratur

- Dillmann, François-Xavier. 2006. *Les magiciens dans l’Islande ancienne. Études sur la représentation de la magie islandaise et ses agents dans les sources littéraires norroises*. Acta Academiae Regiae Gustavi Adolphi XVII. Uppsala.
- Lundeby, Einar. 2002. *Bymålslaget og Maal og Minne. Et 100-års jubileum*. I serien Bymålslaget skrifter. Oslo.
- Haugen, Odd Einar. 2007. *Altnordische Philologie. Norwegen und Island*. De Gruyter Lexikon. Berlin – New York.
- Olsen, Magnus. 1917. *Norges Indskrifter med de ældre Runer II*, Andet Halvbind. Christiania.
- Porleifur Hauksson. 2007. *Sverris saga*. Íslenzk fornrit, vol. XXX. Reykjavík.

Jan Ragnar Hagland  
NTNU  
Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap  
7491 Trondheim  
jan.ragnar.hagland@hf.ntnu.no

# Maal og Minne i hundre år

## Om nyere språk, språkhistorie m.m.

Av Svein Lie

### 1 Innledning

*Maal og Minne*<sup>1</sup> (heretter MM) er altså hundre år i år, og vi skal i denne artikkelen se på hva som har fylt dette tidsskriftet gjennom disse årene. Denne artikkelen slutter seg tett til artikkelen av Jan Ragnar Hagland i dette heftet, som først og fremst behandler artikler om norrønt, runologi og folkeminne i MM, og vi skal derfor her ta for oss andre fagområder, og det vil i hovedsak si moderne og nyere norsk og språkhistorie. Hagland skriver også noe om MM generelt, og det vil derfor ikke bli gjentatt her.

De viktigste kildene for dette arbeidet er naturlig nok de enkelte numrene av tidskriftet, men også de to registrene som er gitt ut, i 1961 (for årgangene 1909–60) og 1986 (for 1962–85). Registrene er ordnet både alfabetisk (etter forfatternavn) og tematisk (etter fagområder), og det som omtales her, er da det som faller inn under hovedområdet “Språkforskning – språkhistorie” i registrene. – En viktig kilde til MMs historie er også Lundby (2002).

I tidsskriftet er det de vitenskapelige artiklene som utgjør det meste av sidetallet, og det er først og fremst de som blir omtalt her. Men det finnes også annet stoff, ikke minst bokmeldinger, som begynte å komme i 1913/14, og som spesielt i seinere år er blitt en større del av stoffet, slik at de i enkelte hefter utgjør mer enn 50 % av sidetallet. Bokmeldinger er ikke tatt med i omtalen her.

### 2 Statistikk

Vi skal her se på hvordan artiklene i MM og som handler om “Språkforskning – språkhistorie”, fordeler seg i de enkelte tiårene. Kategoriene følger her i hovedsak inndelinga i registerbindene, men syntaks og morfologi er regnet hver for seg. Antall sider totalt i hvert tiår er tatt fra Hagland.

Tabell 1: Totalt sidetall for tidsskriftet og for artikler fordelt på noen viktige fagområder. Disputaser og bokmeldinger er ikke tatt med i tallene for fagområdene.<sup>2</sup>

	1909–19	20–29	30–39	40–49	51–59	60–59	70–79	80–89	90–99	00–08
Totalt	2561	1855	1731	1662	1605	1781	2010	2395	2139	2054
Språkhistorie	173	159	299	49	128	108	60	200	170	51
Navn	196	293	73	398	99	70	140	93	130	106
Dialekter	196	110	179	162	144	47	35	60	64	104
Fonologi – grafonomi	31	22	55	92	63	81	122	145	28	64
Syntaks		13	16	23	29	68	321	132	149	58
Morfologi	9	54		9	31	7	48	62	122	268

Tabell 2: Som tabell 1, men stoffmengde angitt i prosent.

	1909–19	20–29	30–39	40–49	51–59	60–59	70–79	80–89	90–99	00–08
Totalt	2561	1855	1731	1662	1605	1781	2010	2395	2139	2054
Språkhistorie	6,8	8,6	17,3	2,9	8,0	6,1	3,0	8,4	7,9	2,5
Navn	7,7	15,8	4,2	23,9	6,2	3,9	7,0	3,9	6,1	5,2
Dialekter	7,7	5,9	10,3	9,7	9,0	2,6	1,7	2,5	3,0	5,1
Fonologi – grafonomi	1,2	1,2	3,2	5,5	3,9	4,5	6,1	6,1	1,3	3,1
Syntaks	0,0	0,7	0,9	1,4	1,8	3,8	16,0	5,5	7,0	2,8
Morfologi	0,4	2,9	0,0	0,5	1,9	0,4	2,4	2,6	5,7	13,1

Disse tallene må tas med mange klyper salt. Det er ikke alltid lett å si hvilken kategori en artikkel skal plasseres i, for den kan dreie seg om et tema som dekker to områder (f.eks. morfologi og dialektologi), og artikkelen er da plassert etter skjønn. For litt lengre artikler er noen ganger sidetallet delt på to kategorier. Mange artikler dekker over flere områder og er derfor ikke tatt med, og andre igjen handler om emner som ikke helt passer inn i dette mønsteret, og de er da også holdt utenfor her. Tallene blir derfor noe subjektive. Det er da også en av grunnene til at Lundeby (2002) får litt andre prosenttall, men en annen er også det at Lundeby teller artikler, og her er det telt sider.<sup>3</sup>

Hagland viser i sin artikkel at de disciplinene han tar for seg (norrønt, runologi, folkeminne), utgjør en stor del av tidsskriftet gjennom hele tida, men mest før 1970, for i alle tiårene fram til da, unntatt 1920–29, utgjør disse disciplinene rundt 40 % av sidetallet eller mer. Det betyr at “våre” discipliner i sum er sterkere representert etter 1970 enn før.

Når det ellers gjelder fordelinga av stoff på fagområdene, så ser vi et visst mønster. Vi ser f.eks. at de tradisjonelle disciplinene språkhistorie (her inkludert etymologi), navn og dialektologi har en ganske sterkt stilling gjennom hele perioden. Dette gjelder nok i størst grad språkhistoria, som nok har gått noe opp og ned, men gjennomgående har hatt en sterkt stilling hele tida. Ellers ser vi nok den tydeligste endringa fra den første tida og fram til i dag ved syntaks og morfologi, som var sjeldne emner de første tiårene, men som etter hvert er stadig bedre representert, syntaks ikke minst fra 1970-tallet og morfologi især fra 1990-tallet.

### 3 De enkelte fagområdene

Språkhistorie har som nevnt stått relativt sterkt gjennom hele perioden. Det sentrale navnet på dette feltet er Didrik Arup Seip. Hans første artikkel er fra 1912 (om svarabhaktivokal i Åseral-mål), og den siste kommer i 1960, og en stor del av artiklene hans dreier seg om språkhistorie, fra de tidligste tider og fram til 1900-tallet. Noen ganger drøftes forhold som er knyttet til aktuelle diskusjoner om normeringa av norsk, som når Seip skriver om infinitiv i østnorsk i 1938 eller formene *vei/veg* i 1955. Også seinere finner vi artikler som handler om forhold som det er språkpolitisk strid om. Et slikt felt er purisme, som er gjenstand for artikler av bl.a. Kjell Venås (1988), Valerij P. Berkov (1992), Lars S. Vikør (1990), Endre Brunstad (2003, disputas), Stephen Walton (2003, opposisjonsinnlegg), Geirr Wiggen (2003). Reine debattinnlegg i språkstriden finner vi likevel ikke, med et mulig unntak i en liten artikkel av Edvard Lehmann i 1914. Men omdiskuterte fenomener som sammorsk har vært gjenstand for artikler av bl.a. Kjell Ivar Vannebo (1979) og Kjell Venås (1993).

I sidetallene for språkhistorie er det også tatt med etymologi, som vi finner litt av nå og da, mest den første perioden, med artikler av Alf Torp og andre. Et nytt underområde under språkhistorie dukker opp i 1994, når Kjell Ivar Vannebo skriver om lese- og skriveferdighet i middelalderen, og som Dagrun Skjelbred følger opp i 2000 når hun drøfter hvordan lærerstudenter skrev på 1800-tallet.

Navnegransking stod nok aller sterkest de første tiårene, men er godt represertert også i seinere år. Statistikken viser en topp på 40-tallet, men det må da også tas med at Per Hovda fylte et helt hefte (116 s.) i 1944 (*Stadnamn frå sjøen i Austre-Ryfylke*). En rekke navn på ulike slags lokaliteter landet rundt er drøftet i en mengde artikler, både av kjente og mindre kjente navn.<sup>4</sup> Vi ser også at når det har vært politisk strid om navneformer, har dette også avspeilt seg i MM, ikke minst i 1929, da det ble trykt fire artikler om bynavnet *Trondhjem*, altså like før bynavnet ble endret, først til *Nidaros* og så til *Trondheim*.

Stedsnavn er det som er mest omtalt i MM, men allerede fra den første tida finner vi artikler om personnavn, den første i 1910, der Roar Tank tar for seg personnavn i Bergen og Stavanger og drøfter bl.a. oppkalling, altså hvordan og i hvor stor grad barn får navn etter slektninger. En grundig studie fra midten av århundret er Eyvind Fjeld Halvorsens artikkel om personnavn på Ringerike (1955).

Ellers er det ikke bare navn på steder og personer i streng forstand som er tema, men vi finner også artikler om navn på dyr (ku, geit, hest og (Mikkel) rev!), skip, om gudenavn (Ullr, Baldr o.a.) og om navn fra eventyr og folkeminne (Askepott, Mumle Gåsegg, Per Gynt mfl.).

Dialektologien har vært representert gjennom hele perioden, og fram til i dag. Sterkest stod nok dette feltet de første tiårene, men etter en nedgangsperiode på slutten av 1900-tallet har vi fått et oppsving etter årtusenskiftet. I den eldre perioden var det en god del klassiske beskrivelser av enkeltialekter, ofte med diakront perspek-

tiv, og det var ofte tale om spesielle forhold i en dialekt, som den aller første, Jørgen Reitans artikkel i 1910 om betoningsforholdene i Stadsbygd, Leiv Heggstads artikkel om syntaksen i setesdalsmål 1916, Mikkel Sørlies om konjunktiv i Valdresmålet i 1928, – eller for å gjøre et langt sprang – Einar Haugens artikkel om “tvætoppet vokal” i oppdalsmål fra 1954.

Et viktig tema i dialektologien er også hvordan norske dialekter skal deles inn, og om det kom det en viktig artikkel i 1954, da Hallfrid Christiansen lanserte en annen inndeling av norske dialekter enn den vanlige todelinga i østnorsk og vestnorsk, for hun hevder der at en firedeeling gir et sannere bilde av forskjeller og likheter. Samme tema, men fra et annet perspektiv, tas opp i artikkelen av Knut Fintoft og Per Egil Mjaavatn om tonelagskurver som målmerker fra 1980.

I dag er gjerne sosiolingvistiske perspektiver de dominerende når talemål skal beskrives. Men vi finner slike perspektiver også tidligere. For det har også ligget sosiolingvistiske perspektiver innbakt i flere tradisjonelle målførebeskivelser, og i en artikkel fra 1917 introduserer Amund B. Larsen begrepet naboopposisjon – ønsket hos språkbrukerne om å skille seg språklig fra naboen – for å forklare språkutvikling, og dette er blitt stående som et viktig begrep i forståelse av dialektutvikling.

Og sjøl om de tradisjonelle bygdedialektene var det som opptok språkfolk mest på den tida da MM ble grunnlagt, er bildet mer nyansert enn som så. For bymål er tidlig omtalt i MM – allerede i 1915 gir Ivar Hoel en grundig beskrivelse av Kristiansunds-mål, i 1916 har Alfred Jensen en bredt anlagt artikkel om dagligheten i Kristiania, og etter hvert kommer flere bymål til, bl.a. Arendal bymål ved Fridtjof Voss (1940). I de tidligere artiklene er det liten vekt på variasjonen i bymålet, sjøl om Hoel skriver litt om det såkalte ”mellemproget” i Kristiansund, men etter midten av århundret blir dette et viktig tema, ikke minst forskjellen på en såkalt finere og mer folkelig bydialekt, her i MM bl.a. i Helge Omdals beskrivelse av språkforholdene i Stavanger (1967). En tidlig studie av varianter i en bydialekt, bygd på moderne statistiske metoder, er Odd Nordlands undersøkelse av språkbruken i to Oslo-skoler, i hhv. øst og vest (1954).

Vi ser altså at sosiolingvistiske perspektiver etter hvert kommer sterkere fram i nyere tid. Og mer sosiolingvistikk får vi i et par artikler som tøyer grensene for nordisk språk når Olaf Broch i 1927 og 1930 introduserer russenorisk, et språk som ble brukt til kommunikasjon når russere og nordmenn møttes på Nordkalotten, fram til den russiske revolusjonen satte en stopper for kontakten. Språkformer som ligger i utkanten av eller utover det vi regner som norsk, er også omtalt i flere artikler på 40-tallet, av Øivin Ribsskog (1941) om ”Sjargong, forbryterspråk og romanī”, Kristian Røstvig om ”Særmål og trollmål” (1944), hvor også ”slegemål” (slang) er omtalt, Helge Refsum (1945) om ”Tatermål i Norge” og Ragnvald Iversen (1947) om ”romani og rodi i Norge”.

Om vi så beveger oss over til grammatikken, så finner vi at de tidligste artiklene om syntaks gjelder dialekter, noen om forholdene i en dialekt, andre om noe som

forekommer i flere dialekter. En av de tidligste i den siste kategorien er Knut Kopperstads drøfting av pronomenet *han* (*hann*) ved upersonlige verb i norske dialekter (1920). Den første reint teoretiske drøftinga av norsk syntaks finner vi i en artikkel av Olav Næs i 1933, som dreier seg om syntaksanalyse generelt (med tilsvarende fra Western året etter). Og Næs er sentral også i fortsettelsen, først i en ny artikkel fra 1949, men indirekte ikke minst i den artikkelen som Jostein Gussgard skrev 1967 om Næs' store grammatikk (fra 1965), og som ble mye sitert og brukt seinere av norske syntaktikere. Etter hvert øker antallet artikler, og av de mest produktive i tida etter 1970 var Kjell Ivar Vannebo (bl.a. om gjenstandsheter fra 1972), Vigleik Leira og (germanisten) John Ole Askedal.

Det bildet vi her ser i MM, avspeiler den generelle utviklinga i norsk språkvitenskap, med en dreining fra historiske disipliner, herunder også dialektologi, og over til grammatikk og andre moderne disipliner. I nordiskfaget ved universitetene var ikke syntaks noe sentralt emne i grunnutdanninga før på 60-tallet. Og det som ble lest av syntaks før det, var helst historisk syntaks, representert ved Falk & Torp (1900). Men fra 1960-tallet kommer den synkrone syntaksen inn, først i skolegrammatisk tapning, ofte kombinert med Paul Diderichsens feltanalyse, seinere kom også den typen formell grammatikk som ble utviklet av Noam Chomsky, i liten grad i undervisninga, litt mer i artikler i MM. Og vi ser da også en tydelig økning av side-tallet for syntaks på 60-tallet, men enda mer 70-tallet, mens det går noe tilbake igjen de siste tiårene. Og det vi ser mye av på 70-tallet, er ikke minst mange artikler om leddstilling, inspirert av den sterke interessen for feltanalyse. Den chomskyanske grammatikken, i en tidlig fase kalt transformasjonsgrammatikk, seinere helst generativ grammatikk, er det noe av i MM på 70-tallet og framover, men ikke mye. De som skrev om grammatikk innenfor denne modellen, fant gjerne andre publiseringarenaer, og især fra 1983, da *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* (NLT) begynte å komme ut, ble det mer naturlig at slike artikler fant veien dit.

Vi ser også at syntaksandelen i MM synker noe fra 80-tallet og framover. Det skyldes nok ikke bare at vi fikk NLT, men det gjenspeiler nok også en allmenn trend i språkvitenskapen generelt. På 1970-tallet dominerte syntaksen innenfor internasjonal språkforskning, med Chomsky i spissen, og likeså norsk språkforskning, sjøl om det meste som ble skrevet om norsk, fortsatt bygde på mer tradisjonelle teorier. Men etter hvert ble det splittelse i rosenes leir, og det dannet seg også andre grammatiske skoler til tillegg til den chomskyanske. Og andre, til dels nye, disipliner fanget språkforskernes interesse, bl.a. tekstlingvistikk (seinere gjerne kalt diskursanalyse) og pragmatikk. Og i noen grad vendte interessa for de gamle disiplinene tilbake, gjerne med nye metoderedskaper.

Morfologi er det også lite av de første tiårene. Det er nok noe, men ofte sett i et diakront perspektiv, som når D.A. Seip skriver om fastgrodde artikkel i 1919. Og det kan være dialektformer som beskrives, som f.eks. når Gerhard Stoltz tar for seg fuge-e i sammensetninger i bergensk i 1919, og når Jørgen Reitan tar for seg såkalte interjeksjonsverb i norske dialekter. Morfologiske artikler kan enkelte ganger være

knyttet til aktuelle diskusjoner om normeringa av norsk, som når Seip skriver om infinitiv i østnorsk i 1938. Mer teoretiske problemstillinger er det lite av de første tiårene, men noe er det, som Ragnvald Iversens beskrivelse av sammensetninger i dagens norsk fra 1924, og August Westerns artikkel om nominalkomposita i 1929. Og allerede i en artikkel i 1913 finner vi ei drøfting av hva et pronomen er, men denne artikkelen av Johan E. Thaasen er langt eldre, for det er gjenopptrykk fra en artikkel fra 1865.

Men så kommer altså morfologien sterkere etter hvert, i hvert fall gradvis fra tiår til tiår, med en foreløpig topp dette første tiåret i den nye årtusenet. Vi ser dermed også at det innenfor grammatikken er en gradvis forskyvning av interessa fra syntaks til morfologi. Dette er også en gjenspeiling av det internasjonale bildet de siste tiårene. I Chomskys grammatikkmodell fra 1960-tallet var morfologien nærmest borte, oppslukt dels av syntaksen og dels av fonologien. Men den har kommet tilbake både internasjonalt og nasjonalt – og i MM. Og når det gjelder det siste tiåret kan vi se at flere yngre språkforskere har vært mest interessert i morfologi, og de har også beriket MM med en rekke leseverdige artikler innenfor dette feltet. Også *Norsk referansegrammatikk* (NRG) har bidratt noe til det høge sidetallet her, for etter at denne grammatikken kom, ble det noe diskusjon om ordklasseinndelinga der, og noe av den diskusjonen har foregått i MM.

Feltet fonologi har vært emne for artikler gjennom hele perioden, med en topp på 1970- og 80-tallet. Det ligger i sakens natur at fonologiske beskrivelser er knyttet til bestemte dialekter eller geografiske områder, som artikkelen av Reitan som er nevnt tidligere. Et tidlig eksempel er også Ernst W. Selmers artikkel om tonelag i Kristiania (1920), og fra litt seinere (1932) kan vi merke oss Knut Kopperstads lange artikkel (70 s.) om betoning i sammensetninger i sunnmørsmål, en artikkel som utløser to tilsvarende i samme årgang. Også August Western, som vi kjenner best som grammatiker, skriver i 1937 (og 1938) om tonelag i norsk.

Leksikografi er i tabellen ikke egen kategori, men det har vært en mindre strøm av leksikografiske artikler gjennom det meste av perioden, fra 1909, da Hjalmar Falk skrev om faste ord og vendinger, og fram til i dag.<sup>5</sup>

Pragmatikk er en kategori som ikke fantes i den første bibliografien (1961), men som er satt inn i den siste (1986). Og det med god grunn, for det er først på 1970-tallet vi får artikler som kan sies å høre til her. Det er ikke minst Thorstein Fretheim som åpner dette feltet, aller først med artikkelen om demperen *nesten* i 1979.

MM er ikke et litterært tidsskrift, men artikler om skjønnlitterære forfattere fins det likevel allerede fra starten av, i artikler av Catharinus Elling om Petter Dass og folkeliediene (1909), av Hans Eitrem om Wergeland og Ibsen (1910), og av Ragnvald Iversen om bokstavrim hos Petter Dass (1915). Reint litterære artikler finner vi ikke i fortsettelsen – når dikterne omtales, er det helst ut fra et språklig perspektiv. Slik er det når Hans Midbøe skriver om Dass' ortografi (1942), Ingard Hauge om dialektinnslag hos Amalie Skram (1946), Bjarne Berulfsen om språklige særtrekk i to av

Ibsens skuespill (1963 og 1968) og Olaf Øyslebø om Hamsuns “merkverdige at-setninger”. Med de siste eksemplene er vi er nå inne i stilistikken, og den som i Norge åpnet dette feltet mot tekstlingvistikken, var først og fremst Bernt Fossestøl, bl.a. i artikkelen om stil og tekstkonsitusjon fra 1973. Artikler innenfor tekstvitenskap finner vi lite av – det eneste er trolig Øivin Andersens artikkel om fagtekst som sjanger (1992). En artikkel som tar opp stil på en litt annen måte enn den tradisjonelle, er Einar Lundebyss artikkel fra 1995 om intimisering og brutalisering i dagens språk.

#### 4 Debatter, disputaser

Et trekk som ofte forekommer i MM, uavhengig av hva det skrives om, er at samme tema tas opp igjen innen kort tid. Det hender at samme forfatter fortsetter med sitt eget tema, tilsynelatende fordi stoffet er så omfattende at det er delt på flere utgivelser. Det gjelder Olaf Brochs omtale av russenorsk (1927 og 1930), og Torodd Kinn som skriver om avledninger på *-vis* i tre nr. i 2005 og 2007. Men det skjer også ofte at en forfatter i et seinere nummer legger til noe som et tillegg til noe en har skrevet om før, gjerne kalt *Tillegg til ...* eller *Mer om ....* Og enda mer interessant blir det gjerne når flere skriver om samme emne, slik at vi får en meningsutveksling. Didrik Arup Seip og August Western debatterer navnet *Trondhjem/Trondheim/Nidaros* i fire artikler i 1929, og Knut Kopperstads artikkel fra 1932 om betoning ved sammensetninger i sunnmørsk utløser tilsvarende i neste hefte fra A. Trampe Bødtker og Ivar Alnaes. Og Olav Næs’ artikkel om syntaksanalyse i 1933 følges opp av August Western året etter. Fra nyere tid kan vi ta med en disput om morfem null mellom Hans-Olav Enger og Eric Papazian i 1993, -95 og -97, en annen debatt om ordklasser mellom Kristian Emil Kristoffersen, Jan Terje Faarlund og Eric Papazian i 2000 og 2002. Og et stedsnavn en visstnok aldri blir ferdig med, er *Oslo*, som var tema for åtte artikler i perioden 1998–2004. Men den heftigste debatten i MM har nok trolig vært den mellom Ingeborg Hoff og Bjarne Ulvestad i 1962, -66 og -69, da temaet var “opning og lågning” (to termer som har vært mye brukt av dialektologer om diakron endring av vokaler).<sup>6</sup>

Hagland nevner at opposisjonsinnlegg ved disputaser i noen tilfeller har vært trykt som artikler i MM. Fra 1960-tallet finner vi av og til alle innlegg ved disputaser trykt samlet i MM (i 1966 to disputaser), ikke minst på 1980-tallet – fra 1984 til 1987 var det tatt med én disputas hvert år – men også seinere. Temaene gir oss et bilde av hva yngre forskere innen nordisk språk er opptatt av i dag, og slik sett er det neppe helt tilfeldig at de to siste (2006 og 2008) var om sosiolingvistikk – mer tilfeldig var det vel at begge handlet om sognemål.

#### 5 Forfatterne

Artiklene i MM er skrevet av en rekke personer, men noen skriver mer enn andre. Om vi holder oss til de emnene som denne artikkelen handler om, er det Didrik Arup

Seip som er den som har bidratt mest, med i alt mer enn 60 artikler. Andre bidragsytere med mange artikler fra den eldre perioden er Hjalmar Falk (mest ordforklaringer), Ragnvald Iversen (mange emner), Amund B. Larsen (dialektologi), Ingjald Reichborn-Kjennerud (mest sjukdomsnavn), Gerhard Stoltz (ord i bergensk), og vi kan også merke oss flere artikler av Halvdan Koht, som ellers er mest kjent som historiker og politiker (navn, ord og uttrykk). Litt seinere kommer Gustav Indrebø som en flittig bidragsyter (navn) og enda seinere Hallfrid Christiansen (dialekter) og Per Hovda (navn). Fra nyere tid er det nok noen som skriver mer i MM enn andre, men vi kommer da til forskere som ennå er aktive, og dem overlater vi til ettertida å ta for seg.

Noen kjønnsvotering er det vanskelig å finne spor av i MM – tidsskriftet er med få unntak skrevet av menn. Men noen bidrag fra kvinner finner vi likevel, og to kvinner med mange bidrag er Hallfrid Christiansen (dialektologi) og Anne Holtsmark (norrønt), begge med artikler fra 1933 og framover. Seinere er Ingeborg Hoff (dialektologi, fra 1941) en viktig bidragsyter, og andre kvinner kommer til etter hvert, men like fram til vår tid har nok MM vært dominert av innslag fra menn.

De fleste som skriver i MM, er språkfolk med spesialitet i nordisk språk (ev. norrønt eller folkeminne), eller allmennlingvister, ofte ansatt på universiteter og høgskoler, men også i skoleverket. Ikke sjeldent er det bidrag fra de andre nordiske landene, men også nordister med hjemsted utenfor Norden har bidratt, og av disse bør vi her nevne ikke minst norsk-amerikaneren Einar Haugen (artikler fra 1939 til 1980, især fonologi og dialektologi) og russeren Valerij P. Berkov (fra 1970, mest grammatikk). Berkov og svensken Ulf Teleman har fra sine utkikkspunkter utenfor Norge også vært med og gitt nytte og viktige bidrag til synspunkter på den norske språksituasjonen (1985 og 1992).

Men vi ser også at folk med primærkompetanse i andre språk har vært aktive skribenter. Det gjelder bl.a. slavisten Olaf Broch, som ikke bare skriver om russet-norsk, men også om Vestfold-mål, til dels sammen med en annen slavist, Arne Gallis. Gallis skrev på 1980-tallet også artikler om nyere trekk i norsk. Russeren og slavisten Boris Kleiber har også bidratt med norsk-russiske emner, romanisten Leif Sletsjøe skrev i 1959 en ofte sitert artikkel om uttrykkstypen “Dette var deilig kaffe, fru Hansen!”, og fra 1980-tallet har germanisten John Ole Askedal skrevet en mengde artikler om norsk språk, især innenfor området grammatikk.

## 6 Avslutning

I det første nummeret av MM skrev redaktøren om det nye tidsskriftet: “Det vil gjøre krav paa at være et videnskabelig tidsskrift (...). Men paa samme tid skal artiklerne være almenfattelige og læselige.” Dette er et mål som det er all grunn til å mene at tidsskriftet har levd opp til: På det ene sida har artiklene stort sett hatt et høyt faglig nivå, og på den andre sida er de oftest skrevet slik at mange kan lese dem og ha utbytte av dem. Derfor er MM fortsatt et viktig tidsskrift for både lek og lerd. Og det er mitt håp at det vil fortsette slik lenge.

## Noter

- 1 Tidsskriftet ble skrevet *Maal og minne* fram tom. 1/1940, etter det *Maal og Minne*.
- 2 1949–50 var slått sammen til en årgang. – Sidelallet for 1909–19 er høyere enn tiårene etterpå, ikke bare fordi det omfatter en årgang mer, men også fordi 1911-årgangen var på ca. 750 sider. Det var en festskrift til H.F. Feilberg, utgitt av MM i samarbeid med et dansk og et svensk tidskrift – Årgangen 1961 var i sin helhet en innholdsoversikt for 1909–60, og hefte 3–4 1986 tilsvarende for årgangene 1962–85.
- 3 Korte artikler kan åpenbart oppstå av mer eller mindre praktiske hensyn. Vi kan som en kuriositet ta med at i 1946 har redaktøren, Magnus Olsen, på siste side en kort artikkelen om øynavnet *Merdø*, og han begrunner artikkelen med: “Der er en side ledig i årgangen, og jeg vil benytte meg herav til nogen korte bemerkninger om emnet.”
- 4 Mange navneartikler er korte, og derfor får også Lundeby en høyere prosentandel med navneartikler enn om en teller antall sider.
- 5 I bibliografin fra 1961 er ikke leksikografi med som eget område, i den neste er det en undergruppe av morfologi.
- 6 Mer om disputten i Lundeby (2002: 34).

## Litteratur

Lundeby, Einar. 2002. *Bymåslaget og Maal og Minne. Et 100-års jubileum*. I serien Bymåslagets skrifter. Oslo.

Svein Lie

Institutt for lingvistiske og nordiske studier

Universitetet i Oslo

Pb. 1102 Blindern

N-0317 Oslo

svein.lie@iln.uio.no

# Tekstkritikk til *Barlaams saga ok Jósafats*

## Nokre merknader

Av Reidar Astås

*I denne artikkelen vil forfattaren jamføra fire handskrifter av Barlaams saga ok Jósafats, som ligg til grunn for Magnus Rindals tekstutgåve (Rindal 1981), og gje ei nyvurdering av tilhøvet mellom dei. Grunnlaget for studien er Rindal 1981, fotografi av handskriftene, og to utgåver av den latinske hovudkjelda for Barlaams saga ok Jósafats. Tekstmaterialet utgjevaren byggjer på, er komplekst og problemfylt. Somme variantar skaper problem, og stundom må han velja mellom alternativ for å koma vidare på vegen mot ein stemmahypotese,*

*Under bruk av utgåva kan ein stilla seg kritisk til einskilde vurderinger og vegval. Artikkelen samanliknar og drøfter avvik og lesemåtar i eit utval av døme frå handskrifter. Parallelle tekststader er haldne opp mot latintekst den norrøne teksten byggjer på. Einingane er frå mindre, avgrensa tekstrområde, men er jamt over noko vidare i omfang enn dei utgjevaren har funne rom for i innleiinga. I denne studien vert det på dette grunnlaget forsøkt å gjeva ei vurdering av fire handskrifter som tekstvitne. Konklusjonen er at desse handskriftene kan stå kvarandre nærrare enn det utgjevaren hevdar.*

### Innleiing

Før var det vanleg å sjå den gresk-ortodokse kyrkjefaderen Johannes frå Damaskus (ca. 675–748 e. Kr.) som opphavsmann for soga om Barlaam og Josafat. Men funn og nyare gransking har synt noko anna. Soga fann si fyrste form i indisk buddhistisk miljø. Derifrå vart ho spreidd på mange språk til sentrale delar av Asia. Ei omsetjing til det sørkaukasiske språket gamalgeorgisk i eit Georgia med gresk-ortodoks kyrkje opna vegen til Europa. Den georgiske versjonen vart omsett til gresk, og vidare frå gresk til latin to gonger med hundre års mellomrom, sjå Astås 1990 b. Den andre latinske versjonen, frå 1100-talet, vart grunnlag for omsetjingar til mange folkespråk i Europa, mellom dei norrønt. Kring midten av 1200-talet hadde Bergen

serstode som kongeleg residensby. Kongehuset synte interesse for verket, noko som verka med til at det ved denne tida vart ført over til heimleg språk i eit bergensk skriftemiljø knytt til klosterliv.

Med bakgrunn i “contemptus mundi”-toposet, som stod sterkt både innanfor buddhismen og i mellomalderleg kristendom, vart innhaldet i soga ved innskot og brigde tilmåta smak, miljø og ideal hjå nye adressatar. Ramma er ei omvendingssøge på toppen av samfunnet. Josafat, einaste son til kong Avenir av India, gjev seg inn under kristendommen etter påverknad frå einebuaren Barlaam, trass i alle freistnader frå kongen på å hindra noko slikt. Det vert hard kamp mellom far og son for eller mot kristendommen. Men kong Avenir tek ved kristen tru før han dør, og då sonen kjem på trona, vert landet kristna. Deretter gjev Josafat frå seg kongsmakta og lever resten av livet som einebuar.

Bokverket skal syna at sjølv dei sterkeste jordiske makter må gje opp når dei har Gud imot seg. Hovedstrukturen er narrativ, med god forteljekunst. Men store delar av verket er dialogar og resonnement. Stoff frå mange ulike kjeldeskrifter er sett inn, m.a. den eldste kristne apologien, vorten til i fyrste delen av andre hundreåret etter Kristus, sjå Astås 1990 c. Ein del av tekstmaterialet i artikkelen er henta frå den.

## Orientering

Nedanfor er eit utval tekststader samanlikna med kvarandre og haldne saman med latinsk kjeldetekst. Verktittel i overskrifta så vel som handskriftnemningar frå Rindal 1981 er bytte ut med nemningane i ONP *Registre*: 32f. Bruk av små bokstavar til erstatning for katalogsignaturar er i samsvar med Widding/Bekker-Nielsen/Shook 1963: 301f. Berre dei handskriftene det er henta døme frå, er tekne med nedanfor.

Rindal ser hovudhandskriftet *Holm perg 6 fol* (= a) som eit tidleg steg i teksto-verleveringa, på line med *AM 231 VI fol* (= h1) og *AM 233 IV e 8°* (= h2). Fragmenta h1 og h2 femner om to blad og fire pergamentstrimlar, den fjerde er utan tekst. Dette er restar av eit norsk handskrift, som med eitt unntak berre er nemnde som h (jf Rindal 1981: \*36f). Utgjevaren tenkjer seg dei som avskrifter av eit mellomledd som kan ha vore avskrift av den tapte originalen.

Eit steg nedanfor set han *AM 231 V fol* (= g1, heretter g). Eininga er sett opp med onnor avgreining frå originalen (= P) enn a/h. Nedst i stemmahierarkiet plasserer han sogeversjonen i *AM 232 fol 1ra–54rb* (= b) og handskriftet *AM 230 fol* (= c). Desse har kvar sitt tapte handskrift (= U og V) som tenkt førelegg. (1981: \*82) og med fire tapte handskriftgenerasjonar som postulert anerekke.

Handskriftet a av norsk proveniens er hovudtekst i utgåva. Etter den følgjer utfyllingar frå andre handskrifter og fragment. Utgåva femner om tekstmateriale frå i alt 15 ulike vitne. Ein mindre del av soga er heilt tapt.

Tekst frå handskriftet a er lesen etter Rindal 1981 sidene 3–195, frå h etter sidene 237–243. Er berre sidetal og linenummer oppgjeve, gjeld tala alltid Rindal 1981. I

sitata derfrå er tilvisingar til tekstkritisisk apparat utelatne. Tekst frå verso-sidene av h1 og h2 er jamførde med foto i Widding 1963: 40–41. Variantar frå handskriftene b/c/g er lesne etter fotografi i svart/kvitt, utlånte frå Manuskript- og librarsamlingen ved Universitetet i Bergen. Når handskriften c i berre liten grad er med i tekstdøma, er det avdi sams tekst i c og h berre utgjer 12½ line i Rindal 1981 (1232–8, 21–23, 24–29). Latinteksten er lesen etter Lipomanus 1551 og Speyer 1472–73. Der det er avvik mellom utgåvene, er variantane sette i spissparentes med skråstrek mellom, Speyer 1472–73 står sist. Alle avstyttingar i latinteksten er oppløyste utan markering, greske ord er transkriberte i kursiv.

### Handskrifter og utgåvetekst

Rudolf Keyser og Carl Richard Unger var dei første som etablerte ei ordning av handskriftmaterialet for *Barlaams saga ok Jósafats* (1851: XVI–XXII). Om den norrøne versjonen som er lagd til grunn for utgåva, sjå Haugen [1982] 1991 b og Astås 1990a. Ordninga vart til dels underkjend av Kr. Kålund (1888: 187–92, 1894: 82). Widding (1972: 93) reiste på si side tvil om Kålund si reviderte oppdeling av tekstmaterialet kunne stå ved lag på alle punkt.

Widding (1963: 38) har peika på at *Holm perg 6 fol* “desværre ret ofte viser sig at være noget sjusket afskrevet”. Dette treng ikkje vera teikn på at handskriften er eit dårlig tekstvitne. Ein må skilja mellom truskap i tradering av tekst og “afskriverens specielle skrivevaner”. Widding (1963: 42, 45) slår elles fast at dei to norske tekstfragmenta under h “må have bibeholdt læsemåder der kan antages at have tilhørt sagaen i dens ældste skikkelse”. Han ser difor på teksten der som “et meget værdifullt korrektiv” til hovudhandskriften.

Når to handskrifter gjer felles sak med kvarandre, slik at dei står saman mot eit tredje, må dette etter Widding (1963: 38) tyda på eit nærmare slektskap desse handskriftene imellom enn mellom kvart av dei og det tredje. Det kan gjelda samhøyrigskap i lesemåtar, ordformer, ortografi og paleografi, og ikkje minst i attgjeving av omsett kjeldestoff.

Widding (1972: 100) rekna med å koma attende til tekstkritiske spørsmål i soga seinare. Men før dette vart noko av, gav Norsk historisk kjeldeskrift-institutt ved Magnus Rindal i 1981 ut ei ny utgåve av tekstmaterialet.

Rindal set eit skilje mellom norsk og islandsk teksttradisjon, a/h mot b/c, fragmenta under g “syner blanding av norsk og islandsk språk” (1981: \*83). Han finn at “variantmaterialet ikkje gjev grunnlag for å plassera h over a og b, men at h står nærmare a enn b og c” (1981: \*59). Han finn tekstprov for “eit nært forhold mellom h og a” (\*57), og har “ikkje funne noko som gjer det umogleg at h og a kan vere systerhandskrift” (\*58). Også b og c nemner han som systerhandskrifter (\*55, \*57). Han har funne tre “lesemåtar i a og c som isolert sett kunne tyda på eit nært forhold mellom desse to”, men “Det er elles ikkje mykje som talar for noko nært forhold mellom a og c”. Han vel å lata “argumentasjonen stundom byggje på at a og b/c står

fjernt frå kvarandre” (1981: \*56). Utgjevaren (1981: \*83) gjer merksam på at somme variantar innanfor tekstmaterialet strider mot det stemmahierarkiet han etablerer, men finn at ordningsskjemaet han set opp “inneheld færrast motseiingar”.

Haugen (1991 a: 11f) tok i ei melding av verket opp til tekstkritisisk drøfting lesemåtar i h i høve til a og til den latinske teksten, og problematiserte tilhøvet mellom dei. Han seier seg samd med Widding i at h må stå nærmere originalhandskriftet enn a. Haugen (1991 a: 16) peikar på eit tydeleg samsvar mellom norrøn tekst og latin-tekst, og viser gjennom fyldig dokumentasjon at og korleis “den latinske teksta kastar lys over lesemåtane i dei norrøne handskriftene”.

### Tekstdrøfting

Ein del opplysningar som kunne vore til hjelp i vurderinga av tilhøvet mellom tekstvitna, er ikkje inkluderte i utgåva sitt kritiske apparat. Det gjeld avvik med omsyn til utelatingar, tekstsprang og inversjonar, tillegg og ordutbyting.

Som døme kan nemnast: Side 100<sup>30</sup> har a “innan oc uttan”, b 21rb<sup>18</sup> “utan oc innan” og h side 237<sup>7</sup> “uttan ok inan”. Her fylgjer b h i ordstilling *mot* a. I a side 100<sup>31</sup> står “við verða”, b 21rb<sup>20</sup> har “vid verþa”, og h side 237<sup>7</sup> “uerda uit”. Dette er ein stad der a og h står saman *mot* b. I a side 101<sup>18</sup> står “ambunat”, og h side 237<sup>24</sup> har “ambunat”, men i g 1vb<sup>27</sup> står “ambanat”, og i b 21va<sup>3</sup> er ordet bytt ut med “launað”. Side 237<sup>11</sup> har h “i þesso” framfor “i øesco”, men dette vantar i b 21rb<sup>24</sup> og i a side 101<sup>4</sup>. Det finst ikkje noko tilsvarende i Lipomanus 329<sup>27f</sup>, og orda er tydeleg komne inn ved feilskriving. Noko av det som ikkje er med i apparatet, er nytta i innleininga. Sjølv om slike avvik mellom handskrifter ikkje treng å ha så stor tekstkritisisk verdi kvar for seg, kan dei underbyggja, gjera klårare eller svekkja tendensar som alt finst.

Viktigare er samanlikning av utvalde tekststader frå handskriftene, sett på bakgrunn av den latinteksten dei er meinte å vera ei tilmåta attgjeving av. Side 128<sup>23f</sup> har a “er serpentina hevir heitít”, b 30rb<sup>1f</sup> “er proserpina hæfir hæitið” og h side 239<sup>36</sup> “er serpina het”. Latinteksten har her “Persephona” (Lipomanus 335a<sup>22</sup>). Her står a og h saman om verbalform, medan b står for seg sjølv med “het”. I b er den latiniserte forma av det greske gudinnenamnet *Persefone* nytta. Dette tyder på at handskriftet kan ha ført vidare namneforma som var nytta i den tapte norrøne arketypen. Lesemåtane i a og h er etter alt å døma forvanskingar av det latinske adjektivet “serpentinus”. Det var noko nytta i tydinga diabolsk innanfor kyrkjeleg mellom-alderlitteratur (sjå m.a. Blaise 1954).

Ein tekststad med sprik mellom handskrifter finn me side 123<sup>11</sup>, der a har “opt-lega verðr hon oc suivið”, b 28rb<sup>33f</sup> “Opt verþr hon saigoð” og c 55v<sup>4f</sup> “Oþptlega uerðr hon oc svivirð. oc saurguð”. Lipomanus 334a<sup>25</sup> har her “inquinatur”. Teksten i c ser ut som ei sameining av a og b, men i b finn me den mest kjeldenære lesemåten.

I a side 128<sup>24</sup> er attgjeve ei tiltaleform: “Hevir þu hoeyrt herra. konongr”. Dette

svarar til b 30rb<sup>2f</sup>: “hæfir þu hæyrt konungr” og h side 239<sup>36</sup> “hæfir [þu] hœyrt konungr”. Dei norrøne tekstvariantane går attende på “Vidisti, o rex” (Lipomanus 335a<sup>23</sup>). Det seier kanskje litt om kommunikasjonskulturen og dei heimlege adres-satane for soga at ordforma “Vidisti” (etter gresk *eides*), som gjeld iakttaking med synssansen, er attgjeve med “hæfir þu hæyrt”. Formularen “o rex” er i latinteksten ein ofte nytta tiltale til ein konge, og er overteken frå gresk *ο basileū*, jf Woodward/Mattingly 1967: 412<sup>13</sup>. Handskriftene b/h står saman om å utelata “herra” framfor respektive “konungr” og “konung” i a. Formularen “herra konungr”, som er nytta 18 gonger i soga, er ei fast attgjeving for “o rex” eller berre for “rex” i alle tekstvitne. Men ikkje alle gonger den latinske teksten har uttrykket, er dette teke med i den norrøne soga. Ein stad der latinteksten *ikkje* har formularen, har a side 91<sup>14</sup> “minn hera. konongr” og b 18ra<sup>19</sup> “Min herra konungr”. Den nokså faste formularbruken vitnar om at a har den opphavlege lesemåten side 128<sup>24</sup>, medan b/h har stroke “herra”. Når dei to handskriftene står saman om avkorting av ein så fast tiltale, kan dette tyda på eit nært og direkte tilhøve mellom dei.

Side 122<sup>14</sup> har a: “Hugleiðum nv fyrst sialver. vm hafuð skepnunnar”. I b 28ra<sup>19f</sup> står: “Hugleiðum nu fýrst um sialfar hofuð scépnornar”, medan c 55r<sup>1f</sup> har “[ Jugleiðum nú fyrst um sialuar haufuðskefnunar”. Lipomanus 334a<sup>7</sup> har: “Veniamus, o rex, ad ipsa elementa”. Den retoriske tiltalen “o rex” har ikkje vorte med ved overføringa av teksten til norrønt. Her står a mot b/c med ein inversjon som inneber meaningsskilnad, og som tydeleg er sekundær. Det er den sams teksten i b/c som står nærest den latinske kjelda.

Ein noko kompleks tekstbolk når det gjeld utelatingar står i a side 128<sup>28f</sup>: “oc eitt sinni hio hann. villigolltr einn. af þui sare sama. segia þeir hann daat hava af. oc matte hann sialfr . enga hiolp veita ser”. I b 30rb<sup>9ff</sup> lyder dette: “oc æino sinni hio hann villi golltr æinn ok af þi sari segia þeir hann dait hafa. oc matri hann onga hialp væita sialfvm ser”. I h står side 239<sup>40f</sup>: “ok einu sinni hio ha[nn] villigoltr ein[n] af þui sama sare segia þeir hann dat hafa. [oc] m[at]te hann sialfr enga hialp v[ei]ta siolfum s[er]. huer[ja]”. Lipomanus 335a<sup>24f</sup> har: “et hunc uiolenter mortuum esse ab apro plagatum, et non potuisse auxiliari miseriae sue”.

Her er a åleine om eit “af” for mykje etter “hava”, å sjå til som ein pleonasme. Det er sprik mellom handskriftene når a har “daat”, b “dait” og h “dat” som perfektumform av verbet “deyja”. Men a og h står saman om “sialfr”, som vantar i b framfor “onga”. I b vantar også “sama”. På den andre sida er b åleine om å ha “ok” framfor “af þi sari”. I a står “sare sama”, men i h er rekkefølgja snudd, noko som gjev betre ordstilling. Mot a “eitt” står b/h saman om å ha “æino”/“einu” framfor “sinni”. Dei to handskriftene har også “sialfum”/“siolfum”, som vantar i a framfor “ser”. Her er det ikkje råd å seia at ein av tekstversjonane merkjer seg ut som meir opphavleg enn dei andre.

I a side 123<sup>28f</sup> heiter det om elden: “borenn or stað. oc i annan sloektr oc tendraðr. aukaðr oc minkaðr. at verma oc sioða. manna nauðzynía”. Til dette svarar i b 28va<sup>17f</sup>: “borinn ór stað. oc sloctr iafnan tendraðr. aukaþr oc miNkaþr. at verma oc sioða manna nauðsyniar”. I c 55v<sup>21ff</sup> heiter det på tilsvarande stad: “borenn ur stað iam-

nan slauktr oc tenðraðr aukaðr oc minnkaðr. at uerma oc sioða manna nauðsyniar”. I h side 242<sup>21ff</sup> lyder det same: “borenn or stað oc iann[an. slækt]R ok tendraðr. avkaðr ok minkaðr [at] verma ok seðia”. Dette svarar i Lipomanus 334a<sup>33f</sup> til: “Circunfertur de loco ad locum, et accenditur ad elixandas, et <ascandas/assandas> carnes </+ diversas>”.

Fragmentet med h-tekst er klipt av der sitatet sluttar. Når c vantar “oc” etter “stað”, er dette truleg ei redigering frå skrivarhand fordi konjunksjonen ikkje var naudsynt her. At b vantar “oc” framfor “tendraðr”, skaper ugreie i teksten, saman med ordomstillinga “sloctr iafnan”. Her følgjer c med “iamnan slauktr” a og h i ordstilling. At b/c står saman om “iafnan”/“iamnan”, medan a har “i annan” og h det same i samanskriwing, tyder på at ei misskriving har kome inn i overleveringsprosessen på eit trinn føre b/c. Her er ein av dei stadene der b/c har ein sams feil (jf Rindal 1981: \*55 for fleire). Dette kan tyda på at a/h har den mest opphavlege lesemåten samanlikna med latinteksten, og at c på dette punktet står nærmare a/h enn b gjer.

Sitateininga har ein problematisk sluttsekvens. Speyer 1472–73 har med eit ord som er utelate i Lipomanus sin tekst, nemleg “diversas”. Med dette ordet på plass er det i latinteksten tale om å koka eller steikja kjøttrettar av ymse slag. Sjølv om “seðja” i h må vega tungt som lectio difficilior, vert det ein avveg å akseptera ein lesemåte som tyder å stetta ein trong. Då måtte det tapte framhaldet i h ha vore eit heilt anna enn det dei tre attverande tekstvitna har, og dette er svært lite truleg. Rindal (1981: \*59) peikar på at det er akkusativ pluralis av “nauðsyn” ein har med å gjera i b/c. Dette er ei omskriving for “carnes diversas”. Avsporinga som h har med “seðja” svekkjer handskriftet noko som vitne om tidlege lesemåtar.

Det neste dømet står i a side 128<sup>17–22</sup>:

Venus hevir oc hetit ein þeirra hin mesta gyðia. hon var lettlat miok. ok horkona margra manna. En þesser ero hellzt nefndir. hennar hordoms menn Mars. oc Anchises. oc adonides. þat segia þeir. at hon hevir hans dauða mest gratet. oc viða faret vm verolldena. at leita hans firir astar sakar. En vm siðir for hon iam val niðr til heluitis. at leita hans þar.

I b 30ra<sup>29–36</sup> heiter det slik:

VENus hæfir hæitið æinn þeira hin mattkazta gyðia. hon var lett lat oc horkona margra manna. mars. oc Anchises ok adonides. þat sægia þeir at hon hafi hans dauða mest gratíð oc viða farit um verolldina hans at læita fyrir astar sakir. enn um siðir for hon jafn vel niðr til helvitins at læita hans þar.

Det tilsvarande tekststykket i h side 239<sup>30–35</sup> lyder:

Uenus hæfir ok hetit hín mesta gyðia. hon var lettlat miok ok horkona manna. en þessir [ero] hællzt nefndir he[n]nar bidiende Mars. ok Anchises. ok Aðonides.

þat segia þeir at hon hafe hans dœða [me]st gratit. *ok* vid[a fare]t um ve[rol]ldena at leita *hans firir* astar saker. enn um siðir for hon iamual niðr til hæluitis [at] læita *hans*.

Dette svarar til Lipomanus 335a<sup>19–22</sup>:

Venerem autem dicunt etiam deam esse adulteram. Nam aliquando habuit moechum <Martem/maritum>, aliquando uero Anchisen, et aliquando Adonidem, cuius </+ et> mortem deflet, quærens amasium suum: quam dicunt etiam ad infernum descendisse.

Den norrøne teksten har ei omstendeleg, forklårande attgjeving. Det var nok sett som naudsynt å gje fleire opplysningar enn dei den latinske kjeldeteksten inneheoldt. Dessutan er teksten noko redigert. I staden for to “dicunt” i latinteksten, finst eitt “þat segia þeir” i den norrøne attgjevinga. I framhaldet har a “at hon hevir”, medan b/h har konjunktiv “hafi”/“hafe”. Dette siste høver best i samanhengen, sjølv om det ikkje samsvarar i modus med “deflet” i latinteksten. Handskriftene a/b står saman mot h om å ha “ein þeirra”/“æinn þeira” framfor “hin”, dei står også saman om siste ordet i sitatet, pronomenet “þar”, som vantar i h. I a/h finn ein det forsterkande “miok” etter “lettlat”, medan dette skortar i b. Det nyanserande “En þesser ero hellz nefndir” i a og tilsvarande i h er heller ikkje med i b, truleg har skrivaren redigert vekk eit tekselement han fann uturvande. Handskriftene a/h står også saman om “mesta” framfor “gyðia”, medan b har “mattkazta”. Begge har same ordfylgja: “at leita hans”, men b har inversjon. Framfor “manna” har a slurveforma “marga”, medan b har det korrekte “margra”; ordet er ikkje med i h. Der a har “hordoms menn” vantar b ord, men h har “bidiende”. Rindal (1981: \*40) hevdar at siste bokstav i ordforma i h er eit eingongstilfelle av svarabhaktivokal i handskriftfragmenta under nemninga h, og at utlyds-r er utelaten. Han får tilslutnad i kommentaren til ordforma under oppslaget “biðjandi” i ONP 2. I den tilsvarande latinteksten finst det eit avvik i lesemåte. Lipomanus 1551 har namnet på krigsguden Mars, medan Speyer 1472–73 har akkusativforma av “maritus”. Kan henda har avskrivaren som nytt “bidiende” kjent til Speyer-varianten, og prøvt å få han med i attgjevinga? Ein kan ikkje sjå bort frå at avskrivarane har hatt ein latinsk tekstversjon å sökja hjelp i under arbeidet. I denne tekstbolken har me sett eit komplekst trekanttilhøve: Handskriftet a syner sterkest hopehav med h, men har også likskapar med b *mot* h.

I omtalen av dei som held mennesket for gud, står det i a side 124<sup>31–35</sup>:

ver siam oc vitum. at hans nattura verðr fremíazzt. oc fullgerazt. eptir kynfylgiu oc natturu hans. oc nauðzyn. vegs vndir valdde annarra manna. flyzt oc föðezt. eptir þeirra boðe. ok þo at vm siðir. verði hann sialfræðr þa fellr þo a hann þungi. oc elli at hann nauðigr viðr take.

I b 28vb<sup>28–35</sup> lyder det tilsvarande stykket:

ver seam oc vitvm. ad hans nattura verþr framarst oc fullgerazt eptir kynfylgio  
oc nattrro hans oc nauðsyn. vex undir valldi annarra Manna. flytz oc fæþiz æptir  
þeira boþi. Oc þo at um siþir uerði hann sialfráþr. þa fellr þo ahann þungi oc  
ælli At hann nauðigr við taki.

I h side 243<sup>5–8</sup> vantar ein del av stykket som følgje av handskriftdefekt: “æftir kynfylgio ok natturo hans ok nauðsyn. vex undir valldi annara manna. flytz ok fôriz  
æftir þeira bo[ðe. oc þo] at um siðer verdi hann [⋯⋯ li] at hann [nauðigr vi]ð taki”.  
Dette svarar til Lipomanus 334b<sup>3–5</sup>: “Videmus quippe illum motum secundum  
necessitatem, et enutritum, ac senescentem, etiam se nolente”.

Den norrøne attgjevinga er noko fri, og langt meir omfangsrik enn den knappe latinske kjeldeteksten. Attgjevingsforma har nok sin grunn i at ein filosofisk disputt her er skiven om for å nå ein annan og vidare adressatkrins enn den latinske versjonen sikta mot (Astås 1990a: 146–48). I sitatet frå h er den nest siste klammerparen tesen utvida med prikkmarkering for tapt tekst. I tekstattattgjevinga ovanfor er “færiz” i den prenta teksten av h retta til “fôriz” etter foto i Widding 1963: 41, jamfør attgjeving av fragmenttekst på følgjande sider.

Det er fleire avvik mellom dei tre tekstversjonane her. Forma “nattrro” i b har nok kome opp ved feilskriving av r for u. I staden for “fremíazt” i a har b “framarst”. Dette er nok ei feilskriving, på grunn av feillesing. Her er det a som har den opphavlegaste teksten. Eit innhaldsleg viktigare avvik er “vegs” i a mot “vex” i b/h. Ut frå samanhengen vert det klårt at varianten i b/h må vera mest opphavleg. I eit siste avvik står a med “fœðezt” saman med b “fæðiz”, medan h har “fôriz”. Etter Widding (1963: 42) har b og h her opphavleg stått saman om ein sams feil i siste ordet, “som synes at være rettet fra færiz” i b. Rindal seier om tekstdelen at “her har b retta, men nokså sikkert ikkje frå færiz” (1981: \*58). I b er det spor etter ein noko forkropla r som er innskoten mellom þ og z. Det er uvisst om ein tilnærma horisontalstrek som går inn på þ frå venstre er elimineringsteikn. I så fall ligg der føre ei retting i b frå “fæþiz” til “færiz”. Er det latinteksten sitt “enutritum” som er attgjeve her, må det vera a som har beste lesemåten. Den har b truleg delt med a, men så er det sett inn eit forsøk med retting til den lesemåten h står for. Dette kan tyda på at b ligg nærare h enn ein i første omgang får inntrykk av. Men Haugen (1991 a: 11) meiner at det like snart kan vera “motum” som “enutritum” som ligg til grunn, då kan h med ordparet “flytz ok færiz”, eventuelt “flytz ok fôriz”, ha den mest opphavlege lesemåten.

I attgjevinga av “totius factor creaturae” (Lipomanus 329b<sup>20</sup>) har a side 103<sup>2</sup> “skapare allar skepnu”, b 22ra<sup>12</sup> “scapare allrar scepno” og h side 239<sup>9</sup> “skappare allrar skepnu”. Her står b/h saman mot a om rett grammatisk form “allrar”. Eit anna tilfelle der b/h har sams avvik frå a, er i attgjevinga av “non deseruit” (Lipomanus 329b<sup>19</sup>). Her har a side 102<sup>38</sup>: “þa vennde eigi guð at helldr sinum miskunnar augum af honom”. I b 22ra<sup>6f</sup> heiter det: “Eigi vændi guð þi helldr miscunnar augum

fra honum. I h side 239<sup>4f</sup> er dette formulert slik: “þa vennde æigi at helldr. guð sínū miskunar avgum. fra honum”.

Her har omsetjaren erstatta uttrykksmåten i latinen med ein metafor frå heimleg kyrjeleg-religiøs litteratur, “lítu miskunnaraugum til”. Biletet målber at Gud syner medkjensle mot nokon ved å gripa inn. Handskriftteksten er nokså lik i a/h. At a har ordfylgja “guð at helldr” medan h har betre tekstflyt med “at helldr. guð” er trygt innanfor rammene for det ein skrivars kunne tillata seg. Begge handskriftene har pronominalforma “sinum” framfor “miskunnar”, medan ho vantar i b. Der er også “þa” utelate, og framfor “helldr” står “þi” og ikkje “at”, som a/h har. Men b/h står saman *mot* a med preposisjonen “fra” i staden for “af” framfor sluttordet “honum”. I metaforen er “frá” vanleg preposisjon, og dette stemmer best med latinen. Dermed står a med lectio difficilior. Den av tekstvariantane som ser ut til å koma best frå samanlikninga med omsyn til tekstflyt og ordbruk, er h-teksten. Dei to andre handskriftene verkar noko forkludra her.

I a side 129<sup>26f</sup> står: “þui at þeir dyrkkaðu bufæ. oc hafðu firir guð En aðrer buk”. Til dette svarar b 30va<sup>20ff</sup>: “þeir dyrkuþu bufæ oc hofðu fyrir guði með ymissligri fagan *ok* þionostu. þeir voro æinir ær hafðu sær saið fir guð. aðrir bukk”. Dette heiter i h side 240<sup>32ff</sup>: “þui at þeir dyrkkaðu bufæ *ok* hafdu fir guð með ymislegre fagan *ok* þionosto. þer voro *ok* sumer er ser hafdo savd fir Guð. aðrir buck”. Lipomanus 335a<sup>44f</sup> har her: “etiam <bruta, et muta/muta et bruta> animalia induxerunt deos esse. Nam quidam illorum coluerunt ouem, quidam uero hircum”.

I a er det gjort tekstsprang frå eitt “guð” til eit anna. Anakolutien dette førde med seg, er freista reparert ved å setja inn “En”. I rest-teksten er a og h ord til anna like, jamvel i dei uomlydde verbalformene. I b finn ein her dei omlydde formene “dyrkuþu” og “hofðu”. Både a og h har “þui at” som innleiing, noko som vantar i b. Ein skilnad mellom b/h utover det som er nemnt, er at b har “æinir”, h “*ok* sumer”. Adjektivforma “sumer” høver nok bedre som ekvivalent til *quidam* i latinteksten enn varianten i b gjer. At det står eit “*ok*” framfor, gjev dessutan betre tekstflyt i h. Dette kan peika i retning av at h her har ei meir opphavleg tekstform enn b.

I kritikken av vatnet som guddom heiter det i a side 123<sup>20ff</sup>: “opttlega oc frys þat. oc kœlez af margskonar saurgan. dregit oc haptt til þess. at þva vreinennde. af fles-tom lutum. oc æ hitt fulazta vatneno apr”. I b 28va<sup>8ff</sup> står: “Optliga fræyss þat. kælaz oc saurgaz af margskonar dræyra. til þæs ær þat iafnan haft. at þva oræninndi af flæstum lutum”. oc fylgir æ hit fulazta vatnino apr”. Handskriftet c 55v<sup>14f</sup> har: “Optlega oc frys. þat kælaz oc saurgaz. af margsskonar dryra. til þess er þat haft iamnann at þua orænenði af flestum lutum. oc fylgir æ hit fulasta uatnino apr”. På eit lite fragment er tre tekstlinjer med h-varianten attgjeven side 242<sup>12–14</sup>. Berre siste delen er med: “saurgan. ok haft til þessat þua ureinendi af flestum lutum. *ok* fyllgir æ hitt vergasta aftr”. Lipomanus 334a<sup>29ff</sup> har her: “et frigore congelatur, et cruxibus inquinatur, et ad cunctarum sordium ablutionem assumitur”.

Eit trekk som skil dei tre norrøne tekstvariantane frå kvarandre, er at mens a har “dregit oc haptt til þess. at”, har b “til þæs ær þat iafnan haft. at”, c “til þess er þat

haft iamnann at”, medan h har “ok haft til þessat”. Versjonen i h *kan* vera ei avkorting av tekst i høve til a. Som einaste tekstvitne har a “dregit” som parallelverb til “haptt”/“haft”. Handskriftet b vantar som einaste tekstvitne eit “oc” framfor a/c “fræyss”/“frys”. Medan b/c/h har “fylgir”/“fylgir”/“fyllgir”, vantar ei tilsvarande ordform i a. Men det kan sjå ut som om h i den tapte tekstdelen har hatt ei tekstform svært nær den a har, jf Rindal 1981: \*57. Eit viktig avvik mellom tekstvitna er at i staden for a/b/c “fulaztta vatneno”/“fulazta vatnino”/“fulasta uatninu” har h “vergasta”. Ordet finst i same forma i Atlakviða 637: “uina íþ vergasta” (GKS 2365 4º bl. 42v<sup>29</sup>). Widding (1963: 42) hevdar: “Det sjeldne ord *vergr* må være blevet udskiftet til fordel for et mere almindeligt” i dei andre handskriftene. Rindal (1981: \*59) finn at teorien om lectio difficilior her ville “gjere det naturleg å tolke h’s lesemåte som den opphavlegare”. Dermed vert det alderdomlege ordet ein indikator på at h, som er kring ¾ hundreår yngre enn a, kan ha teke vare på tekstvariantar frå eit tidleg stadium i den skriftlege overleveringsprosessen. Ein skilnad som kløyver tekstvitna i to grupper, er at b/c står saman om “dreyra”/“dryra” mot a/h, som har “saurgan”/“sauRgan”. Dette vitnar om at b/c står nærmast latinkjelda, som talar om til-sulking ved blodspille.

Side 122<sup>18f</sup> heiter det i a: “En sialfum honom synntt. skiptir oc skipar. sialfs sins vilia”. Her har b 28ra<sup>25ff</sup>: “er sialfvm honum er allt synt scriptir oc scipar ollo eptir sialfs sins vília”, og c 55r<sup>5f</sup>: “En sialfum honum er allt syntt skiptir. oc skipar aullu eptir sialfs sins uilia”. Dette svarar til Lipomanus 334a<sup>9f</sup>: “Ipse enim cuncta cernit, et quemadmodum uult, immutat et transponit”.

Når b-teksten innleier med “er” i staden for “En”, som a/c står saman om, er dette truleg ei feilskriving. Elles har b/c lik tekst. I a-teksten er samanheng og meaning tydeleg skipla ved to utelatingar. Det som skulle tilsvara b/c “er allt”/“er allt” og “ollo eptir”/“aullu eptir” vantar nemleg der. Teksten i b/c samsvarar derimot godt med latinteksten, og er svært truleg mest opphavleg.

Om eldslogen sin gud, Vulcanus heiter det i a side 127<sup>29f</sup>: “huersu ma þat þo vera at guð være sinkgiærnn oc barrato maðr. oc þo bunndinn af oðrum með ofriki”. Dette er uttrykt slik i b 29vb<sup>32ff</sup>: huerso ma þat þa vera at guð veri singiarn oc barrato samr æða hordoms maðr oc þo bundinn af oðrum með ofriki”. I Lipomanus 335a<sup>3f</sup> er dette forma slik: “Quomodo <deus ergo/ergo deus erat> cupidus, et belligerator, et <adulter et uinctus/vinctus et adulter>. Her er b etter ein gong nærmare den latinske teksten enn a er.

I framhald av dette heiter det om den gresk-romerske vinguden Bacchus i a side 127<sup>32ff</sup>:

Bachum kalla þeir oc einn guð sinn. oc sanna at hann var einn varðueizlu maðr. oc meistare allra gio manna. Oc næmde i brott annarra manna konor braðr oc orðzfullr. fus at löeynatz oppt oc felazt. En vm siðir drapo hann hermann oc með þui at hann fekk eigi sialfr forðazt dauðan. oc var þo giomaðr. oc æðe fullr. fus at felazt oc löeynatz. huersu matte hann þa guð vera.

Dette lyder i b 29vb<sup>35ff</sup>:

BAkun kalla þeir ok guð sinn æinn *ok* sanna at hann var natt dryckio maðr oc meistari allra geo manna ‘at eiga’ konor. Braðr oc æði fullr fuss at leynaz opt oc felaz. En um síþir drapo hann hermenn. Oc með þi at hann forðadiz ægi dauðann *ok* var þo gej maðr. *ok* æði fullr fuss at felaz *ok* læynaz. hverso matti hann þa guð vera.

Innhaltet byggjer på Lipomanus 335a<sup>4-9</sup>:

Bacchum uero inducunt deum esse, nocturnas agentem festiuitates, et magistrum ebrietatis, et euellentem uxores proximorum, et furiosum, et fugitium. Nouisime autem a Titanis occisus est. Si <ergo/enim> Bacchus occisus non potuit semetipsum adiuuare, qui et ebriosus fuit, et furiosus, et fugitiuus, quomodo erat deus?

Mykje er likt i a og b, men begge skrivarane har slurva noko. I b er det gjort eit sprang frå “manna” til “manna”. Truleg for å retta opp dette er det sett inn “at eiga” over lina, framfor “konor”. I b er dessutan namnet på vinguden feilskrive som “BAkun”. Handskriftet har ein tekstinversjon i høve til a, “guð sinn ænn” mot “einn guð sinn”, og ei forenkling, “forðadiz ægit” for “fekk eigi sialfr forðazt” i a. Dette er attgjeving av “non potuit semetipsum adiuuare”. Her verkar a-formuleringa mest opphavleg. Men når a nemner vinguden som “einn varðueizlu maðr” der b har “natt dryckio maðr” er det b som står nærmast “nocturnas agentem festiuitates”. I ein problematisk tekstvariant b 30ra<sup>5</sup> “gei” ser “i” ut til å vera brigda frå “j” framfor maðr. Her har a “giomaðr”, som svarar til “ebriosus” i latinteksten. Litt lenger nede har a “æðe fullr”, medan b har “æði fullr”. Begge stader må det vera “œðifullr” som ligg til grunn, dette svarar til “furiosus”. Den sams feilskrivinga med æ for œ skriv seg truleg frå ein lekk tidlegare i overleveringsprosessen. Dette vert stadfest ved at litt lenger oppe i teksten har b “æði fullr” som parord til “Braðr” for å gje att “furiosum”, også her står æ for œ. I a har “braðr” som parord i staden eit hapax legomenon, “orðzfullr”, som verkar nokså søkt i samanhengen, og knapt kan vera opphavleg. I dei norrøne tekstvitna heiter det at vinguden vart drepen av “hermenn”/“hermenn”, medan latinteksten har “a Titanis”. Begge handskriftene viser samsvar med latinteksten, men har også på ulike stader avvik frå han. Det ser ut til at b viser beste samsvaret med latinkjelda.

I a side 129<sup>13</sup> står namneforma “osvrin”, b 30rb<sup>36</sup> har “osyrin” og h side 240<sup>18</sup> “osurin”. Lipomanus 335a<sup>36</sup> har formene “Osirin”/“osyrim”. Handskriftet b har her same skriveform som Speyer 1472–73, noko som kan tyda på at den mest opphavlege namneforma er teken vare på i dette handskriftet. To liner nedanfor, side 129<sup>15</sup>, har a namnet “orus”, medan b 30va<sup>7</sup> har “horis”. Her har h side 240<sup>23</sup> “orus”. Dette svarar til “Orus” i Lipomanus 335a<sup>38</sup>. I den greske teksten er namnet *Hýros* (Wood-

ward/Mattingly 1967: 414<sup>9</sup>). Både a og h samsvarar med latinteksten i namneform, her er det b som viser avvik. I b 30va<sup>3</sup> er same namnet skrive “orsis”, og b 30va<sup>14</sup> har “oris”. I skrivemåten for dette namnet er handskriftet b vaklevore, medan a side 129<sup>15</sup> og 129<sup>22</sup> så vel som h side 240<sup>20</sup> og 240<sup>27</sup> held seg til “orus”.

Handschriftet a har side 129<sup>20ff</sup>:

oc matte eigi vsis hialppa eða biarga. osvrin bonnda sinum oc broðor. eigi matte oc vsiris sialfr hialppa ser. tiphon broðor bane. fek oc eigi frialsa sik. firir raðe. orus broðor sunar sins. oc af raðom vsidis systur sunar oc broðor kono.

I b 30va<sup>9ff</sup> heiter dette:

oc matti æigi ysis hialpa. æða biarga. Oc syrin bonda sinom oc broþor ok æigi matti osyris sialfr hialpa ser. Thiphon broður bani fecc oc æigi fríalsat sic fyrir raði oris broþur sunar sins. oc af raðum ysidis systur sinnar ok broðor konu.

I h er det same avsnittet gjengitt slik side 240<sup>24ff</sup>:

ok matte eigi ysis hialpa. eða. biarga osurin bonda sínum. ok broðor. eigi matte ok Osurin sealfr hialpa ser. tiphon broður bane. feck ok æigi fríalsat sek fir drape orus broður sonar síns. ok af raðum ysidis systur sinnar ok broðor kono.

I Lipomanus 335<sup>39ff</sup> er ordlyden:

<Itaque/Ita> neque <Isis/ysis> potuit adiuuare suum fratrem, et maritum, neque <Osiris/osyris> occisus <a Typhone/antyphone>, ualuit subuenire sibimetipsi, neque Typhon <fratricida/fratrincida> perditus ab Oro, et <Iside/yside>, quiuit se a morte eruere.

Her har handskriftene fleire tillegg til den latinske teksten som opplyser om slektskapstilhøve. Teksten i a/b/h har nokre avvik som imellom, der to av tekstvitna står saman mot eitt. Det er tilfelle når h/a står saman om ordstillinga “eigi matte ok” der b har “ok æigi matti”. Også med namneforma “osvrin” står a/h saman, medan b har “syrin”. Alle tre handskriftene har her ei forvanska form i høve til latinteksten. Likskapen mellom a/h i namneform tyder på at h her står nærmere overleveringstradisjonen i a enn b gjer.

Namneforma “tiphon” er a/h saman om, medan b har “Thiphon”. Også i bruken av namneforma “orus” i genitiv står a/h saman mot b, som har “oris”. Men når det gjeld forma “vsis”, står a åleine, mot “ysis” i b/h, som er i samsvar med Speyer 1472–73. Med varianten “systur sunar” skil a seg seg også klårt fra b/h. Han har truleg opphav i mislesing eller skrivefeil, kanskje på grunn av “sunar” straks framfor. Noko meir problematisk er det når a/b har “raðe”/“raði” og h “drape”. Her er h

innhaldsleg meir kjeldenær enn a/b. Dette kan vera vitnemål om at h har teke vare på ein eldre lesemåte enn den dei to andre tekstvitna er sams om.

Side 130<sup>1ff</sup> har a fylgjande tekst: “oc skildo þo eigi sialver. skynlausir menn at goð lausir ero slikir guðir”. I b 30vb<sup>4f</sup> står: “ok scilþv þo eigi salfir skynsamir menn. at gæþa lausir ærv slikir gupir”. Dette svarar til h side 241<sup>4f</sup>: “ok skilldo þo æigi sialfir skynsamir menn. at goða lauser ero s[likir] guðir”. Det latinske tekstgrunnlaget er Lipomanus 335b<sup>3</sup>: “non intellexerunt de ipsis, quia non sunt dij”.

Handskriftene har i det meste av lik tekst, men viser avvik i lesemåtar på to viktige punkt. Medan a har “skynlausir”, står det “skynsamir” i b/h. Det er a som her har den vanskelegaste lesemåten, og dette må også denne gongen vega tungt i vurderinga av kva som er mest opphavleg. I 1851: 139 er a-teksten sitt alternativ sett på som så sterkt at det ikkje er bytt ut mot varianten. Rindal (1981: \*58) finn teksten problematisk her, og kommenterer: “Dersom h’s lesemåte kan omsetjast med ‘sjølv ikkje forstandige menneske skjøna’, er det ein betre variant enn a’s. Vi kan då kan skje også her rekne a’s lesemåte som sekundær. På dette punktet gjev den latinske teksten inga rettleiing”. Det er vanskeleg å finna ei betre forståing av tekstinhaldet i h på denne staden enn den som vert målboren gjennom omsetjinga Rindal gjev. Skrivaren i a kan ha vorte førehandspåverka av “goð lausir”, som han fører i pennen to ord lenger ute i teksten. I tillegg må ein ha in mente at også mange andre stader har a-skrivaren gjort tekstbrigde. Tekstvarianten i a gjev ikkje så god mening etter “sialver” som den b/h står saman om. Sjølv om det heilskapleg vurdert ikkje er heilt udiskutabelt at lesemåten i b/h er meir opphavleg enn den i a, talar mykje for at Rindal si vurdering er rett.

På den andre avviksstaden går handskriftene kvar sin veg. I a står “goð lausir”, i b “gæþa lausir” og i h “goða lauser”. I det andre avviket har h ein variant av same ordet som a har, og som tyder “gudlaus”, jf. Hødnebø 1972 til “goðalauss”. Lesemåten “gæþa lauss” i b gjev svært truleg att adjektivet “gœðalauss”, “Uden Goder eller Herligheder” (Fritzner 1973). Her ser ordet ut til å vera nytta for å seia at dei såkalla gudane vantar guddomlege attributt. Dette samsvarar godt med den latinske teksten sine ord om at dei ikkje er gudar. Dermed er det b som ser ut til å vera mest på line med den opphavlege teksten her.

I a står det side 129<sup>4f</sup> at “Egiptu lanndz folk. er bæðe folskare. oc heimskare. en allar aðrar þioðer. i sinni. villu”. I b 30rb<sup>325f</sup> les ein på tilsvarande tekststad at “Egipta landz menn æru bæði folkare en allar þioðir isinne villo”. Ein tredje tekstversjon ligg føre i h side 240<sup>10f</sup>: “[E]gyptalanðz menn ero hæimskare enn all[ar] aðrar þioðer. isinni villo”. Tekstversjonane har si kjelde i Lipomanus 335<sup>31f</sup>: “Ægyptij uero sceleratores, et stolidiores his existentes, deterius omnibus gentibus errauerunt”.

Her står a åleine med “Egiptu lanndz folk”. I landsnamnet har b/h endinga -a, og desse to handskriftene er dessutan saman om “menn”. I framhaldet har a/b/h kvar sin tekst, a “bæðe folskare. oc heimskare”, b “bæði folkare” og h “hæimskare”. I b er stavkroken i ligaturen “sk” utelaten, og skrivaren har hoppa over eit par ord. Dette

siste har ført til anakoluti. Dessutan vantar “aðrar”, som a/h har. Teksten i h er medvite nedkorta av skrivaren ved stryking av “bæðe” og “oc” i høve til a. Det er a som her har den fullstendige tekstversjonen, med to karakteriserande adjektiv i komparativ, til liks med latinkjelda. Dermed er det dette handskriften som her er beste vitne om opphavet til teksten.

Side 129<sup>8</sup> har a “oc i vatnum við oc a trio. oc groannda gras”, medan b 30rb<sup>30</sup> har “æða j votnum við oc træ ok groandi gros”, h har side 240<sup>13f</sup> “ok i vatnum við ok trio. ok groande gros”. Tekststaden svarar til Lipomanus 335a<sup>34</sup>: “et <aquatilia/aquatalia>, et arbores, et germinantia”.

I a er både “vatnum” og “gras” uomlydde, a-endinga i “groanda” viser at “gras” er meint som eintal. Innføringa av preposisjonen “a” framfor “trio” verkar noko misstilpassa, ikkje minst sidan han også står til “gras”. Teksten i a ber såleis vitnemål om ei noko uryddig språkhåndtering. Fyrste ordet i b sin tekstvariant er “æða”, medan a/h har “oc”/“ok”. Truleg er dette ei redaksjonell endring frå b-skrivaren si hand med føremål variasjon. Fleirtalsforma “gros”/“gros” i b/h for attgjeving av kollektivet *germinantia* er nok meir opphavleg enn eintalsforma i a. Teksten i desse to handskriftene svarar nok betre til latinteksten enn a-versjonen gjer.

Side 124<sup>17f</sup> har a: “Stundum þoler hon mynn skortt sins lios oc geisla”. Dette svarar til b 28vb<sup>10f</sup>: “stundum þoler hon mikinn scort sins lios oc geisla” og til h side 243<sup>3f</sup>: “stundum þoleR [hon] mykinN skort síns geisla ok lioss”. Lipomanus 334a<sup>45</sup> har: “defectum luminis patientem”. Her står a med “mynn” mot b “mikinn” og h “mykinn”. Handskriftene a/b har elles lik tekst, h skil seg frå b ved inversjonen “geisla ok lioss”. Skrivaren attom a har truleg hatt “mykinn” i førelegget, men har hoppa over “ki” midt inne i ordet. Dermed vert b/h betre tekstvitne enn a også her.

I a side 101<sup>7-12</sup> står:

oc hevir þu a mer. vuínum mínum spott. oc latr með myklu bernsku raðe oc vuítrlegre kenning. af folskra manna fortalu. og skipptir sva minv raðe i brott. i þeirra vrað. oc littir þeirra fortalu meir. en minni. faður legre kenníng. þar sem þu firir lætr at þiona. fornnom guðum. feðra varra.

Dette svarar til b 21rb<sup>28ff</sup>:

ok hæfir þu gert amer uuinum minom. spott. ok latr. með miclo bernsco raðe. oc ovitrliga kenning. af fiolkungra manna fortolu. ok sciptir sva brott mino raði iþærirra urað. ok littir þeira fortolo meir en mine fauðorligre fortolu. þar sem þu fyr lætr at þiðna fornum goðum fæðra vara.

I g 1vb<sup>14ff</sup> lyder tilsvarende tekstbolk slik:

oc hefir þu gort amer vuínum mínum s[pot]t oc látr. með miklo bernsko ráðe. oc v vitrlegri [k]enning af folskra manna fortolum. oc skiptir sua abrott m[ino] raðe

i þeira vrað. oc littir þeira fortolu meír en [minni] faðorlegri kenning. þar sem þu fyrir létt at þ[iona] fornum guðum feðra várra.

Slik står det i h side 237<sup>12ff</sup>:

*ok* hefir þu gort a mer vínum thinum spott *ok* lat[r] með myklu bensku raðe. *ok* uitrlegre kenning. af folksra manna fortalo. *ok* skiptir sua brott mino raðe. jþetta v rað. *ok* litir þeirra fortalo meir en minni faðulegre kenning. þar sem þu firir lætr at þiona. fornom guðum fed[r]a vara.

I Lipomanus 329a<sup>30ff</sup> kan ein lesa:

et factus sum inimicis meis in derisum, et aduersarijs meis in delusionem. Indisciplinata mente, et infantili consilio seductorum uerbis ob audiens, et consilium male sapientium meo præferens, et nostrorum deorum cultum derelinquens.

Her fylgjer dei norrøne tekstversjonane kvarandre nokså tett, og ligg nær den latinske teksten. I a er eit ord utelate mellom “þu” og “a” heilt i byrjinga av sitatet, g og h har her “gort”, b “gert”. Handskriftet a har også ein inversjon, “minu raðe bratt”, i høve til dei tre andre tekstvitna. Større avvik er det når skrivaren attom b har bytt ut “folksra”, som a/g/h har, med “fiolkungra”, og dermed framstiller det å fylgia därlege råd som eit trolldomsverk. Kan hende har han funne at dette svara betre til “seductorum” i latinteksten. Når b litt lengre ute har “fortolu” der dei andre handskriftene har “kenning”, er nok grunnen at “fortolo” har vore nytta kort frammanfor.

I h står “vínum thinum” der a har “vuínum mínum” og b “uunívm minom”. Her har latinteksten både *inimicis meis* og *aduersarijs meis*. Dette skulle bera vitnemål om at dei andre handskriftene har ein meir opphavleg lesemåte enn h, Sekundær er lesemåten i h også når handskriftet har “uitrlegre” framfor “kenning”, medan a har “vuitrlegre”, b “ovitrliga” og g “v uitrlegrí”, jf. “Indisciplinata mente” i latinteksten. Eit tredje punkt der h står åleine mot dei andre handskriftene er “jþetta” der a har “i þeirra” framfor “vrað”, b “i þærira” og g “i þeira”. Skrivaren attom h har oppfatta “v rað” som eintal, dei andre skrivarane har teke ordforma “vrað”/“urað” som fleirtal. Latinteksten gjev ikkje noka hjelpe her, men ut frå samanhengen ser det ut til at også her har h ein mindre opphavleg tekst enn dei andre handskriftene. Avvika i h frå tre samstemde andre tekstvitne syner at det i dette tekststykket truleg er dei andre som i motsetnad til h har teke vare på den mest opphavlege lesemåten.

## Samanfatning og konklusjon

Utgangspunkt er tilhøvet mellom handskriftene a/b/c/h slik dette er utgreidd i Rindal 1981. Drøftinga har synt far etter medvete arbeid hjå ein norrøn omsetjar på leit etter gode ord og høvelege attgjevingsmåtar. Omsetjingsorda må ha vore valde med

omhug. Rett som det er, kjem tillegg med forklåringar til, stundom utførlege. Andre gonger kan attgjevinga vera forenkla og redigert.

Gjennomgangen samlar seg om kva for feil og tekstbrigde som har kome opp under omsetjings- og avskrivingsprosessane. Det er lagt vekt på drag som kan kasta ljós over kvaliteten på tekstformidlinga og drag som vitnar om mest opphavleg tekst.

Teksten i h kan einskilde gonger stå saman med a mot b, men tilfella tykkjest å vera relativt få. Langt oftare står b/h saman om ein betre lesemåte enn den ein finn i a. Dette gjeld ikkje berre skrivemåte og grammatisk form, men også attgjeving av latinteksten. Dei same handskriftene kan også stå saman om å ha teksttillegg i høve til a, men tillegget kan vera noko ulikt i dei to tekstvitna. Dei mange likskapane mellom b/h, medrekna eit mogleg tilfelle av sams feil, vitnar om nær slektskap mellom dei. På ei rekkje stader der b/h står saman mot a, er dette på grunn av skriveslurv i a. Det ligg føre mange døme på at teksten er endra i a, medan b/h har teke vare på meir opphavlege lesemåtar. Mykje tyder på at det sams vitnemålet frå desse to handskriftene er å rekna som meir opphavleg enn a-teksten, sjølv om det også finst slurv i b. Men a/h kan også stå saman om den mest opphavlege teksten. Ein sjeldan gong kan a/b stå saman mot h.

Det finst døme på at b/c kan stå saman om ei meir opphavleg tekstform enn a/h. Det finst også døme på at c/h kan stå saman om den tekstkritisisk sett beste lesemåten, og a kan stå *mot* b/c. Men c kan stå nærmere a enn b, mellom anna i ordstilling. Avvika mellom a/c er mange, men c kjem best frå samanlikninga når det gjeld opphavlege lesemåtar. Dette kan tyda på at teksten frå originalen er betre overlevert der enn i a.

Det verkar etter dette som om h må vurderast som betre tekstvitne enn a. Handskriftene b/c ser ut til å vera plasserte noko for langt borte frå a/h ved det avstands-tilhøvet mellom a og b/c som utgjevaren har lagt inn i handskriftvurderinga. Tekstdøma gjev dessutan grunn til å reisa tvil om at “h står nærmere a enn b og c” (Rindal 1981: \*56, \*59).

## Litteratur og avstyttingar

- Astås, Reidar. 1990 a. “Barlaams ok Josaphats saga i nærlys.” *Maal og Minne*: 124–52.  
———. 1990 b. “Romantekst på vandring.” *Edda*: 3–13.  
———. 1990 c. “Den eldste bevarte kristne apologi.” *Tidsskrift for teologi og kirke*: 177–192.  
Blaise, Albert. 1954. *Dictionnaire latin-français des auteurs chrétiens*. Turnhout: Brepols.  
Fritzner, Johan. [1883–1896] 1973. *Ordbog over Det gamle norske Sprog I–III*. 4. utgave, opptrykk etter 2. utgave. Universitetsforlaget: Oslo-Bergen-Tromsø.  
Haugen, Odd Einar. 1983. “Om tidsforholdet mellom *Stjórn* og *Barlaams ok Josaphats saga*.” *Maal og Minne*: 18–28.  
———. 1991 a. “Barlaam og Josaphat i ny utgåve.” *Maal og Minne*: 1–24.  
———. [1982] 1991 b. *Interpolasjonane i den gammelnorske soga om Barlaam og Josaphat*. 2. opplag. Hovudfagsavhandling. Universitetet i Bergen, Nordisk institutt.

- Hødnebø, Finn 1972. *Ordbog over Det gamle norske Sprog af Dr. Johan Fritzner. Rettelser og tillegg ved ...* Fjerde bind. Universitetsforlaget: Oslo-Bergen-Tromsø.
- Keyser, Rudolf og Carl Richard Unger, utg. 1851. *Barlaams ok Josaphats saga*: en religiös roman-tisk fortælling om Barlaam og Josaphat, oprindelig forfattet paa græsk i det 8de aarhundrede, senere oversat paa latin, og herfra igjen i fri bearbeidelse ved aar 1200 overført paa Norsk af Kong Haakon Sverressøn. Christiania: Feilberg & Landmark.
- Lipomanus, Luigi, utg. 1551ff. *Sanctorvm priscorvm patrvm vitæ ... Liber tertius. Venetia. Vita beatorum Barlaam et Josaphat.* Blad 297b–353a.
- ONP = *Ordbog over det norrøne prosasprog. Registre.* 1: a–bam.. 2: ban–da. 3: de–em. ONP 1–3: *Nøgle.* København: Den arnamagnæanske kommission. 1989–2004.
- Rindal, Magnus, utg. 1981. *Barlaams ok Josaphats saga*. Norrøne tekster nr. 4. Oslo: Norsk historisk kjeldeskrift-institutt.
- Speyer 1472–73 = [Speyer]: *Barlaam et Josaphat* [Trykkeren af Gesta Christi], [1472–73]. Inc. Haun. 544 fol.
- Widding, Ole. 1963. “Et norsk fragment af Barlaams saga.” *Maal og Minne* 1963: 37–46.
- \_\_\_\_\_. 1972. “Om fragmenter af Barlaams saga ok Josaphats.” *Maal og Minne* 1972: 93–103.
- Widding, Ole m. fl. 1963. “The Lives of the Saints in Old Norse Prose. A Handlist.” *Medieval Studies* XXV 1963: 292–337.
- Woodward, G. R. og H. Mattingly, utg. [1914] 1967. [St. John Damascene]: *Barlaam and Joasaph*. The Loeb Classical Library. Greek Authors 34. London og Cambridge, Massachusetts: Heinemann og Harvard University Press.

Reidar Astås  
Hegreveien 18  
NO-3124 Tønsberg  
reidar.astaa@c2i.net

# Resiproke subjekt

Av Torodd Kinn

*Artikkelen er ei empirisk undersøking av bruken av resiproke subjekt i moderne norsk. Internett er nyttå som korpus. Tilhøvet mellom antesedent og anafor vert undersøkt, men også andre faktorar, som tydinga til overordna og underordna verb. Funna vert sett inn i ei diakron forståingsramme som syner at oppkomsten av resiproke subjekt er ei naturleg vidareføring av tidlegare utviklingar.*

## 1 Innleiing

Resiproke pronomen er normalt koreferensielle med eit anna uttrykk i koteksten; dei er anaforar som er bundne av ein antesedent, om lag på same måten som refleksive pronomen er det (Everaert 2000: 63; Faarlund o.a. 1997: 313, 1159). I tillegg til koreferansen kjem eit spesifikt resiprokt innhald som seier at ein relasjon er gjensidig. På setningsnivået er det oftast subjektet som er antesedent, som i (1), så resiproke pronomen kan normalt ikkje vere subjekt (Faarlund o.a. 1997: 1158), jf. (2). Men andre antesedentar enn subjektet førekjem òg, jf. (3).

- (1) De<sub>i</sub> ville ikke snakke med hverandre<sub>i</sub>.
- (2) \*Hverandre<sub>i</sub> ville ikke snakke med dem<sub>i</sub>.
- (3) Vi fortalte dem<sub>i</sub> om hverandre<sub>i</sub>.

Det er ingen tvil om at (2) er ugrammatisk. Men på den andre sida hører og les ein stundom uttrykksmåtar som (4), som er meir akseptable.

- (4) og til slutt husker vi ikke helt hvem hverandre er lenger.<sup>1</sup>

Her er det resiproke pronomenet subjekt i ei innføydd setning, og antesedenten er subjekt i den overordna setninga. Slike resiproke subjekt er kjende som eit tilsvarende marginalt fenomen i engelsk, jf. Lebeaux (1983), Bolinger (1990), Everaert (2000), Haas (2007). Eg kjenner ikkje til at bruken av resiproke subjekt i norsk har

vore undersøkt. Vi veit såleis ikkje kor utbreidde dei er i språkbruken, eller kva konstruksjonar dei vert nytta i.

Målet med denne vesle studien er i hovudsak deskriptivt: Eg ønskjer å kartlegge i kva grad og korleis resiproke subjekt vert brukte i norsk. Eg legg til grunn ein føresetnad om at resiproke subjekt er avgrensa til innføydde setningar, dvs. ikkje er nytta i hovudsetningar. Kartlegginga vil difor vere avgrensa til innføydde setningar. Eg tek sikte på å finne svar på fire spørsmål: 1. Kva slag innføydde setningar vert resiproke subjekt nytta i? 2. Kva slag tyding har det verbet eller den verbale konstruksjonen som det resiproke subjektet er nytta med? 3. Kva slag syntaktisk relasjon er det mellom antesedenten og det resiproke subjektet?<sup>2</sup> 4. Kva slag tyding har det verbet eller den verbale konstruksjonen som setninga med resiprokt subjekt er innføydd i?

Desse spørsmåla skal svarast på på grunnlag av ein empirisk studie. Til sist vil eg drøfte korleis utviklinga av resiproke subjekt kan forståast frå eit diakront perspektiv.

## 2 Ei Internett-undersøking

### 2.1 Metode

Resiproke subjekt er eit lågfrekvent fenomen. Skal ein søkje etter dei i eit empirisk materiale og ha von om å finne noko særleg, må materialet vere svært stort. Difor valde eg å nytte det største tilgjengelege “korpuset”, nemleg Internett. Til å søkje brukte eg Google ([www.google.com](http://www.google.com)). Eg sökte etter sekvensar av ord. Søka var avgrensa til domenet “.no”, dvs. “norske” sider, for å utelukke det danske *hverandre*. Søka vart gjorde i slutten av november og byrjinga av desember 2007.

På grunn av ulike feilkjelder er trefftala i Google lite brukerlege. Det som er interessant, er dei relevante funna med døme på resiprokt subjekt, kor mange dei er, og kva eigenskapar dei elles har. Slik vert det mogleg å seie at éin uttrykksmåte ser ut til å vere vanlegare enn ein annan, og at andre uttrykksmåtar manglar i materialet, dvs. ser ut til å vere sjeldne eller ikkje førekommme.

Eg sökte på sekvensar av (enkel eller kompleks) subjunksjon eller spørjeord + *hverandre/kvarandre*. Eg sökte ikkje på *einannan [einannen]*, ettersom det er mykje sjeldnare enn *kvarandre*.<sup>3</sup> Følgjande innleiingsord var med: (1) for relativsetningar: *som*, (2) for substantiviske setningar og setningsspørsmål: *at, om, hvorvidt*, (3) for substantiviske leddspørsmål: *hvem, kven, hva, kva, hvor, kvar, kor, hvordan, hvorledes, åssen, korleis, koss, hvorfor, kvifor, korfor, når*, (4) for adverbiale setningar: *da, då, når, før, etter at, mens, medan, siden, sia, sidan, fordi, for di, av di, om, der som, hvis, viss, selv om, sjøl om, sjølv om, jamvel om, for at, slik at, sånn at, så at*. Som ein ser, er det ei viss overlapping mellom gruppene; det gjeld særleg *om* og *når*, og *at* og *om* førekjem både åleine og i komplekse subjunksjonar. Eg gjorde ikkje noko forsøk på å fange opp dialektale stavemåtar i søka, men tok med treff som var dialektfarga.

Søkjeresultata hadde varierande innslag av “støy”, dvs. treff som ikkje var døme

på det eg søkte etter. Det galdt særleg søk med (1) *som*, som i tillegg til relativ subjunksjon kan vere samanlikningspartikkel og preposisjon, (2) *om*, som i tillegg til substantivisk subjunksjon kan vere preposisjon, (3) *når*, som i tillegg til spørjeadverb og adverbiell subjunksjon kan vere presens av verbet *nå*, og (4) *da*, som i tillegg til adverbiell subjunksjon er setningsadverb og temporalt adverb. Treftalet for *om hverandre* var så stort at eg valde å ikkje sjå på treffa,<sup>4</sup> men treffa på *om kvarandre* vart gjennomgådde.

Det var tydeleg at trekket primært høyrer til i uformelt språk, for mange av døma inneheldt stavefeil, ufullstendige setningar o.l. Påfallande mange døme hadde url-ar som inneheldt “forum”, dvs. vart funne på diskusjonssider med mogleg allmenn del-taking, i motsetnad til sider med éin ansvarleg forfattar – sjølv om det var ein del døme på slike sider òg; (15) nedanfor er til overmål frå ein rapport på ei side som regjeringa har ansvar for.

## 2.2 Funn

### 2.2.1 Setningstypar

Eg fann ingen relativsetningar med resiprokt subjekt. Vel å merke kunne ein del treff med samanliknings-*som* tolkast som elliptiske, dvs. med utelating av alt anna enn subjektet. Eit døme er (5).

- (5) Alle høres ut som hverandre.<sup>5</sup>

Eg valde å ikkje analysere slike *som*-uttrykk som innføydde setningar, ettersom dei ikkje har noko eksplisitt finitt verb til det resiproke pronomenet.

Dei var ikkje mange treff på *at hverandre* og *at kvarandre*, men til gjengjeld var dei fleste relevante; det var 15 ulike døme i alt. (6)–(10) er nokre av døma. (Stavefeila er frå Internett-tekstane.)

- (6) Men vi synes begge at hverandre er best.<sup>6</sup>  
(7) Selv nå, når jeg har barn nr 2 med samboer, så sørger vi får at hverandre får en natt/kveld/dag uten barn.<sup>7</sup>  
(8) Når Caroline og Celina galloperte mot hverandre trodde begge at hverandre skulle flytte seg så de kræsja med knærna ...<sup>8</sup>  
(9) Me tykkjer begge at kvarandre er triste, som i utgangspunktet var grunnen til at eg sa at ordskiftet var nyttelaust -<sup>9</sup>  
(10) men uanset kjem ikkje oss nokken vei me å sitte å sei at kvarandre e deilig.<sup>10</sup>

Som nemnt var det ei stor mengd treff på *om hverandre*, så dei gjekk eg ikkje igjenom. For *om kvarandre* var det nokre hundre treff, men ingen av dei hadde resiprokt subjekt; *om* var i nesten alle tilfella preposisjon. Det var ingen treff på *hvorvidt hverandre*.

Innføydde leddspørsmål utgjorde den største gruppa av døme. For *hvem hver-*

*andre* og *hva hverandre* var det over 20 relevante døme; eg henta berre inn dei 20 første. Elles fann eg døme på *hvor hverandre* (9), *hvordan hverandre* (7), *kven kvarandre* (2), *kva kvarandre* (1), *kor kvarandre* (1) og *når hverandre* (1).

- (11) Vi veit kven kvarandre er, iallfall kjenner vi ein nabo eller ein felles bekjent.<sup>11</sup>
- (12) Hvorfor i svarteste H\*\*\*\*\* trenger vi vite hva hverandre heter?<sup>12</sup>
- (13) Da blir de vant til at den andre er i huset og kan se hva hverandre holder på med.<sup>13</sup>
- (14) TomTom Buddies gjør at du og vennene dine kan se hvor hverandre befinner seg på GPS-en sin.<sup>14</sup>
- (15) Bedre forståelse for hvordan hverandre jobber.<sup>15</sup>
- (16) Vi burde nesten hatt en måte å kunne vite når hverandre er pålogget.<sup>16</sup>

Av alle søka på adverbiell subjunksjon pluss *hverandre/kvarandre* var det berre eitt som gav eitt einskilt døme på resiprokt subjekt, nemleg følgjande:

- (17) Ikke akuratt fremvisning, men vi kan se på når hverandre trener<sup>17</sup>

(Men hugs at treffa på *om hverandre*, som femner om potensielle døme på vilkårs-setning med resiprokt subjekt, ikkje vart gjennomgådde.)

### 2.2.2 Verbalet i den innføydde setninga

I setningane med resiprokt subjekt er det nokre typar verbale konstruksjonar som går att. *At*-setningane er dei minst homogene, men typen *at hverandre er AP* med *være* og subjektspredikativ har ein del døme. I leddspørsmåla er desse typane vanlege: *hjem hverandre er*, *hva hverandre sier*, *hva hverandre gjør* (o.l.), *hvor hverandre er*, *hvor hverandre står* (om meinung) og *hvordan hverandre ser ut*. (Her har eg nytta berre presens, men andre tempusformer førekjem òg.) Særleg *hjem hverandre er* er frekvent, og då underordna *vite*, slik at tydinga er om lag ‘kjenne kvarandre’.

### 2.2.3 Antesedent–anafor-relasjonen

I fleirtalet av døma er antesedenten subjekt i ei setning der setninga med resiprokt subjekt er objekt, dvs. skjematiske som i (1), der V er eit enkelt verb eller eit kompleks med eitt eller fleire hjelpeverb, og f står for eit ledd i forbinderfeltet i diderichsensk forstand, dvs. ein subjunksjon eller eit *kv*-ledd. Fleire av døma ovanfor har slik struktur.

- (18) [<sub>S</sub> NP-subj<sub>i</sub> V [<sub>S-obj</sub> f *hverandre-subj<sub>i</sub>* ...] ...]

Ein annan struktur som det var nokre døme på, har setninga med resiprokt subjekt som utfylling i ein preposisjonsfrase som fungerer som bunde adverbial eller preposisjonsubjekt. (7) ovanfor er eit døme på dette; strukturen er skjematisert i (19).

- (19) [<sub>S</sub> NP-subj<sub>i</sub> V [<sub>PP-advl?</sub> P [<sub>S-utf</sub> f *hverandre*-subj<sub>i</sub> ...] ...] ...]
- (20) og (21) er døme på andre antesedent–anafor-relasjoner.
- (20) Er litt vanskelig siden vi ikke forstår et ord av hva hverandre sier, ...<sup>18</sup>
- (21) Kan vi ta dette sånn steg for steg slik at det enkelt og klart kommer frem hvordan hverandre tenker.<sup>19</sup>

Denne undersøkinga gjev ikkje noko grunnlag for ei avgrensing av moglege antesedent–anafor-relasjoner (og heller ikkje i kva grad strukturar med manglande antesedent er akseptable). Men ein kan slå fast kva som er den prototypiske antesedent–anafor-relasjonen, og at det finst ulike andre former. Lødrup (2007: 3–8) diskuterer t.d. strukturar der det resiproke pronomenet er komplement i ein preposisjonsfrase innføydd i ein substantivfrase og manglar ein uttrykt antesedent.

#### 2.2.4 Det overordna verbalet

I konteksten til den innføydde setninga var det, ikkje uventa, ulike mønster for *at*-setningar og innføydde leddspørsmål. Dei fleste *at*-setningane var underordna eit uttrykk for meining, tru, haldning eller ønske, særleg verb som *synes*, *tro* og *ønske*. Dei fleste innføydde leddspørsmåla var derimot underordna uttrykk for kunnskap, forståing, sansing og merksemd. Verbet *vite* førekjem oftare enn alle andre uttrykk til saman. Andre uttrykk som førekjem fleire gonger, er *finne ut* (av), *huske*, *forstå*, *høre* og *se*.

### 3 Logoforisitet

Resiproke subjekt førekjem altså nesten berre i nominale setningar, og då særleg slike som er innleidde av spørjeord eller *at*. Eg fann ingen døme på relativsetningar, og berre éi adverbial setning. Den prototypiske antesedent–anafor-relasjonen er den at antesedenten er subjekt og setninga med resiprokt subjekt er objekt i same setning.

Det er klare tendensar til at døma er konsentrerte i visse typar kontekstar og med visse typar verb i setninga med resiprokt subjekt: Typen *vite hvem hverandre er* kan seiast å vere prototypisk. Det dreier seg i hovudsak om uttrykk for gjensidige kjennskapar, haldningar, forventningar o.l. At *at*-setningar er underordna uttrykk for meininger, haldningar o.l., og at leddspørsmål er underordna uttrykk for kunnskap, sansing osv., er ikkje noko spesielt for konstruksjonar der subjektet i den innføydde setninga er resiprokt, jf. *synes at han er hyggelig, huske hva hun sa*. Men konsentrasjonen rundt to klassar av kognisjonsverb er sterkare her enn elles, noko ein lett kan konstatere med korpussøk på sekvensen av *at* eller eit spørjeord pluss eit ikkje-resiprokt subjektspronomen. Typen er såpass dominande at det er rimeleg å tru at det er i slike kontekstar at resiproke subjekt vart tekne i bruk først.

Den tendensen som er skildra ovanfor, har mykje til felles med islandske langdistanserefleksivar.<sup>20</sup> I islandsk har ein refleksive pronomen som er bundne av eit subjekt utanfor den lokale setninga, jf. t.d. Maling (1984). Verbet i den innføydde setninga står i konjunktiv, normalmodusen for indirekte tale og andre former for attgjeving av andre enn talaren sitt tankeinnhald e.l. (22) er eit typisk døme (frå Maling (1984: 212); tilpassa):

- (22) Jón<sub>i</sub> segir að María elski sig<sub>i</sub>. ‘Jón seier at María elskar (konj.) han.’

Referenten ‘han’ i proposisjonen ‘María elskar han’ er den same som den som vert tillagt proposisjonen, og då nyttar ein refleksivt heller enn vanleg pronomen.

Maling (1984: 232–233) syner at slike refleksivar er i slekt med såkalla logoforiske pronomen, som ein har i ein del særleg vestafrikanske språk. Adjektivet *logoforisk* tyder bokstavleg noko slikt som ‘ordberande’. Slik eg forstår litteraturen, tener skiljet mellom logoforiske og ikkje-logoforiske pronomen til å klargjere om ein referent som er omtalt i indirekte tale (eller tanke e.l.), er identisk med den referenten som ytrar den indirekte talen. Ein nyttar eit logoforisk pronomen ved koreferanse og eit ikkje-logoforisk pronomen dersom det er tale om to ulike referantar. Culy (1997: 845) seier at eit logoforisk pronomen refererer til “the person whose words, thoughts, or emotions are being represented”, dvs. den referenten som står bak den indirekte talen. (23) og (24) (frå Culy (1997: 846), som siterer Clements (1975: 142); tilpassa) illustrerer skilnaden mellom (prefigert) logoforisk og vanleg pronomen i det ghanesiske og togolesiske språket ewe.

- (23) Kofi<sub>i</sub> be yè<sub>i</sub>-dzo  
Kofi seie LOG-dra  
‘Kofi<sub>i</sub> sa at han<sub>i</sub> drog.’
- (24) Kofi<sub>i</sub> be e<sub>j</sub>-dzo  
Kofi seie 3SG-dra  
‘Kofi<sub>i</sub> sa at han<sub>j</sub>/ho<sub>j</sub> drog.’

Fordi ‘han’ i det proposisjonelle innhaldet ‘han drog’ i (23) er den same som den som ytrar proposisjonen (‘Kofi’), nyttar ein det logoforiske pronomenet, i motsetnad til (24), der det er tale om ulike personar.

Eg har skildra ein tendens til at resiproke subjekt typisk førekjem i setningar som er objekt ved kognisjonsverb og liknande verb og er anaforisk bundne av subjektet for dette verbet. Det resiproke pronomenet refererer altså til “the person whose words, thoughts, or emotions are being represented”, for å ta opp att formuleringa til Culy. I (25) er det ‘dei’ som tenkjer den indirekte attgjevne tanken. I denne tanken opptrer dei sjølv i ein resiprok situasjon, og difor er *hverandre* nytta til å refere til dei. Konteksten er logoforisk.

- (25) De<sub>i</sub> visste godt [hvem hverandre<sub>i</sub> var].
- (26) De<sub>i</sub> visste godt [hvem de<sub>j</sub> var].
- (27) De<sub>i</sub> visste godt [hvem de<sub>i</sub> (sjøl) var].

Uttrykksmåten i (26) med *de* er den ein vil nytte dersom ‘dei’ i den indirekte attgjevne tanken ikkje er dei same som dei som har tanken. Konteksten er ikkje-logoforisk. I (27) er konteksten logoforisk, men vanleg refleksiv, og ikkje resiprok. Då er *de* eller tydelegare *de sjøl* det aktuelle pronominelle uttrykket.

Propositionelle innhald vert typisk (men ikkje berre) representerte i grammatiske objekt. Dette samsvarer godt med at resiproke subjekt nesten berre er nytta i substantiviske setningar. Oshima (2004: 176) nemner at somme lingvistar tek med binding inn i relativsetningar og adverbielle setningar under omgrepene ‘logoforititet’, men utelukkar dette eksplisitt frå si drøfting.

Det er altså ein sterk tendens til at resiproke subjekt er logoforske, dvs. at dei er del av indirekte tale, tanke e.l. og er koreferensielle med uttrykket for den talande, tenkjande e.l. Det synest rimeleg å tenkje seg at resiproke subjekt først vart tekne i bruk i logoforske kontekstar og er i ferd med å spreie seg vidare derifrå. Så er spørsmålet: Kvifor er det nettopp i logoforske kontekstar at dei dukkar opp først? Noko fullgodt svar har eg ikkje. Men det synest rimeleg at forklaringa er å finne i skilnader mellom setningstypane med omsyn til kor lett det er å skildre resiproke situasjoner med dei. Såleis ville ein vente at adverbielle subjunksjonar for temporal overlapping lettare opnar for resiproke subjekt enn subjunksjonar som ordnar situasjoner sekvensielt, fordi gjensidige relasjonar prototypisk held samtidig. Det er difor som ein kunne vente at det einaste adverbielle dømet er med *når* heller enn *før* eller *etter*.

#### 4 Typologi, diakroni og motivasjon

Norsk og dei andre skandinaviske språka er mellom dei som har utvikla resiproke pronomen. I standardspråka finn vi tre ulike samansetjingar: (1) *hverandre* (bokmål og arkaisk dansk), *kvarandre* (nynorsk), *varandra* (svensk), (2) *einannan [-en]* (nynorsk, mindre vanleg) og (3) *hinanden* (dansk), *hinannen* (arkaisk bokmål). Alle desse er døme på den typen av grammatikalisering av resiprok tyding som König & Kokutani (2006: 280–281) kallar “the quantificational strategy”. Kvantifiseringsstrategien inneber bruk av eit toledda nominalt uttrykk der ledda er kvantifiserande, demonstrative eller uttrykk for ‘alteritet’. Alle dei skandinaviske endar på eit alteritetsuttrykk (*andre* osv.), medan førsteleddet dels er ein distributiv totalitetskvantor (*hver* osv.), dels ein eintalskvantor (*ein*) og dels eit demonstrativt (*hin*).<sup>21</sup>

Som nemnt i innleiinga førekjem resiproke subjekt i engelsk òg – ifølgje Bolinger (1990: 267) har dei vorte vanlege i den andre helvta av 1900-talet –, og det er ikkje vanskeleg å finne døme på fenomenet i dei andre skandinaviske språka. (28)–(31) syner døme frå dansk og svensk med ulike spørjeord og subjunksjonar.

- (28) I skal lytte til, hvad hinanden siger, og ikke blot, hvad I tror, hinanden siger.<sup>22</sup>
- (29) På den måde ved vi altid, hvordan hinanden løser opgaverne, ...<sup>23</sup>
- (30) Det var en ganska liten skola, där alla elever visste vem varandra var.<sup>24</sup>
- (31) Vi känner varandra svagt, vi vet att varandra finns, och pratar IBLAND.<sup>25</sup>

Av talet på treff som ein får med Google-søk på nettet, ser det ut til at fenomenet er vanlegare i dansk enn i norsk og svensk, men eg har ikkje gjort noka systematisk undersøking av dette.

I norrøn tid hadde det som no er *hverandre*, endå ikkje smelta saman til eitt ord. Det første leddet var éin av kvantorane *hvárr* ‘kvar av to’ og *herr* ‘kvar av fleire’, og det andre var *annarr* ‘annan, den andre’. Desse orda var bøyelige i numerus, genus og kasus. I typiske tilfelle var kvantoren subjekt, som i (32), eller ein “flytande” apposisjon til subjektet, som i (33) og (34), og stod difor i nominativ. *Annarr* hadde variabel funksjon med tilsvarende variabel kasus, t.d. objekt i akkusativ eller dativ eller utfylling til preposisjon, som i høvesvis (32), (33) og (34).

- (32) Hverr sá annan. ‘Dei såg kvarandre.’
- (33) Konurnar hulpu hver annarri. ‘Kvinnene hjelpte kvarandre.’
- (34) Sveinninn ok mærin kölluðu hvárt á annat. ‘Guten og jenta ropte på kvarandre.’

Eg skal skissere korleis ein kan tenkje seg at utviklinga av resiproke pronomen i ulike funksjonar har skjedd. Skissa er heilt parallel med den som Haas (2007) utviklar for engelsk. Han har historiske døme som syner dei ulike diakrone stega. Eg skal her nøye meg med å gjere greie for dei diakrone mekanismane som ein må rekne med.

Med tida må *hvárr/herr* + *annarr* først ha vorte oppfatta som eitt ledd når dei følgde like etter kvarandre. Det gjorde dei oftast når *annarr* var objekt. Denne utviklinga er ein reanalyse (jf. Harris & Campbell (1995: kap. 4), Hopper & Traugott (2003: avsnitt 3.3)): Eit uttrykk som opphavleg var to skilde ledd (subjektsapposisjon pluss objekt) tok til å verte tolka som eitt ledd (objekt).

I moderne færøysk er det variasjon mellom ein eldre og ein yngre (omtolka) struktur, hv. illustrerte i (35) og (36) (frå Thráinsson o.a. (2004: 129–130), tilpassa):

- (35) Teir hjálptu hvør øðrum. ‘Dei hjelpte kvarandre.’
- (36) Teir hjálptu hvørjum øðrum. ‘Dei hjelpte kvarandre.’

I (35) er *hvør* nominativ i laus apposisjon til subjektet, medan *øðrum* er dativobjekt. I (36) er begge orda i *hvørjum øðrum* dativ og dannar objekt saman. Ifølgje Thráinsson o.a. (2004: 130) har ein den same utviklinga i islandsk.

Eit vidare steg som ein må tenkje seg, er at det resiproke uttrykket har vorte omtolka som eitt ord. Det har lettare kunna skje i skandinavisk enn i færøysk og

islandsk, ettersom kasusbøyninga har falle vekk.

Med omtolkinga frå to til eitt ledd har vegnen dessutan vore open for at uttrykket vart teke i bruk i andre (ikkje-subjekts-) funksjonar enn objekt, særleg utfylling til preposisjon (*på hverandre*). Ei slik utvikling er ein ekstensjon (jf. Harris & Campbell (1995: kap. 5) – eller analogi, om ein liker den termen betre, jf. Hopper & Traugott (2003: avsnitt 3.5)): Det nye uttrykket var eit pronomenn, og difor var det naturleg å ta det i bruk i konstruksjonar der andre pronomenn kunne nyttast, t.d. som utfylling til preposisjon.

Det (til no) siste steget er utviklinga av resiproke subjekt. Det er naturleg å spørje kvarfor resiprokt subjekt som i (41) er mogleg medan refleksivt *seg* som i (39) absolutt ikkje er det, og forsterka refleksivt *seg sjøl* i (40) knapt er det.<sup>26</sup>

- (37) De veit hvem de er.
- (38) De veit hvem de sjøl er.
- (39) \*De veit hvem seg er.
- (40) \*De veit hvem seg sjøl er.
- (41) De veit hvem hverandre er.

I ei tradisjonell syntaktisk tilnærming, jf. t.d. Lebeaux (1983), ville ein søkje etter forklaringa i underliggende skilnader i dei anaforiske eigenskapane til pronomena. Men dette er etter mitt syn ein forkjært måte å nærme seg fenomenet på. Den tydinga som (39) eller (40) ville ha uttrykt, har ein allereie ein uttrykksmåte for, nemleg den i (38), eller mindre tydeleg den i (37). Men den tydinga som (41) har, kan ikkje uttrykkjast med nokon annan parallel struktur; skal ein seie det same utan resiprokt subjekt, må ein ty til andre syntaktiske konstruksjonar. Såleis er det eit visst kommunikativt behov for å ta i bruk resiproke subjekt som i (41), men ikkje refleksive subjekt. Ein treng altså ikkje å leite etter skjulte skilnader i dei anaforiske eigenskapane til *hverandre* og *seg (sjøl)* for å finne ei sannsynleg forklaring. Skilnaden heng heller saman med at resiproke pronomenn har ei tilleggstyding utover den anaforiske som refleksive pronomenn ikkje har, nemleg (sjølvsagt) resiprositet.

Oppkomsten av resiproke subjekt er ganske enkelt ein ytterlegare ekstensjon til ein funksjon som dei fleste pronomenn kan nyttast i. Dette er eit naturleg framhald av ein prosess der t.d. utviklinga av resiproke utfyllingar til preposisjonar er eit tidlegare steg. Begge novasjonane er alminnelege syntaktiske ekstensjonar av domenet for eit i historisk samanheng relativt nytt pronomenn.

## 5 Avslutning

Norsk har, i likskap med dei andre skandinaviske språka og engelsk, utvikla resiproke subjekt i innføydde setningar. Fenomenet er marginalt og lågfrekvent, men det er eit naturleg steg i ei utvikling av domenet for bruken av resiprokt pronomenn som har pågått sidan norrøn tid. Det typiske dømet involverer uttrykksmåtar som *Vi veit*

*hvem hverandre er*, dvs. ein logoforisk konstruksjon. Antesedenten er subjekt og setninga med resiprokt subjekt er objekt for eit kognisjonsverb. Det verkar sannsynleg at slike uttrykk var dei første der resiproke subjekt vart tekne i bruk.

## Notar

- 1 web3.aftenbladet.no/triplet/blogg.html (funne med Google 03.12.07)
- 2 I delar av den lingvistiske litteraturen om anaforiske pronomer er det ei hovudsak å gjere greie for kva som er moglege antesedent–anafor-relasjonar, jf. t.d. Hellan (1988). Ei slik avgrensing er knapt mogleg på grunnlag av ei lita empirisk undersøking som den eg rapporterer om her, men ville føresetje ein annan metode, t.d. med bruk av akseptabilitetsvurdering. Eg rapporterer det eg finn, og freistar ikkje å trekke grensene mellom det akseptable og det ikkje-akseptable.
- 3 Om Google er å stole på i dette spørsmålet, er *kvarandre* bortimot 200 gonger oftare nytta på Internett enn *einannan*.
- 4 Det kan gjerne verke umotivert å utelete den ordkombinasjonen som gav flest treff. Men for *om kvarandre* var dei aller fleste treffa døme på den idiomatiske preposisjonsfrasen med tydinga ‘vekselvis’ eller ‘uordna’, og resten var stort sett temarefererande, som i *snakke stygt om kvarandre*. Det er grunn til å tru at det same ville gjelde *om hverandre*.
- 5 pondus.no/2007/07/stopp-tiden-musikalsk-utgave/ (funne med Google 05.12.07)
- 6 forum.kvinneguiden.no/lofiversion/index.php/t59934.html (funne med Google 30.11.07)
- 7 www.aleneforeldreforeningen.no/phpBB2/viewtopic.php? [...] (funne med Google 30.11.07)
- 8 www2.hest.no/blogg/? [...] (funne med Google 30.11.07)
- 9 www.dikt.no/phorum/showthread.php? [...] (funne med Google 30.11.07)
- 10 www.biip.no/Blitex (funne med Google 30.11.07)
- 11 fjordaglimt.no/-/bulletin/show/20887\_tankar-om-origo-anonymitet-og-saklegheit (funne med Google 03.12.07)
- 12 www.forfatterbloggen.no/roller/page/fie? [...] (funne med Google 03.12.07)
- 13 forum.dyrenett.no/forum/archive/index.php/t-36101.html (funne med Google 03.12.07)
- 14 www.amobil.no/tester/gps/tomtom\_go\_720/43402/print (funne med Google 03.12.07)
- 15 www.regjeringen.no/.../fid/rap/2004/0002/ddd/pdfv/ [...] (funne med Google 03.12.07)
- 16 ipod1.no/forum/viewtopic.php? [...] (funne med Google 03.12.07)
- 17 dyresonen.no/forum/index.php? [...] (funne med Google 03.12.07)
- 18 www.tonjesterner.no/?p=43 (funne med Google 03.12.07)
- 19 debatt.sol.no/show.fcgi? [...] (funne med Google 03.12.07)
- 20 Takk til Helge Lødrup, som gjorde meg merksam på dette og på litteraturen om logoforiske pronomener.
- 21 Dei skandinaviske språka har òg som kjent ei lita gruppe resiproke verb på *-s (-st)* som *møtes* og *snakkes*. *S*-verb er elles mest passive, og gruppa av resiproke *s*-verb i liten grad produktiv i samtida (jamvel om det nok kan seiast å finnast ein viss produktivitet, med nyord som *ringes*, *mails* o.l.). Fleirtydigheit og avgrensa produktivitet er typisk for den aktuelle typologiske kategorien, som König & Kokutani (2006: 277–278) kallar den syntetiske strategien (resiprok tyding uttrykt i verbmorfologien).
- 22 www.arbejdsmiljoweb.dk/.../Teamarbejde%20i%20skolen/ [...] (funne med Google 31.01.08)
- 23 www.mesterbyg-klokkerholm.dk/link.asp? [...] (funne med Google 31.01.08)
- 24 www.city.vrg.se/rydbergsrabalder/archive/djh/vn\_käralilla.htm (funne med Google 31.01.08)
- 25 www.fuska.se/forum/index.php?showtopic=94820 (funne med Google 31.01.08)
- 26 Eg fann vel å merke dette dømet med Google 27.05.08: *Vet alle hvem seg selv er?*

(sirimom.wordpress.com/2008/02/), med ei tyding som like gjerne kunne ha vore uttrykt med  
*Vet alle hvem de selv er?*

## Litteratur

- Bolinger, Dwight. 1990. Re-marking the English reciprocal: commutation versus mutuality. I *Development and Diversity. Language Variation across Time and Space*, red. Jerold A. Edmondson, Crawford Feagin & Peter Mühlhäusler, 265–272. Dallas, Texas: The Summer Institute of Linguistics.
- Clements, George N. 1975. The logophoric pronoun in Ewe: its role in discourse. *Journal of West African Languages* 10, 141–177.
- Culy, Christopher. 1997. Logophoric pronouns and point of view. *Linguistics* 35, 845–859.
- Everaert, Martin. 2000. Types of anaphoric expressions: reflexives and reciprocals. I *Reciprocals*, red. Zygmun Frajzyngier, 63–83. Philadelphia: John Benjamins.
- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie & Kjell Ivar Vannebo. 1997. *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Haas, Florian. 2007. The development of English *each other*: grammaticalization, lexicalization, or both? *English Language and Linguistics* 11, 31–50.
- Harris, Alice C. & Lyle Campbell. 1995. *Historical syntax in cross-linguistic perspective*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Hellan, Lars. 1988. *Anaphora in Norwegian and the Theory of Grammar*. Dordrecht: Foris.
- Hopper, Paul & Elizabeth Closs Traugott. 2003. *Grammaticalization*. 2. utg. Cambridge: Cambridge University Press.
- König, Ekkehard & Shigehiro Kokutani. 2006. Towards a typology of reciprocal constructions: focus on German and Japanese. *Linguistics* 44, 271–302.
- Lebeaux, David. 1983. A distributional difference between reciprocals and reflexives. *Linguistic Inquiry* 14, 723–730.
- Lødrup, Helge. 2007. Norwegian anaphors without visible binders. *Journal of Germanic Linguistics* 19, 1–22.
- Maling, Joan. 1984. Non-clause-bounded reflexives in Modern Icelandic. *Linguistics and Philosophy* 7, 211–241.
- Oshima, David Y. 2004. *Zibun revisited: empathy, logophoricity, and binding*. *University of Washington Working Papers in Linguistics* 23, 175–190.
- Thráinsson, Höskuldur o.a. 2004. *Faroese. An overview and reference grammar*. Tórshavn: Fróðskaparfelag Føroya.

Torodd Kinn  
Universitetet i Bergen  
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium  
Postboks 7805  
NO-5020 Bergen

# Plasseringa av subjektet i mellomnorske heilsetninger

Av Endre Mørck

*Formålet med denne artikkelen er å gjøre greie for plasseringa av subjektet i mellomnorske heilsetninger, og kildematerialet er 359 austlandske diplom av ulike sjangere fra tidsrommet 1375–1499. Drøftinga er i hovedsak avgrensa til 1703 setninger med sammenhengende subjekt, men usammenhengende subjekt trekkes inn der det er relevant. Først blir det vist hvordan subjektet kan topikaliseres til posisjonen rett framfor det finitte verbet eller stå i ekstraposisjon framfor adverbet på ‘da, så’. Deretter blir det argumentert for at det er to typiske subjektsposisjoner rett etter det finitte verbet, én for pronominale subjekt framfor setningsadverbial og en annen for mer omfattende subjekt etter eller mellom slike adverbial. Videre drøftes spesialtilfeller der subjektet med større eller mindre grad av sikkerhet fortsatt står som komplement eller spesifikator i verbfrasen, og dessuten hvor setningsforma subjekt har sin plass i setningsstrukturen. Til slutt blir det vist at det er liten morfologisk forskjell på subjekt som står i typiske subjektsposisjoner mellom finitt og infinit verb, og subjekt som står i den vanlige objektsposisjonen etter det infinit verbet.*

## 1 Kildemateriale, subjektsdefinisjon og syntaktisk modell

Formålet med denne artikkelen er å gjøre greie for hvilke posisjoner subjektet kan stå i i mellomnorske heilsetninger.

Kildematerialet som beskrivelsen bygger på, er et utvalg på 359 diplom av ulike sjangere, men avgensa geografisk til Austlandet og kronologisk til perioden 1375–1499. Alle diploma er trykt etter originalen i *Diplomatarium Norvegicum* (DN), som det ved eksempla blir vist til med bind- og brevnummer (ikke sidetall) pluss årstall. Til sammen inneholder materialet 1973 heilsetninger, men som jeg skal gjøre greie for nedafor, vil framstillinga her bygge på de 1703 setningene der det er et uttrykt subjekt og dette subjektet er sammenhengende.

Når det gjelder moderne norsk, blir subjektet gjerne definert på grunnlag av plassering, for eksempel slik det med en del utfyllende kommentarer er gjort av Faarlund, Lie & Vannebo (1997: 674): "Subjektet er eit nominal som har plassen sin i midtfeltet når det ikkje står i forfeltet. Dersom fleire nominal står i midtfeltet, kjem subjektet fyrst av dei:"

- 1      a For pengane har **Lise** kjøpt seg ny bil.  
      b For pengane kjøpte **Lise** seg ny bil.

Ettersom granskinga av mellomnorsk syntaks som denne artikkelen er et resultat av, har som hovedmål å undersøke leddstillinga i heilsetninger og finne ut hvor ulike typer ledd kan stå, kan verken subjektet eller andre ledd defineres ut fra plassering. I stedet har jeg definert subjektet morfologisk som et ledd som står i nominativ eller kan erstattes av et nominativledd, og som kongruerer eller kan kongruere med det finitte verbet, slik subjektsdefinisjonen også tradisjonelt har vært når det har vært snakk om norrønt (jf. bl.a. Nygaard 1905: 67, 81).

Både kasus og verbkongruens kommer fortsatt i stor grad til uttrykk i mellomnorsk slik at det ofte framgår av de morfologiske forholda hva som er subjekt. Riktig nok er det ikke alltid så tydelig som i (2a–b), der det både er entydig nominativmarkering av et ledd og klar kongruens mellom dette nominativleddet og verbet. Noen ganger er det bare kasus som klargjør hva som er subjekt – enten direkte gjennom nominativform på et ledd eller indirekte ved at markeringa på andre nominale ledd viser at de ikke er subjekt – og andre ganger er det bare verbkongruensen som peker ut subjektet.

- 2      a firir sannynda skull **sætte**<sub>FinV/3.p.sg</sub> [**fyrnæmder Omunder**]<sub>Subj/Nom.sg</sub> sitt jnzsigli firir þætta bref – *Til bekreftelse satte førnevnte Ommund sitt segl på dette brevet.* (DN III 588 1408)  
      b ok til þes meiræ sannyndæ **sætto**<sub>FinV/3.p.pl</sub> [**pesser goder men**]<sub>Subj/Nom.pl</sub> siin incigle ... firi þettæ bref ... – *Og til ytterligere bekreftelse satte disse gode menn ... sine segl for dette brevet ...* (DN III 623 1415)

På grunn av den forenklinga av bøyingsverket som skjer i mellomnorsk tid (se f.eks. Mørck 2005a), er det imidlertid også mellomnorske setninger som (3a) der morfolgien er til lite hjelp når vi skal skille ut subjektet fra andre nominale ledd. Da har jeg basert identifikasjonen av subjektet på hva slags form ledda ville hatt i tilsvarende norrøne og mellomnorske setninger med klar kasusmarkering slik som (3b).

- 3      a En **Jon**<sub>Subj</sub> gaf [**dotter sin**]<sub>IObj</sub> til giftinger **Eline**<sub>IObj</sub> [**xl kørlagh ...**]<sub>DObj</sub>. – *Men Jon gav dattera si, Eline, førti kuverd ... til giftemålet.* (DN X 204 1451)  
      b þær eptir gaf [**borer adernemder**]<sub>Subj/Nom</sub> [**Marggæreto fyrnemdre**]<sub>IObj/Dat</sub>

[ein glizingh ok tauu skauth]<sub>DObj/Akk.</sub> – *Deretter gav førnevnste Tore førnevnte Margrete et flor og to skaut.* (DN V 418 1402)

Også fordi vi har setningsforma nominale ledd som ikke bøyes i kasus, kan vi ikke bare definere subjektet som et nominativledd, men må føye til at det kan være et ledd som kan erstattes av et nominativledd. Derved kan vi si at leddsetningen i (4a) er subjekt fordi den kan erstattes av et nominativledd som i (4b). Dessuten er det av og til manglende kongruens mellom nominativleddet og det finitte verbet, særlig når nominativleddet kommer etter verbet og består av sideordna ledd-deler som i (5a) (Nygaard 1905: 70; Indrebø 1924: 110). For slike tilfeller er det avgjørende at nominativleddet kan kongruere med det finitte verbet, slik det gjør i en sammenliknbar setning i (5b).

- 4      a fire oss er komet [**at missæmia er ... vpuaxen ...**]<sub>Subj</sub> – *Det har kommet oss for øre at en uenighet er oppstått ...* (DN I 593 1404)  
      b kom tha fore oss [**skellig beusing ...**]<sub>Subj/Nom</sub>, – *Da kom det oss for øre truverdig bevis ...* (DN I 841 1457)
- 5      a och **kom**<sub>FinV/3.p.sg</sub> ther [**hwaske han eller hans vmbotsman**]<sub>Subj/Nom.pl</sub>. – *Og dit kom verken han eller hans ombudsmann.* (DN IV 1012 1491)  
      b **komo**<sub>FinV/3.p.pl</sub> a stemno firir mik [**af einno holfuo Niklis a Kutærudhi en af annaræ holfuo Ulfer a Glenno**]<sub>Subj/Nom.pl</sub>. – *På stevnet kom på den ene sida Nils på Kuterud og på den andre sida Ulv på Glenne framfor meg.* (DN V 423 1402)

Vanligvis svarer det ledet som framstår som subjekt i eldre norsk på grunnlag av de morfologiske forholda der, semantisk til det ledet som vi oppfatter som subjekt i en tilsvarende setning i moderne norsk. Det er ytterst sjeldent at nominativleddet i eldre norsk ikke svarer til subjektet i moderne norsk slik som i (6a). Litt vanligere er det at vi i eldre norsk har oblike ledd som “pseudosubjekta” i (6a–c) som svarer til et subjekt i moderne norsk. Jeg skal ikke her gå inn på den store diskusjonen om slike subjektaktige ledd er oblike subjekt eller ikke (se Faarlund (2001) og Jóhanna Barðdal & Thórhallur Eyþórsson (2003) med videre henvisninger), men bare opplyse at jeg har holdt slike ledd utafor denne drøftinga av subjektets plassering.

- 6      a ok ... þa þarfuztst **os**<sub>Pseudosubj/Dat</sub> [**bædhæ ydur ok altz vaars almugha hiaelp**]<sub>Subj/Nom</sub> j rikino ... – *Og ... så trenger vi både deres og heile vår almues hjelp i riket ...* (DN II 535 1393)  
      b oc [**theim baadom**]<sub>Pseudosubj/Dat</sub> vel at nøgdæ – *Og de begge var godt tilfredse.* (DN V 912 1481)  
      c tha vndhrer **oss**<sub>Pseudosubj/Akk</sub> storlighe at i sendhe saadan løss scrifft ... – *Da undrer vi oss stort over at dere sender et slikt laust skrift ...* (DN II 996 1497)

Slik jeg har definert subjektet, er altså setninger uten noe nominativledd irrelevante for denne undersøkelsen. Dels er det setninger som klart er subjektlause fordi de ikke inneholder og heller ikke kan inneholde noe nominalt ledd (7a). Og dels er det setninger der subjektet er utelatt som i imperativsetningen i (7b) og i sideordna setninger der nominativleddet er identisk med et foregående nominativledd som i (7c) eller med et ledd i anna kasus som i (7d). Som det siste eksemplet viser, er det mindre strenge regler for å utelate subjektet i mellomnorsk enn i moderne norsk (se Mørck 1990; 1992: 66–70).


- 7      a Oc ständer nw til gudz nadh oc ydra ... wm hans landzuist, – *Og det er nå opp til Guds og Deres nåde ... med omsyn til hans landsvist.* (DN I 740 1432)
- b ... þa fest  $\_Subj$  þit bref meder þino ok þæræ inziglom – ... *så fest (du) ditt brev med ditt og deres segl.* (DN XIII 79 1418)
- c gik tha [for<sup>da</sup> Helgha]<sub>Subj/i</sub> til Alms oc quadde  $\_Subj/i$  tha kona af Joren Asladotther – *Da gikk førnevnte Helga til Alm, og (hun) krevde den kua av Jorunn Aslesdatter.* (DN XI 151 1431)
- d Veer ok raadh vaart saghom ok jnwyrdaligha ifuirlasom [open bref ... konong Magnusar ... konong Hakons ... konong Olafs ok vaart æight bref]<sub>DObj/i</sub> ok vatta  $\_Subj/i$  vm frealsæ ok stadfæsto priuilegiorum ... – *Vi og rådet vårt så og gjennomlestे нøyе åpne brev fra ... kong Magnus, fra ... kong Håkon, fra ... kong Olav og vårt eget brev, og (de breva) vitner om sikkerhet og stadfesting av privilegier ...* (DN VI 327 1388)

Et kjennetrekke ved eldre norsk er at nominale ledd langt oftere enn i moderne norsk er usammenhengende slik som det indirekte objektet ovafor i (3a) og subjekta her i (8a–b). De usammenhengende ledda medfører problem for analysen som det blir for omfattende å gå inn på her, og denne artikkelen vil derfor bli konsentrert om de setningene som har sammenhengende subjekt inkludert noen subjekt som gjentas med et pronom. Bare i et par tilfeller vil de usammenhengende subjekta bli trukket inn for å underbygge analysen av setningene med sammenhengende subjekt.

- 8      a ok var þa **hwarkæ**<sub>Subj</sub> næmft [**Bergastrøm æder Liidhinæ**]<sub>Subj</sub> j fyrnæf-dan satmala, – *Og da blei verken Bergastrøm eller Liene nevnt i det førnevnte forliket.* (DN III 550 1400)
- b och thæ fell [**forscriffnæ godz**]<sub>Subj</sub> frw Cristinae [**samæ godz**]<sub>Subj</sub> til erff-dar [**som fyr er nempt i breffueno**]<sub>Subj</sub> – *Og da tilfalt det førnevnte god-set, det samme godset som er nevnt før i brevet, fru Kristine som arv.* (DN V 948 1490)

Den syntaktiske beskrivelsen i denne artikkelen vil i det store og heile bli holdt innanfor en generativ modell slik den er presentert av Platzack (1998), men naturlig nok

med noen henvisninger til mer tradisjonelle beskrivelsesmåter. Jeg kommer til å gå ut fra en setningsstruktur der subjekt og objekt i utgangspunktet er nominale ledd som inngår som spesifikator eller komplement i en dobbel verbfrase som vist i figur 1a. Preposisjonsledd og andre adverbiale ledd i denne delen av setningen, det vil si verbal-, predikats- eller sluttfeltsadverbial i tradisjonell terminologi, har jeg valgt å se på som adjungerte ledd. Ovafor verbfrasene i det syntaktiske treet har vi forskjellige grammatiske projeksjoner, blant anna AgrsP for kongruens mellom subjektet og det finitte verbet og TP for tempus, se figur 1b, og subjektsforming skjer ved at et nominalt ledd flyttes fra verbfrasene til spesifikatorposisjonene i disse projeksjonene. Adverbial i denne delen av setningen, altså nektinger og andre setningsadverbial pluss verbaladverbial med tilsvarende distribusjon, det vil si alle midtfeltsadverbiala, regner jeg som egne grammatiske projeksjoner. Subjektet kan liksom andre ledd topikaliseres til CP og eventuelt ekstraponeres til en TopP, jamfør denne delen av setningsstrukturen i figur 1c.



## 2 Topikaliserte og ekstraponerte subjekt

I gjennomgangen av det mellomnorske materialet skal vi først se på de 311 setningene som har subjektet framfor det finitte verbet, sjøl om den strukturelle beskrivelsen av disse setningene forutsetter flyttinger som først vil bli omtalt seinere i artikkelen.


Når subjektet kommer framfor det finitte verbet, står det som oftest rett framfor dette verbet enten aleine eller med en sideordnende konjunksjon framfor seg (9a–b), og subjektet er da etter vanlig analyse plassert i forfeltet i en feltanalyse og topikalisiert til spesifikatorposisjonen i CP i en generativ modell (jf. Platzack 1998: 96–98), som vist for (9a) i figur 2 under eksempel (10a–b) og (11a–b).

9        a **Wer<sub>Subj</sub>** viliom<sub>FinV</sub> at ther wither ... – *Vi vil at dere skal vite ...* (DN IV  
1001 1486)

- b ok [moder hans]<sub>Subj</sub> skulde<sub>FinV</sub> hafua ærft þeir born sit ... – *Og mora hans skulle ha arva der etter barnet sitt ...* (DN III 565 1403)

Jeg regner også med at subjektet er topikalisiert på vanlig måte i de to setningene i (10a–b) der det er henholdsvis et setningsadverbial og et verbaladverbial mellom subjektet og det finitte verbet. Dette er ikke slike fokuserende adverb som kan komme mellom subjektet og det finitte verbet i moderne norsk (sml. Faarlund, Lie & Vannebo 1997: 917–918), men heller vanlige midtfeltsadverbial ettersom denne typen adverb normalt kommer bak det finitte verbet og framfor et eventuelt infinit verb som i (11a–b). Årsaken til at det kommer to ledd framfor det finitte verbet i disse setningene, ser derfor ut til å være at dette verbet ikke har flyttet forbi midtfelts-adverbiala, men fortsatt står i verbfrasen (eller eventuelt i en annen posisjon under disse adverbiala) (se Mørck 2005b), slik det er vist for (10a) i figur 3 under eksempla nedafor.

- 10 a **huærir**<sub>Subj</sub> **en**<sub>SAdv</sub> suoro<sub>FinV</sub> at fullan bokar æidh at þeir aldri hørdhuu ... – *Hver sverga dessuten med full ed på den hellige boka at de aldri hørte ...* (DN IX 179 1384)  
b **þeir**<sub>Subj</sub> **swa**<sub>VAdv</sub> æita<sub>FinV</sub> Eiriker Palsson ... Einar Olafsson – *De heter såleis Eirik Pålsson ... Einar Olavsson.* (DN III 623 1415)
- 11 a so hefuir<sub>FinV</sub> han ok **en**<sub>SAdv</sub> [gefuet ok afhent]<sub>InfV</sub> kirkiunni ok prestenom a Monom halfua adra kyrlleigu iardar ... – *Så har han også dessuten gitt og overdratt kirken og presten på Mo halve den andre kyrleia jord ...* (DN III 403 1376)  
b en vm Torælfuægard ... var<sub>FinV</sub> **swa**<sub>VAdv</sub> [thalatt oc æntt]<sub>InfV</sub>, at ... – *Men om Toralvgard ... blei det såleis avtalt og gjort at ...* (DN V 838 1461)



Om vi ser bort fra at mellomnorsk på samme måte som norrønt har V1-leddstilling med det finitte verbet først i utsagnssetninger med narrativ/konnektiv inversjon (Mørck 2005c), har begge disse språkstega liksom moderne norsk normalt V2-leddstilling med bare ett ledd utenom en eventuell konjunksjon framfor det finitte verbet. Hægstad (1935: 9, 21) har imidlertid funnet setninger i *Strangleikar* som bryter med denne regelen og blant anna har subjekt og adverbial framfor verbet (12). Det er derfor ikke så overraskende om det også fins setninger med mer enn ett ledd framfor det finitte verbet i mellomnorsk.

- 12 Mæren<sub>Subj</sub> þegar<sub>VAdv</sub> kurteislega<sub>VAdv</sub> þacceðe<sub>FinV</sub> ... – *Jenta takka straks høyisk ...* (Hægstad 1935: 21)

Normalt regner en det ikke som noe brudd på V2-regelen når det framfor det finitte verbet står et nominalt ledd som gjentas med et pronomen (13a), eller et adverbialt ledd som gjentas med et proadverb (13b). I stedet går en i tradisjonell analyse ut fra at nominalet og adverbialet er ekstraponerte slik at proordet blir eneste ledd i forfelta (se Diderichsen 1974: 194–195).


- 13 a en [þet godz som ek eiger j Vikenne ...]\_DObj þet<sub>ProDObj</sub> skulu<sub>FinV</sub> minir  
 arfuinge haua. – *Men det godset som jeg eier i Viken ..., det skal mine  
I den moderne medieverda er det eit mangfald av tekstar, lyd og bilete, og den som har noko å meddele andre må vurdere mange faktorar før han vel ut, formar og set fram bodskapen sin. Verbale bodskapar får gjerne merksemd om dei er overraskande og stirr mot våre vanlege verdsbilete, som til dømes i avisoverskriftene “Derfor er grøntsager usunde” og “Guld og brune skove” (Ditlevsen 2002: 154). Frå stilistikken kjenner vi svært mange språklege verkemiddel som kan nyttast for å gjere bodskapen interessant og overraskande, men bruken av dei er truleg kontekstbetinga. Verkemidla som rettar seg mot innhaldet i setninga – enten dei er metonymiske eller metaforiske i sin natur – gjer språkbruken retorisk og høver då dårleg i tekstar som er underlagde ei objektivitetsnorm. I slike tekstar passar truleg verkemiddel som rettar seg mot forma betre – og vi finn faktisk ofte at innhaldet i ei nyheitsmelding eller ingressen til ein artikkel er sett fram i ei eller få lingvistiske former, som følgjer etter kvarandre og dannar mønster på tekstens uttrykksplan. Slike mønster på uttrykksplanet, *lingvistiske parallelismar* (Fabb 2004: 462), kan verke underleggjera og gåtefulle på ein lesar som vanlegvis er innstilt mot innhaldet når han les. Dei kan fange merksemda hans og skape meiningselement som gjer teksten interessant for han. Døme på det fann vi i vekebladteksten som eg drøfta i avsnitt 1.2 og *Bølgja* ovafor.

Mønster kan ein finne på mange nivå i teksten, like frå det grafiske oppsettet på sida til synsvinklar eller makrostrukturar. Men berre når likskapen gjeld språket i teksten, fell han inn under lingvistikken. Ifølgje Fabb kan slik lingvistisk parallelisme finnast på tre nivå i teksten: det fonologiske, det syntaktiske og det leksikaliske. I nemnde artikkel frå 1960, som er hovudreferansen til Fabb, set Jakobson fram nokre døme på fonologiske parallelellar, “Horrible Harry”, “I like Ike”, før han går over til “meter”, som skil seg fra parallellane ved å vere meir gjennomgripande og tekststrukturerande. Syntaktisk parallelisme finn ein der to eller fleire setningar i ein tekst har lik form:

In syntactic parallelism, the two sections of text share some or all aspects of their syntactic structure. Thus in the following pair of lines by William Blake, the second line has the same syntactic structure as the first, consisting of a verbal participle followed by a preposition phrase containing a noun phrase.

Struggling in my father's hands  
Striving against my swadling bands (Fabb 2004: 462).

Fabb fokuserer fire trekk ved den syntaktiske strukturen: form, funksjon, plass og semantisk rolle (Fabb 1997: 145). Teoretisk sett kan ein tenkje seg variasjon frå fullstendig til svakt samanfall, til dømes mellom ledda i eit setningspar. Fullstendig samanfall finn ein mellom setning 5 og 7 i eksempelteksten vår over, *Bølgja*, som eg har skrive inn i feltskjemaet for heilsetningar, slik dette er sett opp av Vassenden (1993: 34).

Fig. 1 Heilsetningsmønster for <i>Bølgja</i>								
Nr.	Kon	FORFELT	MIDTFELT			SLUTTFELT		
			v	n	a	V	N	A
5	Først	sprengte	den			seg	ut av jordas indre	
6	så	skynte	den				inn over mennesker og land.	
7	Sakte	spredte	den			seg	over hele kloden.	
8	Til slutt	nådde	sjokkbølgen			lille, uskyldige Norge.		

Med hjelp av syntaktisk analyse kan ein altså avdekkje graden eller styrken i den syntaktiske parallelismen. Der det er fullstendig samanfall er det klårt at ein slik analyse er tilstrekkeleg som ein empirisk definisjon av fenomenet, men der paralleliteten er svak, er grensa mellom syntaktisk parallelisme og normalspråk uklar og vanskeleg å trekke berre med hjelp av syntaktiske kriterium (Simpson 2004: 51). Men kva er det ved (den syntaktiske) parallelismen som gjer at han kan fungere poetisk?

## 2.2 Roman Jakobson, parallelismen og den poetiske funksjonen

Utgangspunktet for det moderne studiet av parallelismen, og koplinga til den poetiske funksjonen, finn ein i arbeidet til Roman Jakobson. Gjennom heile forfattarskapen hans er det mange merknader omkring parallelismar enten det gjeld russisk folkediktning, kjenneteikn ved den poetiske språkbruken, analysar av einskilddikt eller komparative studium av munnleg litteratur (Fox 1977: 59).

Allereie som 19-årig student i Moskva i 1915 var Roman Jakobson med på å starte den litteraturteoretiske retninga som går under namnet formalisme, ei retning som fekk si mest markante utforming i Viktor Skjlovskij sin artikkel frå 1916, *Kunsten som grep*. Kunsten framstiller velkjente ting og fenomen på ein ny og uvant måte, gjerne med ei språkform som bryt med kvardagsspråket, til dømes med parallelismar og repetisjon, slik Jakobson drøfter det i eit essay om ny russisk lyrikk frå 1919 (Fox 1977: 59).

I 1920 flytta Jakobson til Praha og fekk si første heiltidsstilling i 1933, ved Masaryk-universitetet, og bidrog etter kvart til formainga av tsjekkisk strukturalisme. Også i denne retninga stod sjølv språkforma sentralt, men no som del av ein teiknteorি. Ein ville undersøkje kulturelle ytringsformer frå teiknets synsvinkel (Bradford

1994: 31. Gammelgaard 2003: 17). I artikkelen *Hva er poesi* frå 1934, hevdar Jakobson at det spesielle med det poetiske språket er at teiknet her alltid skapar ein relasjon til røynda, ein relasjon som det samstundes bryt ned, ved at det peikar på seg sjølv og si eiga språklegheit. Parallelismen blir då eit grep som skapar slik sjølvreferanse og med det meining internt i teksten. Dette fokuset på dei formelle sidene av teksten og deira estetiske verknad, står i motsetnad til ei anna vidareutvikling av den russiske formalismen, Bakhtin og skolen hans. Dei meiner at ein tekst blir meningsfull først når han står fram som ei ytring sett fram i ein samtale i ein talesjanger. Dermed blir synet på parallelismen også annleis. Med hjelp av parallelane kommuniserer teksten si eiga form, nemleg den forma, sjangeren eller samtalen som teksten skal lesast inn i. Mens formalistane hevdar at parallelismane tek lesarens merksemد med det at dei gjer teksten ukjenneleg, så kan ein, med utgangspunkt i Bakhtin, hevde at parallelane tek merksemda ved det at dei gjer teksten kjenneleg. Dei koplar teksten til ein kontekst og har då ein diskursiv funksjon. I den praktiske analysen av sakprosatekstar i del 3 skal vi sjå at desse to perspektiva støttar opp om kvarandre.

I artikkelen *Lingvistikk og poetikk*, frå 1960, summerer Jakobson opp mykje av arbeidet sitt med den poetiske funksjonen. Denne artikkelen er avslutningstala på ein konferanse om stilistikk, halden i Indiana i 1956. Konferansen markerte eit vendepunkt i forskinga innom stilistikken. For det første førte konferansen saman representantar og arbeid frå to stiltradisjonar som til då hadde vore skilde – den engelskspråklege nykritikken, representert med Wimsatt, Wellek, Richards, Hollander, og den europeiske formalismen og strukturalismen med m.a. Jakobson. Desse skulane hadde same interessefelt – dei karakteristiske kjenneteikna som skilde det skjønnlitterære språket frå annan språkbruk. For det andre gav konferansen, og då først og fremst gjennom Jakobson sitt bidrag, eit lingvistisk fundament for dette interessefeltet – eit fundament for definisjonen, studiet og kanskje også for vurderinga av skjønnlitteratur og då særleg språkbruken som kjenneteikna denne litteraturen: det poetiske språket (Attridge 1987: 38).

Fundamentet fann altså Jakobson ved å legge poetikken inn under lingvistikken; ein strukturell lingvistikk som han sjølv hadde vore med å utvikle under opphaldet sine i Moskva og Praha. Utgangspunktet for dette arbeidet var ei førelesingsrekke som Ferdinand de Saussure hadde halde i Wien frå 1900–1919 (Seuren 1998: 148). Her sette han opp fire dikotomiar som ordna feltet for språkforskinga; ein av desse var langue – parole, eller skilnaden mellom språksystemet – som var emnet for lingvistikken – og språkbruk. For å få poetikken inn under lingvistikken må Jakobson endre på denne skilnaden – eller han må la lingvistikken omfatte ein del av språkbruken. “Det poetiske språket” er nemleg ikkje ein eigen språkleg varietet ifølgje Jakobson, men ein særskild måte å *bruke* språket på som ein finn i alle teksttypar, men som er dominande i skjønnlitteraturen. I skjønnlitteraturen er ikkje språket først og fremst retta inn mot verda det refererer til, ikkje mot han som taler eller han som hører eller les, og heller ikkje mot koden eller kommunikasjonskanalen som blir brukt, men mot sjølve det språklege uttrykket (Jakobson 1960: 126).

Men korleis oppnår språket denne sjølvreferansen som gjer det poetisk? Kva ved teksten har den verknaden på lesaren at han rettar merksemda mot sjølve det språklege uttrykket? Kva er “*den poetiske funksjonens lingvistiske og empiriske kriterium*”, kriteriet som legg poetikken under lingvistikken, spør Jakobson (1960: 128). Svaret finn han i oppattakinga av lingvistiske formelement, enten desse er forma på tekstens fonologiske, morfologiske eller syntaktiske nivå. Oppattakinga av eit formelement rettar merksemda til lesaren mot språkforma som er gjenteken. Lesaren rettar merksemda mot sjølve teiknmaterialet som teksten er sett saman av og dei mønstera som det skapar på teksten sin overflate.

Jakobson er mest oppteken av det fonologiske nivået, og gjennom analyseeksempl viser han at tekstelement som kjem etter kvarandre, har lik fonologisk struktur – meter, rim, rytme. I den grad analysen stadfestar at to eller fleire delar av teksten har lik fonologisk struktur, så er tekst(del)en poetisk. Lenger ute i artikkelen, på s 140, handsamar Jakobson det semantiske tilhøvet mellom dei formlike ledda.

Denne definisjonen av poesi er då lingvistisk, tekstintern, empirisk og eksplisitt – analysen legg det poetiske klårt i dagen og friger poesidefinisjonen for vurderingar, verdiar og maktrelasjonar, og tilbyr ein reint lingvistisk måte å stadfeste kva som er poesi. Det er teksten sjølv som proklamerer sin eigen poesitet. Om teksten ikkje har desse kjenneteikna, så er han ikkje poetisk, sjølv om forfattar eller leesar påstår det.

Jakobson definerer poesien som oppattaking av lingvistiske formelement, og legg han med det under lingvistikken: Han som vil forklare kva som er det poetiske i ein tekst, må gjere det med hjelp av det lingvistiske fagspråket, namngje formelementa og vise at dei kjem etter kvarandre i forløpet til teksten og skapar parallelismar. Og her finn ein truleg årsaka til at Jakobson sin artikkel fekk så mykje å seie, han møtte eit følt sakn for presisjon innan litteraturteorien og stilistikken i femtiåra (Attridge 1987: 15).

### 2.3 *Ein språkproduksjonsmodell*

Grunnlaget for denne samankopplinga av parallelismen og den poetiske funksjonen hadde Jakobson lagt i ein tidlegare artikkel, *Två kapitel om språket*, frå 1956 (Jakobson 1956). Her påstår han at verbale handlingar er styrt av to samanlevde prosesser: seleksjon og kombinasjon. Når vi skapar ei verbal ytring, vel vi ut språklege einingar frå koden og kombinerer dei til større heilskapar, ei “syntagmatisk kjede”, som kan vere ei setning eller ein tekst. Til dømes kan språkbrukaren velje ut ord med omsyn til tydinga deira for å skape ei ytring som best mogeleg samsvarar med eit fenomen i verda. Han kan også gje ytringa ein stilverdi om han, ved nokre ledd i den syntagmatiske kjeda, vel ut ord som er forbunde med t.d. høgstil. Ord og setningar har altså både ei tyding og ein stilverdi, men dei har også formelle eigenskapar. Dei er sette saman av ein sekvens av språklydar, og har ei fordeling av trykksterke og trykksvake stavingar. Dei er forma etter eit frasemønster, som kan vere ulikt utfyldt. Dei er forma etter eit setningsmønster med felt og plassar, som kan fyllast med likt eller ulikt materiale. Når den poetiske funksjonen er dominerande i ein tekst, så vil

språkprodusenten, ved kvart ledd i den syntagmatiske kjeda, velje ut ledd med omsyn til lydleg struktur eller frasemønster. I tradisjonelle dikt vel han ut einingar med ei trykkfordeling som passar inn i eit bakanforliggende metrisk mønster (Fabb 2004: 463). I syntaktisk parallelisme vel språkbrukaren ut element slik at t.d. ledda i eit setningspar får same form, funksjon, plass og semantisk rolle (Fabb 1997: 145).

Ut frå ein slik seleksjonsteori kan vi ordne teiknmaterialet i ein tekst langs to dimensjonar (Kittang 1985: 28. Jakobson 1956: 131): *Den syntagmatiske dimensjonen* samsvarar mest med kombinasjonen over, og den ordnar orda og setningane i teksten som delar av eit forløp: ei setning, ei forteljing, ei skildring, ein argumentasjon. I slike tekstar dominerer nærlieksrelasjonar: logisk nærliek mellom ord sett saman til eit forløp, og nærliek mellom orda i teksten og dei fenomen i verda som teksten refererer til. Jakobson nyttar ordet metonymisk om desse relasjonane.

*Den paradigmatiske dimensjonen* samsvarar mest med seleksjonen nemnd over og er dominerande i tekstar der ord, setningar og tekstdelar er valde ut med omsyn til dei formelle verdiane, stilverdiane deira og for å skape semantiske likskapar eller forskjellar: parallele handlingsrekker og personkarakteristikkar eller lydlege eller syntaktiske mønster på overflata til teksten – altså lingvistisk parallelisme. Jakobson nyttar omgrepene metaforisk om desse relasjonane.

### **3 Korleis kan omgrepa “paradigmatsk dimensjon” og “syntaktisk parallelisme” skjerpe lesarens blick for den poetiske funksjonen i sakprosa?**

#### *3.1 Ein lesemodell*

Til Jakobson sin språkproduksjonsmodell svarer det ein lesemodell, der ein tek utgangspunkt i dikotomien mellom den paradigmatiske dimensjonen og den syntagmatiske dimensjonen i teksten:

Den lesaren som er konsentrert kring tekstens semantiske eller paradigmatiske akse, vil heile tida spørre: kva minner dette meg om? Kva peikar dette mot? Kva betyr eigentleg dette? Den lesaren som er meir opptatt av den syntaktiske eller syntagmatiske aksen i teksten, er til gjengjeld nyfiken etter å “sjå korleis det går”, eller finne ut kva som hender på neste side. For å nytte meir gjengse litt rærere begrep: den første lesaren samlar seg om tekstens symbolske og tematiske mønster; den andre om tekstens handlingsmønster. ... hovudvekta vil som regel ligge på den eine eller den andre aksen (Kittang 1985: 29).

*Den syntagmatiske lesemåten* er sjølvsagt grunnlaget for all lesing. Den går linellangs og set ord og frasar saman til setningar og setningar til tekstar. Det er denne operasjonen vi vanlegvis forbind med lesing. Lesaren ventar seg syntaktisk samanheng mellom orda som er presenterte for han i ei setning og får problem om denne samanhengen ikkje er klår (Jakobson 1956: 131). Orda og setningane i tekstar er ofte, av økonomiske eller kunstnarlege grunnar, forma slik at dei nemner eit trekk

ved eit fenomen som så metonymisk veks i lesaren til ein heilskap. I Kiellands *Skipper Worse* vil frasen *lukten av ull og tobakk* metonymisk vekkje førestellinga om eit heilt sjøbumiljø i lesaren. Ei avisoverskrift kan vekkje minnet om ei aktuell sak.

*Den paradigmatiske lesemåten* søker etter formelle og semantiske likskapar og forskjellar mellom tekstdelar, som ikkje nødvendigvis har syntaktiske relasjonar med kvarandre. Det kan vere ord som har same stilverdi eller same lydlege struktur, eller setningar som er forma etter same mønster, fylt med likt språkleg materiale. Viss to ord i to parallele setningar har lik syntaktisk verdi, så understrekar det forskjellar og likskapar i leksikalsk tyding. Slike spel mellom likskapar og forskjellar på det fonologiske, syntaktiske og semantiske planet uttrykkjer den poetiske funksjonen (Kittang 1985: 28). Parallelane si oppgåve er då å invitere lesaren til å gå inn i eit slike tekstinternt, meiningskapande spel. Sjølve invitasjonen ligg i dei språklege grepa som fokuserer form og gjer teksten underleg. Lesemåten er truleg styrt av forventningar, i eit lyrisk dikt ventar lesaren seg slike samanhengar og er merksam på dei. I sakprosa ventar lesaren seg at innhaldet i teksten er sett fram linelangs, og paradigmatiske relasjonar kan lett oversjåast.

Ut frå denne teorien kan ein lese ut både syntagmatiske og paradigmatiske relasjonar mellom orda i ein tekst, og begge desse dimensjonane skapar meinung i teksten. Dette kan eg illustrere med nokre verselinjer frå eit dikt av M. Drayton:

Since there's no help, come let us kiss and part –  
Nay, I have done: you get no more of me;  
And I am glad, yea, glad with all my heart  
That thus so clearly I myself can free.  
Shake hands forever, cancel all our vows,  
And when we meet at any time again,  
Be it not seen in either of our brows  
That we one jot of former love retain ... (Hedley 1988: 9).

Ifølgje Hedley har forfattaren laga eit dikt ut av ytringane til berre den eine parten i ei ansikt til ansikt-samtale. Den andre parten i samtala, kanskje "ho", kjem ikkje til orde i diktet, ho er til stades i teksten berre i den grad talaren henvender seg til ho eller svarar på utspelet frå ho. På dette grunnlaget må lesaren tolke ho inn i teksten, og han må konstruere ein kontekst for samtala mellom dei to. Denne konteksten er altså ikkje direkte uttrykt i teksten, og lesaren må, som i dømet frå Kielland over, lese han ut av dei uttrykka som ligg der. Til dømes vil lesaren ut frå innleiingssetninga,

Since there's no help, come let us kiss and part –  
anta at talaren har eit kjærleiksforhold til den han snakkar med, og at han no er klar for å gå ut av dette forholdet. Utropet "Nay" i

Nay, I have done: you get no more of me;

gjev lesaren førestellinga av at den andre dreg ut avskilskyssen, og ikkje vil gje slepp på talaren. Konteksten, handlingane og ytringane til partnaren veks *metonymisk* ut av dei språkhandlingane som talaren rettar mot ho. Til saman dannar dei då ein handlingsgang og den kan samsvare med hendingar i verda. Slikt tolkande arbeid koplar teksten til konteksten og følgjer den metonymiske vegen. “A set towards the context” (Bradford 1997).

Men teksten er også *metaforisk*, ifølgje Hedley. Det kan vi sjå av at ytringane til talaren er sett fram i eit metrisk mønster med ti stavingar i kvar line, fem av dei med trykk og fem utan. Sidan dette mønsteret gjentek seg for kvar line i diktet, skapar det ein poetisk struktur. Kvar einskild av ytringane til talaren verkar realistisk nok og inviterer til ein metonymisk lesemåte mot konteksten, men det er ikkje realistisk at talaren set fram alle ytringane sine i same metriske mønster. Dette bryt ned teksten si binding til konteksten, ein får mistanke om at forfattaren ikkje først og fremst vil gje att ei samtale som han har hatt med si (tidlegare) kjære. Teksten sin referanse til ei utanomspråkleg verd vert broten ned, og tekstelementa sine relasjonar til dei andre elementa i teksten vert meir sentrale i medvitet til lesaren – til dømes semantiske relasjonar mellom rimorda “*part*” og “*heart*”; “*me*” og “*free*”.

Her vil eg legge til at desse paradigmatiske relasjonane leier fokuset til lesaren vekk frå konteksten og over til sjølve teksten når han skal tyde eit telement eller eit teikn i teksten. Teiknet blir relatert til andre teikn i teksten. Rimorda blir relatert til andre rimord, og skapar med det relasjonar mellom ord som ikkje er relaterte til kvarandre i setninga. Orda “*me*” og “*free*” er ikkje ledd i same setning, og det er ikkje “*heart*” og “*part*” heller. Likevel dannar dei ein meaningsstruktur i kraft av å vere rimord. I dette diktet dannar desse rimorda det ein kan kalle ein synedkoke over innhaldet i samtala som utviklar seg langs den syntagmatiske kjeda i diktet. Rimpara blir eit slags gresk kor, dei dannar ein sidesong som mimar hovudsongen, som er sett fram igjennom samtala mellom partane. På denne måten skapar formelementa eit mønster i teksten. Mønsteret vekkjer merksemda til lesaren, og han senkar takten i lesinga. Den formelle likskapen mellom formelementa i mønsteret skapar forventningar om semantiske likskapar, dei fungerer som ei gåte: Kva meaning uttrykkjer rimorda *heart-part*? Lesaren finn så ein semantisk relasjon mellom dei rimande ledda. Denne meaninga har no eit feste i teksten, og er i ein forstand sjølvstendig i høve til resten av teksten.

Denne meaningsstrukturen eller storleiken har då, som andre storleikar i teksten, ein funksjon. I dømet vårt er funksjonen klårt støttande til det temaet som blir skapa igjennom samtala mellom partnarane (Jakobson 1960, sjå sitat i del 1.2). Det er harmoni mellom hovudsong og sidesong. Men det er lett å tenkje seg at sidesongen t.d. kan ha ein ironisk funksjon og byggje ned den meaninga som er skapa langs hovudsongen – teksten sin syntagmatiske dimensjon.

Eit døme på det finn vi hos Mørster (1993). Han les novella *Faderen* av Bjørnson, og registrerer at hovedpersonen, storbonden Tord, i slutten av novella vender seg bort frå dei slekts- og æresverdiane som han heldt så høgt i den første delen av tek-

sten. Han tek innover seg kristne verdiar som audmjukskap og nøysemd. Men denne vendinga finn vi ikkje att i den paradigmatiske dimensjonen. Ved kvart ledd i den syntagmatiske kjeda vel forfattaren ut syntagme som er forbunde med sagastilen. Forteljarmåten og talemåten til dei islandske åttehøvdingane er lagt ut over heile handlingsforløpet. Sjølv etter at Tord har vendt om til kristne verdiar, talar han som ein sagahelt. Slik kan ein seie at teksten sin paradigmatiske struktur byggjer ned dei meiningsrelasjonane som er skapa langs den syntagmatiske kjeda.

Det kan også vere paradigmatiske relasjonar mellom ledda i éi setning. Eit døme på det nemner Simpson (2004: 52):

He disappeared in the dead of winter.

Her er det mellom anna samklang mellom første og siste konsonant i orda “*disappeared*” og “*dead*”, og denne formelle likskapen opnar opp for ein semantisk likskap mellom dei to orda: ein konvensjonell metafor av typen “døden som ei reise”. Her er poenget at denne metaforen skapar semantiske relasjonar som kjem i tillegg til dei relasjonane som syntaksen skapar mellom elementa i setninga. Denne metaforen blir skapa fordi det er ein formal, fonologisk likskap mellom dei to orda. Det er i denne forstand forma skapar meinинг; ei meinинг som kjem i tillegg til anna meinинг som utsegna elles måtte ha. I dette tilfellet er det harmoni mellom den meinингa som er skapa langs tekstens paradigmatiske dimensjon, og den meinингa som er skapa langs den syntagmatiske dimensjonen.

### 3.2 *Tilhøvet mellom paradigmatisk meinинг og syntagmatisk meinинг*

Dei to dimensjonane – den paradigmatiske og den syntagmatiske – er altså til stades i einkvar sakprosatekst, og slik blir det skapa to typar meiningsmønster i teksten. I nokre tekstar er språkvala gjort berre med omsyn til effektiv representasjon, og då blir dei paradigmatiske relasjonane mellom orda oftast usynlege (del 1,3). I andre tekstar kan språkbrukaren ha valt ut ord og vendingar med omsyn til stilverdi, lydleg verdi eller formell verdi. Då blir den paradigmatiske dimensjonen markert i overflata til teksten, og den kan då ta merksemda til lesaren bort frå dei personane og sakene som teksten refererer til, og vende han mot sjølve det språklege uttrykket. I sakprosatekstar vil dette skape ein liten “poetisk” augneblink der sjølve språkforma er i fokus. Dette formfokuset kan så skape eit meiningselement som lesaren tek med seg når han vender attende til det syntagmatiske forløpet i teksten, og meiningselementet kan vere viktig for tolkinga av teksten.

Når sakprosateksten er sett fram med kanonisk parallelisme eller med rim og rytm, så kan dette mønsteret vekkje den poetiske lesemåten, og gjere den dominerande over heile teksten. Døme på det er *Bølgja* i del 2,1. Lesaren rettar då merksemda mot formelle og semantiske likskapar mellom elementa i teksten. Språket sin referanse til verda blir broten ned, men nedbrytinga vert sjeldan fullstendig ifølgje Jakobson (1960: 144). Orda og setningane formar alltid bilet som vi kan kople til

kjende fenomen i verda vår. Teikna blir tvitydige. Dei viser til verda, men også til dei andre teikna i teksten. Ein spør seg då: "Er dette noko som har skjedd, eller er det oppdikta for å illustrere et allmennmenneskeleg prinsipp?"

Slik rører avkodinga (og kodinga) av teikna i teksten seg mellom 1) referansen deira til verda og 2) relasjonen deira til andre element i teksten (Bradford 1997: 95. Bradford 1994: 70).

I einkvar tekst, også sakprosa, vil meiningsstrukturen framstå gjennom eit samspele mellom desse to mønstera eller språkdimensjonane. Samspelet mellom dei to meiningsstrukturene kan vere av mange slag, men her tek vi utgangspunkt i Jakobson (1960: 144), og nemner to, og dei vil eg no finne døme på, frå sju av dei 13 tekstane som stod på framsida til Bergens Tidende den 03.01.00.

### 3.2.1 Oppbygging

I dømet frå Simpson og i diktet til Drayton i del 1.2, fann vi at meiningsrelasjonane som var skapa langs den paradigmatiske dimensjonen, støtta opp under meiningsstrukturen i tekstens syntagmatiske forløp. Det same tilhøvet finn vi også i denne teksten frå BT-framsida vår:

#### **Teaterfest og kritikerslakt**

Spente sitter Den Nationale Scenes grand old men, skuespillerveteranene Rolf Berntzen og Lothar Lindtner, og venter på urpremieren på "Niels Klims forunderlige reise", den aller første dramatiseringen av Ludvig Holbergs roman. I år var det nøyaktig 150 år siden Ole Bull åpnet Norges første teater, Det Norske Theater i Bergen, og på jubileumsdagen hyllet statsminister Kjell Magne Bondevik jubilanten med tale og en gave på 250 000 kroner fra regjeringen. Den Nationale Scene slo til med ikke mindre enn tre Holbergpremierer på en dag, foruten Niels Klim, "De Vægelsinnede" og "Erasmus Montanus". Storsatsingen får imidlertid en lunken mottakelse hos BT's teateranmeldere.

Teksten er sett saman av fire heilsetningar. I tre av dei finn vi apposisjonar, til saman fem. I dei to første setningane finn vi heile tre apposisjonar, og dei gjer teneste på same plassen i fyldige og formlike substantivfrasar.

**Fig. 2 mønster for substantivfrasar for *Tearefest og kritikerslakt***

Best.	Beskr.	Subst.	Genitiv	Adv.	Tunge ledd
Den Nationale Scenes	grand old	men			skuespillerveteranene Lothar Lindtner og Rolf Berentzen
Niels Klims	forunderlige	reise			den aller første dramatiseringen av Ludvig Holbergs roman
Norges	første	teater			Det Norske Theater i Bergen.

Framfor kjernen har dei alle eit genitivsledd på plassen for bestemmarar og eit enkelt uttrykk på plassen for beskrivarar. Etter kjernen har dei lange apposisjonar på plassen for tunge ledd, mens dei to andre plassane er tomme. Desse syntaktiske parallel-

lane finn vi altså i setningane som innleier teksten. Dei rettar lesarens merksemd mot det formlike elementet som blir oppatteke. Slik blir apposisjonane og framformstilte genitivsledd fokuserte. Desse formelementa er med i det språklege inventaret som er forbunde med “høgstil”, og dette stilelementet blir då meldt til lesaren i den første setninga i teksten. Stilnivået blir bekrefta i resten av teksten ved høgstilstilmørkar som hyppige og lange apposisjonar og ord som “*hyllte*”, “*statsminister*”; “*Den Nationale Scene*”, “*jubilanten*”, “*tale*”, “*gave*”, “*teaterfest*”. Tematiseringa av eit fritt subjektspredikativ, “*Spente*”, i innleiingssetninga markerer også høgstil, og viser metonymisk til biletet av festkledde skodespelarveteranar på framsida av avis. Ein kan seie at teksten på denne måten kommuniserer til lesaren den forma som han skal lesast inn i, og denne kommunikasjonen skjer då i den første setninga, der han sjølvsgatt høyrer heime.

I tillegg til dette skapar desse formlike substantivfrasane ein annan paradigmisk struktur. Apposisjonane på plassen for tunge ledd fokuserer til saman dei tre storleikane som er hylla gjennom det jubiléet som teksten skildrar:

skusepillerveteranene	<i>skuespillerveteranene Lindtner og Berntsen</i>
skodespelet	<i>den aller første dramatiseringen av L Holbergs roman</i>
teateret	<i>Det Norske Theater</i>

Den siste setninga bryt så ned feststemninga:

*Storsatsingen får imidlertid en lunken mottakelse hos BT's teateranmeldere.*

og stilnivået samsvarar med den kjølige mottakinga premierane får av kritikarane, frå høgstilmørkarar går teksten over til eit nøkternt kvardagsspråk. Denne motsetnaden er også markert i overskrifta: *Teaterfest og kritikerslakt*.

I motsetnad til dømet som eg drøfta tidlegare, *Faderen*, så er endringa i den syntagmatiske dimensjonen markert med ei tilsvarende endring i den paradigmatiske dimensjonen. Journalisten respekterer kritikarrøysta og skifter over til eit stilnivå som samsvarar med meldinga hans, dei to stemmene i teksten er likestilte (Englund og Ledin 2003: 212).

Dei parallelle substantivfrasane har altså ein diskursiv funksjon, dei viser til stilnivået høgstil, som lesaren legg ut over teksten. Men dette meingselementet har så ei tekstintern oppgåve; det markerer motsetnaden, konflikten mellom dei to tekstdelane eller stemmene – den som formidlar teaterfest og den som formidlar kritikarslakt; den som formidlar ei stor forventning og den som formidlar ei lunken mottaking. Teksten blir då todelt, tostemt og haldninga til premieren tvitydig og uavklåra. Her har dei syntaktiske parallelismane til oppgåve å markere konflikt mellom stemmer i teksten, men dei kan også markere stemmer som støttar opp om kvarandre, slik vi ser i denne teksten henta frå same framside av BT:

### 1. Tok tyvene på fersken

2. Tyvene trodde de hadde gjort som Olsenbanden – planlagt det perfekte kupp.
3. Men da de tre karene brøt opp inngangsdøren, og begynte å bryte opp spilleautomatene på Ågotnes kro på Sotra natt til i går, lå politiet på lur og ventet. – 4.
- Du skulle ha sett ansiktene deres. 5. De var det vi på godt bergensk kaller månebedotten. 6. Eg tror aldri noen innbruddstyver har vært så lamslåtte som disse karene, 7. forteller lensmannsbetjent Gustav Landro.

Teksten er delt i to. I den første delen, der journalisten fortel om dei dramatiske hendingane på Sotra, finn vi, som i vekebladteksten i del 1.2, ein konflikt mellom ønskt framtid og realisert notid uttrykt med verbale middel. To handlingsrekker har imperfekt aspekt: Tjuvane sin plan for det gode kuppet, og politiet som ligg på lur og ventar, er begge uavbrotne, vedvarande, stabile handlingrekker. Dei utgjer eit scenisk bakteppe til den avslutta handlinga i verbet “*brøt opp*”. Denne perfekte handlinga avsluttar då dei to imperfekte handlingsrekjkene, og utløyser konfliktane som ironien og komikken i teksten kviler i; mellom ønskt framtid og realisert notid, mellom dumme tjuvar og lure politifolk, mellom rett og gale. Den avslutta handlinga er då sentral, og gjenteken i parallelismar – “*brøt opp inngangsdøren*”, “*begynte å bryte opp spilleautomatene*” – i to koordinerte leddsetningar, som er tematiserte og med det gjevne fokus.

Om vi no studerer den siste tekstdelen, der lensmannen talar sjølv, så finn vi desse ledda tematisert:

Du  
De  
Eg

som alle er nakne, personlege pronomen med subjektsfunksjon i setninga, og dei dannar parallelismar. Dette rettar lesarens merksemnd mot desse gjentekne pronomena, men viser denne formlikskapen mellom ledda til ein semantisk likskap?

Ja, vi ser at desse ledda til saman tematiserer grunnstrukturen i all forteljing. Forteljaren vender seg først til publikumet sitt med eit, “*Du skulle ha sett*”. Her får lesaren kjensla av at no talar lensmannen direkte til han. Så set han fram emnet han fortel om, “*De...*”; og markerer til slutt seg sjølv som forteljar, han som set saman og har oversikt over forteljinga, “*Eg*” (Kittang 1998). Dette understrekar det munnlege i forteljinga, og gjev han referanse. Vi ser nærmast den smilande og nøgde Landro framfor oss når han gjev til beste historia om dei uheldige tjuvane på Sotra. Det er ei god historie og teksten skapar sjølv den munnlege forteljarsituasjonen ho blir sett fram i, og som best tener den humoristiske modusen som ligg over ho. Det er dei parallelle pronomenledda som skapar denne forteljarsituasjonen, saman med direkte tale, anføringsorda “*forteller lensmannsbetjent Landro*”, ein del munnlege former som “*eg*” og “*månebedotten*” og nokre strykningar – “*som*” i setning 5 og “*at*” i setning 6.

Dei parallelle personlege pronomena – *Du*, *De*, *Eg* – får fokus gjennom tematisering og startar først eit internt språkspel mellom forfeltsledda. Det skapar meiningselementet “munnleg forteljarsituasjon”, og i lesaren veks det metonymisk fram ein kontekst som forteljinga kan lesast inn i. Vi merkar at setning 4, 5 og 6 ikkje inneheld ny informasjon om sjølve hendinga – dei fortel berre at tjuvane var overraska då dei blei tekne – og det er vel ikkje meir enn lesaren sjølv kan tenkje seg til. Funksjonen til desse setningane er då ikkje å gje nye opplysningar om tjuveriet, men å skape ein kontekst som lesaren kan sette teksten inn i – og her er forfeltsledda viktige. Dermed blir det poetiske språkspelet underordna og støttande til den diskursive funksjonen, som koplar teksten til ein munnleg, forteljande talesjanger.

Såleis er dei dramatiske handingane på Ågotnes sett fram med to stemmer, kvar markert med syntaktiske middel: Journalisten si stemme er markert i eit komplisert og kompakt forteljarspråk, mens lensmannen er likefram og folkeleg i si munnlege framstilling, det er samsvar mellom paradigmatisch og syntagmatisk dimensjon i kvar av dei to tekstdelane. Det er også harmoni mellom dei to stemmene, og dei støttar opp om kvarandre, lensmannen skapar kontekst til journalisten si forteljing. Men tjuvane er ikkje representerte med sjølvstendige stemmer i teksten, og det kan opne han for lesaren, og gjere han tvitydig.

Nokre av parallelismane som er nemnde over er tydelege, men også svake parallelismar kan skape mening, som til dømes i denne teksten frå framsida vår:

### Kreves fengslet i dag.

Det var den 51 år gamle Dag Martin Mossestad fra Høyanger som ble drept tidlig lørdag morgen i et slagsmål i Førde. Politiet har foreløpig siktet samboerens sønn, som er i 20-årene, for forsettlig drap. I retten i dag vil politiet kreve siktede fengslet for fire uker, to med brev- og besøkskontroll.

I denne teksten er ikkje forfeltsledda særleg viktige for innhaldet. Den første setninga er ei utbrytingssetning der “*den 51 år gamle D.M.M*” blir sett i fokus som ny informasjon (Vassenden 1993: 91,145). Men utbrytingssetninga er ikkje heilt “ekte”. Det formelle subjektet, “*det*”, er ikkje heilt innhaldstomt i denne setninga, men viser til eit drap i Førde, som avisar har skrive om tidlegare. På den måten viser pronomenet “*det*” til informasjon som er kjent for ivrige BT-lesarar. Utbrytingskonstruksjonen fokuserer den informasjonen som er ny for lesarane, nemleg identiteten til den drepne. Denne første setninga gjev så eit mønster for korleis dei neste setningane kan lesast (sjå døme frå talen til Mandela nedanfor). Også dei er sette opp slik at verbalet fokuserer ein ny person:

Kjent informasjon	Fokus på ny person.	Fleire opplysningar om fokusert person.
1. Det var	<b>den 51 år gamle Dag Martin M.</b>	fra Høyanger som ble drept tidlig lørdag morgen i et slagsmål i Førde.
2. Politiet har foreløpig siktet	<b>samboerens sønn,</b>	som er i 20-årene, for forsettlig drap.
3. I retten i dag vil politiet kreve	<b>siktede</b>	fengslet for fire uker, to (-) med brev- og besøksforbud.

Deretter kjem fleire opplysningar om personen som er fokusert i setninga, i form av preposisjonsadverbial og relativsetning (1); i form av relativsetning og preposisjonsobjekt (2), og i form av objektspredikativ med substantivfrase der kjernen, “*uker*”, er stroke (3). Setningane er altså sett saman av ulikt språkleg materiale. Likevel skapar den første setninga eit mønster for avlesinga av dei to neste setningane, det fokuserer eit ledd i kvar setning, og er støtta av semantisk likskap mellom dei “utbrotne” ledda. Tilsaman tematiserer desse fokuserte personane eller ledda kjernen i meldinga, og skapar med det ein paradigmatsk struktur i teksten:

Dag Martin M  
samboerens sønn  
siktede

Parallellane skapar meiningselement gjennom eit tekstinternt spel mellom fokuserte ledd. Dette meiningselementet koplar så teksten til kontekst – dei fokuserte personane er å finne i Høyanger og Førde – men det er ikkje denne kontekstkoplinga som er viktig her. Det viktige er den tekstinterne koplinga mellom offer og gjerningsmann: Sett med tabloide auge er det éin ting som er viktig med denne saka: Det er sambuaren sin son som er sikta. Funksjonen til mønsteret er altså *poetisk* med det at dei skapar språkspel, men denne funksjonen er klårt underlagd ønsket om å skape interesse for teksten: Kvifor tok guten livet av kjærasten til mor si?

### 3.2.2 Nedbygging

Meiningsrelasjonane som er skapa langs den paradigmatiske dimensjonen i teksten, kan også bryte ned dei relasjonane som er skapa langs tekstens syntagmatiske dimensjon, slik vi fann døme på i vekebladteksten (del 1.2), og i kommentaren til *Faderen* (del 3.1). På BT-sida vår finn vi denne teksten:

#### Må nytta vetoretten

Faren, Hans Olav, var på 80-talet kjend som ein av Kristeleg Folkepartis mest markante stortingsrepresentantar med fråhaldssaka og abortmotstand som hjartesaker. Sonen, Steinulf Tungesvik, høyrer til på venstresida i Sp og er statssekretær hjå sosialministeren. Politisk møtest far og son som ihuga EU-motstandarar.  
– Regjeringa må ikkje nøla med å nytta vetoretten mot matsminkedirektivet, seier dei to.

I dei to første setningane i denne teksten finn vi substantivfrasar med apposisjonar i forfeltet. Dei er laga av det same språklege materialet, og har begge subjektsfunksjon i setningane dei innleier, og er såleis parallelle. Kjernene i frasane dannar eit leksikalsk par: far–son.

Faren, *Hans Olav*, var på 80-talet kjend som ein av Kristeleg Folkepartis mest markante stortingsrepresentantar med fråhaldsaka og abortmotstand som hjartesaker.

Sonen, *Steinulf Tungesvik*, høyrer til på venstresida i Sp.

Dette mønsteret finn vi att i to andre tekstar på framida vår:

### **Farvel Snoopy**

Knøttenes far, Charles M. Schultz pensjonerer seg 4. januar. Siste ferske daglige utgave med Knøttene & co kommer på trykk i dag.

### **Carole stakk fra Fredriksberg**

Forrige sesongs Tertnes-trener, Carole Martin, fikk ikke forlenget kontrakten i danske Fredriksberg. Det gjorde henne så sint at hun gikk på dagen.

Vi skriv dei tematiserte substantivfrasane i innleiingssetningane til desse to tekstane inn i skjemaet vårt, saman med dei tilsvarande ledda i teksten *Må nyttा vetoretten*:

<b>Fig. 3 Mønster for substantivfrasar for tre tekstar</b>					
<b>Best.</b>	<b>Beskr.</b>	<b>Subst.</b>	<b>genitiv</b>	<b>Adverb.</b>	<b>Tunge Ledd</b>
		Faren			Hans Olav
		Sonen			Steinulf Tungesvik
Knøttenes		far			Charles Schult
Forrige sesongs		tertnestrener			Carole Martin

Parallellane skapar mening ved å kople teksten til ein kontekst, ein presentasjon. I denne sjangeren ligg det forventningar om at den som presenterer, journalisten, skal gjere den presenterte, t.d. “*Carole Martin*”, kjent for ein tredjepart, lesaren. I dei to siste presentasjonane, ser vi at dette fungerer: Orda på plassane best og subst, “*Forrige sesongs tertnestrener*”, gjer eigenamnet på plassen for tunge ledd, “*Carole Martin*”, kjenneleg for leسارar frå Bergen. I den første presenteringa ser vi at ordet på plassen subst, “*Faren*”, gjer fornamnet på plassen for tunge ledd, “*Hans Olav*”, berre endå meir gåtefullt.

Teksten *Må nyttा vetoretten* bryt med sjangerforventningane; for denne presentasjonen gjer den presenterte, ikkje kjent, men ukjenneleg for lesaren – eller presentasjonen har ikkje nok opplysningar til å gjere den presenterte kjenneleg. Presenta-

sjonsforma blir då nytta her til å gjere det motsette av det ein ventar av ho. Presentasjonen skapar så eit tekstinternt språkspel: Kva kjent Krf-politikar hadde fråhaldsaka som hjertesak? Svaret på dette finn leseren så i apposisjonen i andre setninga, men den opnar då for ei ny gåte: Kva er likskapen mellom desse personane som er presenterte i same formmønster? Her skapar parallellane eit meiningselement ved å kople teksten til ein kontekst: språkhandområdet presentasjon. Dette elementet får så poetisk funksjon med at teksten bryt med sjangerforventningane, eller nyttar sjangerforventningane til å skape ei gåte – som etter kvart blir løyst i teksten.

Vi ser då nærmare på dei to sistnemnde tekstane, som står side om side på fram-sida vår, og spør om den formelle likskapen viser til semantiske likskapar mellom dei. Ja, "Carole" og "Charles" blir begge borte frå den verksemda vi kjener dei i, og truleg også frå mediebiletet. Forskjellen er at "Charles" blir borte etter eigen vilje og etter å ha glede avislesarane i mange år. "Carole" forsvinn fordi ho ikkje fekk fornya kontakten sin, og i dette ligg det noko negativt. Den ulike verdien ved dei to forsvinningane finn vi også i overskriftene:

*Farvel Snoopy  
Carole stakk fra Fredriksberg*

I dei to sistnemnde tekstane støttar dei to dimensjonane opp om kvarandre; i den førstnemnde bryt dei kvarandre ned, då forma er ein presentasjon og innhaldet er ei gåte. Alle tre tekstane viser til kvarandre. Ein litt annan vri på den meaningsnedbrytande evna til parallellane finn vi i Halliday (2004: 37). Her siterer han frå tiltredelsestalen til president Nelson Mandela:

To my compatriots I have no hesitation in saying that each of us is as intimately attached to the soil of this beautiful country as are the famous jacaranda trees of Pretoria and the mimosa trees of the bushveld.

Halliday skriv substantivfrasane inn i skjemaet nedanfor.

**Fig. 4 Mønster for substantivfrasar frå Halliday (2004: 37)**

Deitic	Post-deictic	Classifier	Thing	Qualifier
The			soil	of this beautiful country
The	famous	jacaranda	threes	of Pretoria
The		mimosa	threes	of the bushveld

Og han kommenterer slik:

This combination of grammatical (functional) parallelism with phonological parallelism foregrounds the grammatical pun in the word *attach* (*be attached to*, (1) mental process "love", (2,3) "be rooted in" – which then sets one rethinking

(1) in terms of roots). The analysis points up how the interaction among patterns at different strata plays a significant part in the construction of meaning (side 40).

Her er altså forma – *patterns* – viktig i konstruksjonen av meaning. Forma skapar noko ein parallelt med fonologien kan kalle ein “regressiv, semantisk fjernassimilasjon”. Verbalet *attached to* tek tre koordinerte objekt, og dei to siste objekta endrar den tydinga verbet fekk då det blei kombinert med det første objektet i paratagmet. Tydingsendringa går frå abstrakt og til konkret, og kan illustrerast med at dei to tydingane av verbet fokuserer forskjellige sider ved objektet:

	Tyding	Verb	Objekt
Frå	tyding 1. Abstrakt, <i>kjærleik</i> ;	” <u>attached to</u>	(the soil of) <i>this beautiful country</i> .”
Til	tyding 3. Konkret, <i>rotfeste</i> .	” <u>attached to</u>	<i>the soil</i> (of this beautiful country)”.

Her er det altså dei parallele argumenta til eit verb som endrar den tydinga verbet har i setninga, frå den abstrakte til den konkrete. Den konkrete tydinga bryt ned den abstrakte som lydaren først hadde. Men no er begge tydingane av frasen *attached to* vekte i lydaren, og dei følgjer med han i den vidare lyttinga og gjer teksten tvitydig. Den abstrakte tydinga, *attached to this beautiful country* og den konkrete tydinga, *attached to the soil* kan også binde seg til forskjellige befolkningsgrupper i Sør-Afrika, og verke inkluderande og nasjonsbyggande. Slik kan tilhøvet mellom tekst og kontekst også skildrast med omgrepa oppbygging og nedbygging. Eit døme på det siste finn vi på framsida vår:

### 3.3 Tilihøvet mellom tekst og kontekst

#### “Clinton får det tøft”

Clinton blir trøtt, deprimert og blir i tillegg alvorlig syk – eller kommer ut for en ulykke. Det spår den islandske Volven for 2000.

Her legg vi først merke til at det språklege uttrykket, til liks med forsiden teksten som eg handsama innleiingsvis, er svært komprimert. I den andre perioden er “*Clinton*” subjekt for fire verbal med predikativ og eit preposisjonsobjekt. Desse ledda er distributivt koordinerte (Faarlund 1997: 1123) og kan då reknast som koordinerte setningar med strokne ledd (Faarlund 1997: 1142). Setningane er skrivne inn i skjemaet for heilsetningar og der er dei strokne ledda markerte.

**Fig. 5 Heilsetningsskjema for *Clinton får det tøft***

kon	forfelt	midtfelt			sluttfelt		
		v	N	a	V	N	A
	Clinton	får				det tøft	
	Clinton	blir				trøtt	
(-)	(-)	(-)				deprimert	
og	(-)	blir		i tillegg		alvorlig syk	
eller	(-)	kommer					ut for en ulykke
	Det	spår	den islandske volven				

Dei tre midterste setningane har kopulaverbet “*blir*” på plassen v i midtfeltet, og dei bind til seg enkle adjektiv som faste subjektspredikativ. Desse predikativa deler ut den semantiske rolla “patiens” til “den som gjennomgår ei tilstandsendring” – blir “*trøtt*”, “*deprimert*”, “*alvorlig syk*”. Framfor dette trekløveret finn vi verbet “*får*”, og etter trekløveret finn vi verbet “*kommer*”. Dei er transitive og tek høvesvis eit formelt objekt, “*det*” der adjektivet “*tøft*” er objektspredikativ, og eit preposisjonsobjekt. Men begge desse verba har også ei avbleika, innhaldslaus tyding, og i den tydinga kan dei fungere som kopulaverb (Faarlund 1997: 737, 743). No kan ein seie at dei tre parallelle predikativa ( *blir*, –, *blir* ) peikar bakover i teksten til setninga “*Clinton får det tøft*” og endrar tydinga av verbet “*får*”, slik at den innhaldslause varianten blir realisert. Verbet får då ein kopulafunksjon i setninga – ei kopling mellom “*Clinton*” og “*det tøft*”. Dei tre predikativa peikar også frametter i teksten og pregar neste setning, “*(-) kommer ut for en ulykke*”, i same lei. Verba “*får*” og “*kommer*” får altså lite semantisk innhald og tenderer mot kopulaverb med same semantiske rolle som i dei “ekte” predikativsetningane nemnde over (sjå dømet frå Halliday).

Desse finitte verbala ber presensmorfem. Likevel uttrykkjer dei framtid, fordi dei er ikkje-durative, momentane – “*får*” og “*kommer*”. Dei kan då markere overgangen til ein ny framtidig tilstand (Faarlund 1997: 571). Vi merkar også at “*blir*” er den inkoative varianten av kopulaverbet “*vere*”. På den måten har verba lik aksjonsart. Den blir gjenteken og fokusert gjennom parallelismane, og understrekar det framtidige og momentane i spådomane som rammar Clinton.

Det siste verbet i teksten, “*spår*”, har eit heilt klårt og konkret innhald, og deler ut to semantiske roller; agentiv, “den som spår”; og patiens, “det som blir spådd”, og presenterer såleis meiningsinnhaldet i den første delen. Verba deler såleis teksten i to og svarar til to sjølvstendige stemmer i teksten.

Er det då ein samantisk samanheng mellom det grammatiske tydingselementet kopula, som er fokusert i parallelismar, og innhaldet i den første delen av teksten? Ja, kopula koplar eit predikativ til eit subjekt, slik som spådomen koplar framtidige tilstandar til ein person.

Mange språkhandlingar, som til dømes det å konstatere noko, det å spørje, det å gi ordre, kan utførast ved å omforme ei setning som har eit meiningsinnhald (Sven-

nevig 2003: 18). Det å spå er også ei språkhandling, men språksystemet har ikkje eigne setningsformer eller særlege kategoriar og trekk som markerer *den* handlinga. Handlinga har derimot si syntaktiske markering med parallelismar av typen nemnd over. Ein kan såleis seie at dei syntaktiske parallelane i denne teksten har ein diskursiv funksjon; dei markerer den sjangeren som teksten skal lesast inn i, nemleg spådomen. Denne sjangeren skapar også ein kontekst for ytringa: ein sendar, “*volva*” og eit objekt for spådomane, “*Clinton*”. Parallelane skapar då meinинг, dei gjer teksten til ei ytring sett fram av ein person med ei hensikt, og retta mot ein annan person.

Parallelismane markerer altså den språkhandlinga som teksten skal lesast inn i, spådom, men krafta til denne språkhandlinga ligg i at ho blir trudd på av dei som høyrer ho. Her er spådomen sett inn i eit medium som set rasjonelle verdiar høgt, og ein kan seie at ytringas illokusjonære kraft blir bygd ned i møtet med avismediet og stemma til journalisten (Kemp 1972: 64). Mediet er såleis ein viktig del av den kontekstuelle bakgrunnen for tolkinga av teksten, og spelet mellom meinинг i tekst og meinинг i kontekst realiserer ein poetisk, meiningsnedbrytande funksjon.

Oppsummert kan ein seie at teksten i ein forstand er ironisk – lesaren trur truleg ikkje på dei spådomane som blir sette fram med så stor kraft, men i teksten og i stemma til forteljaren, ligg det ikkje nok føringar, ikkje nok ironisignal til å drive fram denne tolkinga. Først når teksten blir lesen i sin kontekst verkar ironien. Samstundes er dei parallele kopulasetningane med på å byggje opp eit mønster som kan kople teksten til talesjangeren “spådom”. Her skapar parallelane meinинг ved å kople teksten til kontekst, ei språkhandling, men dette meiningselementet går så inn i eit meiningsnedbrytande semantisk spel mellom tekst som spådom og dei rasjonelle verdiane til mediet den er sett fram i (Jakobson 1960: 144).

#### 4 Avslutning

I denne artikkelen har eg lese sakprosatekstar med fokus på formelle mønster danna av syntaktiske parallelismar. Ein slik lesemåte, mot sjølve det språklege materialet i teksten og måten det er ordna på, er mest kjend frå lyrikken og skjønnlitteraturen, og eg har prøvd å vise at dette perspektivet også kan gje lesaren ein veg inn mot det tvitydige og uavklarte på fire nivå i sakprosateksten:

1. Syntaktiske parallelismar skapar mønster i teksten og fokuserer med det sjølve det språklege materialet. Dette utarbeidar dikotomien mellom teikn og beteikna og fokuserer teksten som språk og som noko avskilt frå og anna enn den røynda som han refererer til. Denne meiningsnedbrytande effekten er særleg sterk i sakprosatekstar, som jo blir oppfatta som eit transparent vindauge til fenomen i verda vår. Denne tanken kan vi knyte til *formalistane* og deira poesiteori (del 1,1). Alle dei sju tekstane frå framsida vår hadde formelle mønster, og dei kan ha skapa ein liten poetisk augneblink før normalsyntaksen vende lesarens merksemde attende til dei personane og sakene som teksten handla om.

2. Dei syntaktiske parallelismane og m nstra dei skapar, fungerer også som ein invitasjon til leseren om å gå inn i eit meiningskapande, semantisk spel mellom formlike ledd, slik dette er skildra av *strukturalistane* og s rleg gjennom Jakobson sine diktanalyser. I alle analysed ma i del 3 s g vi at denne spr klege praksisen skapa meiningselement, anten ved å kople teksten til kontekst eller ved å skape tekstinterne effektar.

3. Meiningselementa som formm nstra p  denne m ten byggjer opp, st r i eit tilh vet til andre meiningselement i teksten. Der tilh vet mellom paradigme og syntagme er kjenneteikna av gjensidig nedbygging, vil tekst(del)en vere fleirtydig. Han vil motsette seg ei eintydig tolking. Slike formfokuserande, merkeleggj rande og meiningsnedbyggande drag ved teksten g r han poetisk etter tankegangen til *dekonstruksjonskritikken* (sj  sitatet fr  Kittang i del 1.3). D me p  dette fann vi i vekebladteksten i del 1.2, kommentaren til *Faderen, M  nyttा vetoretten*, talen til Mandela og *Clinton f r det t ft*.

Der tilh vet mellom paratagme og syntagme er kjenneteikna av gjensidig oppbygging er tekst(del)en eintydig og autoritativ. D me p  det fann vi i diktet av Drayton, *Teaterfest og kritikerslakt*, *Tok tyvene p  fersken*, *Kreves fengslet i dag*, *Farvel Snoopy* og *Carole stakk*. Parallelane kan då ha ei diskursiv oppg ve, dei bind tekst(del)en saman under eit tema, dei koplar teksten til ei verksem, ein talesjanger, ei spr khandling eller ein kommunikasjonssituasjon. Felles for alle tekstane er at meiningselementet som ein parallel skapar, g r inn i nye semantiske spel med andre element i og utanfor teksten og skapar ironi, kontrastar, komikk, humor, harmoni og g ter.

4. I tekstane *Teaterfest og kritikerslakt*, *Tok tyvene p  fersken* og *Clinton f r det t ft* markerte parallelane stemmer i teksten. I tekstane *Tok tyvene p  fersken*, *M  nytt  vetoretten*, *Farvel Snoopy*, *Carole stakk*, *Clinton f r det t ft* og diktet til Drayton skapa parallelane ein kommunikasjonssituasjon eller spr khandling. Slik vil ei lesing med blick for syntaktiske parallelismar og andre formm nster tene som eit supplement til ei diskursorientert lesing mot innhaldet og stemmene i sakprosa-teksten.

## Litteratur

- Attridge, Derek. 1987. "Closing statement". I *The Stylistics Reader*. Jean Jacques Weber (red). Oxford: Oxford University Press.
- Bakhtin, Michael. 1998. "Sp rsm let om talegenrane". I *Mikhail Bakhtin: Sp rsm let om talegenrane*. Rasmus T. Slaattlid (ovs./red). Bergen: Ariande.
- Berge, Kjell Lars. 2001. *Fire blick p  sakprosa*. Oslo: Skrifter fra prosjektmilj et norsk sakprosa.
- Bradford, Richard J. 1994. *Roman Jakobson. Life, language, art*. London: Routledge.
- \_\_\_\_\_. 1997. *Stylistics*. London: Routledge.
- Ditlevsen, Marianne G. m.fl. 2003. *Sprog p  arbejde*. Gylling: Narayana Press.
- Diderichsen, Poul. 1962. *Element r Dansk Grammatik*. 3 utg. K benhavn: Gyldendal.
- Englund, Boel, og Per Ledin. 2003. *Teoretiska perspektiv p  sakprosa*. Lund: Studentlitteratur.

- Fabb, Nigel. 2004. "Linguistics and literature". I *The Handbook of linguistics*. Mark Arnonoff m.fl. (red). Oxford: Blackwell.
- . 1997. *Linguistics and literature. Language in the verbal arts of the world*. Oxford: Blackwell.
- Fox, James J. 1977. "Comparative study of parallelism". I *Roman Jakobson. Echoes of his scholarship*. Daniel Armstrong og C.H. van Schooneveld (red). Lisse: Peter de Ridder Press.
- Faarlund, Jan Terje m.fl. 1997. *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gammelgaard, Karen. 2003. *Tekstens mening*. Gylling: Narayana Press.
- Halliday, M.A.K. 2004. *An introduction to functional grammar*. London: Arnold.
- Hedley, Jane. 1988. *Power in verse: Metaphor and Metonymy in the Renaissance Lyric*. University park: The Pennsylvania State University Press.
- Jakobson, Roman. [1960] 1978. "Lingvistikk og poetikk". I *Strukturalisme i litteraturvitenskapen*. Anders Heldal og Arild Linneberg (red). Oslo: Gyldendal.
- . [1956] 1974. "Två kapitel om språket". I *Poetik och lingvistik*. Knut Asplin og Bengt A. Lundberg (red). Stockholm: Bokförlaget.
- . [1934] 2001. "Hva er poesi?". I *Moderne litteraturteori. En antologi*. Atle Kittang m.fl. (red). Oslo: Universitetsforlaget.
- Jakobson, Roman, og Lawrence G. Jones. 1978. "Shakespeares ordkunst". I *Strukturalisme i litteraturvitenskapen*. Anders Heldal og Arild Linneberg (red). Oslo: Gyldendal.
- Johnsen, Egil Børre m.fl. (red). 1998. *Norsk litteraturhistorie. Sakprosa*. Bind 2. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kittang, Atle. 1993. *Analyse og tolking*. Fjernord, audiogram 4b. Nordisk institutt. Bergen: Univasjon.
- . 1985. "Problemstillinger og metode i den strukturelle litteraturanalysen". I *Strukturalisme og semiologi*. Kjell S. Johannessen og Arild Utaker (red). Bergen.
- Kittang, Atle m.fl. 1998. *Moderne litteraturteori. En innføring*. 4. opplag. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kittang, Atle, og Asbjørn Aarseth. 1998. *Lyriske strukturer*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kemp, Peter. 1972. *Sprogets dimensjoner*. København: Berlinske Leksikon Bibliotek.
- Posner, Roland. 1978. "Strukturalistiske diktanalyser". I *Strukturalisme i litteraturvitenskapen*. Anders Heldal og Arild Linneberg (red). Oslo: Gyldendal.
- Møster, Magne. 1993. *Presentasjon av Fjernord og faget nordisk*. Fjernord, video 1. Nordisk institutt. Bergen: Univasjon.
- Sauren, Pieter. 1998. *Western linguistics*. Oxford: Blackwell.
- Simpson, Peter. 2004. *Stylistics*. London: Routledge.
- Sjklovskij, Viktor B. [1916] 2001. "Kunsten som grep". I *Moderne litteraturteori. En antologi*. Atle Kittang m.fl. (red). Oslo: Universitetsforlaget.
- Svennevig, Jan. 2003. *Språklig samhandling*. Oslo: Cappelen.
- Tønnesson, Johan L. 2001. *Vitenskapens stemmer*. Oslo: Skrifter fra prosjektmiljøet norsk sakprosa.
- . (red). 2002. *Den flerstemminge sakprosaen*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Vassenden, Lars. 1993. *Norsk syntaks*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Vinje, Eiliv. 1993. *Tekst og tolking*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Magnus Vårdal  
Johan Blyttsv. 31  
5096 Bergen  
magvar@hfk.no

# Rekonstruksjonar av norrøne skaldedikt og andre rekonstruksjonar på usikkert grunnlag

Av Else Mundal

*I hefte 1 av Maal og Minne, 2008, har Lasse C. A. Sonne ein artikkel der han drøfter nokre heilt sentrale spørsmål i skaldediktforskinga. Hans viktigaste ærend med artikkelen er truleg å drøfte tolkinga av eit bestemt motiv, "det heilage bryllaup" i eit skaldedikt som er tillagt skalden Hallfreðr vandræðaskáld. Men som basis for denne drøftinga tek han opp grunnleggjande metodiske problem i skaldediktforskinga. Dette er metodiske problem som Sonne meiner forskarsamfunnet i høg grad har oversett. Sonnes artikkel er nærmast skriven som eit debatt-innlegg, og denne artikkelen tek opp hansken og kjem med kritiske merknader til Sonnes framstilling av kva som er situasjonen innanfor skaldediktforskinga. I tilknyting til dei metodiske problema som Sonne tek opp, er det også grunn til å peike på at innanfor norrønforskinga finst det andre liknande problem som dei som knyter seg til skaldedikta. Desse er ikkje drøfta av Sonne i hans artikkel, men artikkelen hans gjev likevel fleire gode eksempel på slike problem.*

Sonne startar med å beskrive problem som knyter seg til utgjevinga av skaldedikt som er overleverte som einskilde strofer, gjerne i ulike handskrift. Utgjevarar, og då først og fremst Finnur Jónsson i si utgåve av skaldediktinga frå 1912–15, *Den norsk-islandske skjaldedigtning*, samla strofene han meinte høyrd til det same diktet, og gav dei ut i den rekkekjefølgje han fann mest sannsynleg. Stroferekkefølgja, og dels kva strofer som skal reknast til eitt og same dikt, er altså ofte ein rekonstruksjon av utgjevaren, i tillegg er det også ein god del døme på at utgjevaren har gjeve diktet det namnet det no er kjent under, og i nokre tilfelle skriv skaldeattribusjonen seg også frå utgjevaren utan eit sikkert grunnlag i mellomalderkjeldene. Eit særleg problem ligg i at i alle fall Finnur Jónsson ikkje er så lett å kike i korta, dvs. at vi kan sjå av skaldediktutgåva hans kva han kom fram til, men han har ikkje gjort greie for kvifor han meinte bestemte strofer høyrd til same diktet når det ikkje går fram av kjeldene, kvifor stroferekkefølgja skulle vere akkurat slik han kom fram til, kva som

var dei sterkeste argumenta for at eit anonymt dikt var dikta av ein bestemt skald, og – mindre viktig – kvifor eit dikt utan tittel skulle presenterast under akkurat den tittel det har fått i *Den norsk-islandske skjaldedigting*. Ingen kan vere i tvil om at her ligg det store problemet som forsking på desse dikta må ta omsyn til.

Men Sonne gjev den framstillinga at desse betydelege metodiske problema som skaldediktforskinga har å hanskast med, er oversedde, nærmast ukjende utanfor ein svært snerver krins av filologar. Som heiderlege unntak nemner Sonne Jón Helgason og artikkelen hans frå 1950 der han etterlyser ei ny vitskapleg utgåve av skaldediktinga (Jón Helgason 1950), Hallvard Lies artikkel om *Vellekla* (Lie 1975), Bjarne Fidjestøls bok *Det norrøne fyrstediktet* (Fidjestøl 1982), ein artikkel av Roberta Frank frå 2005 [1985] og ein artikkel av Edit Marold frå 2005. Som symptomatisk for at problemet er oversett, nemner Sonne at artikkelen av Else Mundal om edda- og skaldedikting i *Handbok i norrøn filologi* (Mundal 2004) i det heile ikkje nemner dette betydelege metodiske problemet i tilknyting til skaldediktinga.

Dersom det verkeleg skulle vere tilfelle at ei handbok som tek sikte på å gje ei grundig innføring i ulike norrøne disiplinar, ikkje gjorde studentane merksame på at mange skaldedikt som vi kjenner dei frå utgåvane, er rekonstruksjonar av utgjevarane, så kunne det vere eit argument for at Sonnes framstilling av Stand der Forschung hadde noko for seg. Men Sonnes framstilling stemmer ikkje. I *Handbok i norrøn filologi* kan ein lese på side 234:

Det meste av dikta om kongar er overleverte i kongesoger frå slutten av 1100-talet og utover som dokumentasjon på sanninga av det forfattaren skriv. Einskilde strofer er då tekne ut av konteksten i diktet, og det vil seie at dikta, slik vi no har dei, i svært mange tilfelle er rekonstruksjonar av utgjevaren, som har samla saman strofer som han meinte høyrd saman, frå ulike kjelder og handskrifter. Dikta kan altså ofte vere fragmentariske, vi kan ikkje vere sikre på at stroferekkefølgja er rett, eller at alle strofer som er rekna til eit dikt, verkeleg tilhøyrer dette diktet.

Det kan også vere grunn til å stille spørsmålsteikn ved om Sonnes framstilling av kor ukjent dette tekstkritiske problemet er, verkeleg stemmer. Om ein ser skikkeleg etter i eldre arbeid om skaldedikting, så vil ein nok finne betydeleg fleire enn fem “rettferdige” som kommenterer desse problema som knyter seg til tekstovertrelevringa av skaldedikt. Men sjølv i tilfelle der forskarar ikkje nemner og drøfter dette problemet spesielt, har ein ikkje noko grunnlag for å dra den konklusjonen at problemet er ukjent. Korleis kan ein eigentleg tenkje seg at filologar, historikarar og andre som til dagleg arbeider med dei norrøne kjeldene, er ukjende med at skaldedikt berre unntaksvis er overleverte som samanhengande dikt i handskrift av ulike sagaer, eventuelt i handskrift med anna innhald? At ein og annan student før han får oversikt over materialet, kan leve i ei slik villfaring, er forståeleg, men når det vert hevda at dette langt på veg er eit ukjent problem mellom forskarane, så er det vanskeleg å ta dette seriøst.

Når dette er sagt, har nok Sonne likevel eit lite poeng i at diskusjonen av kva som er den mest rimelege rekonstruksjonen av eit skaldedikt som i handskrifta berre finst som lausrevne strofer, ikkje har fått den plass i forskinga som samsvarar med kor viktig og sentralt dette spørsmålet er. Men kva er så grunnen til dette når det ikkje er manglande medvit om eksistensen av problemet?

Sonne signaliserer at han i eit arbeid under utgjeving argumenterer for ei anna oppbygging av *Háleygatal* enn den vi finn i Finnur Jónssons utgåve (Sonne 2008: 38). Han nemner også ulike forslag til ei anna stroferekkefølgje av det diktet Finnur Jónsson gav tittelen *Hákonardrápa* (Sonne 2008: 40). Går ein gjennom forskingsliterturen, vil ein finne ein del forslag til andre rekonstruksjonar av skaldedikt enn den ein finn i Finnur Jónssons utgåve. Når ein ikkje finn endå fleire som har oppnert mot Finnur Jónssons rekonstruksjonar, skulle eg tru at ein del av forklaringa ligg i at det er ikkje så heilt enkelt å kome opp med betre forslag enn gamle Finnur Jónsson. Mange har nok sett at ei anna stroferekkefølgje i enkelte dikt også kunne gje mening, men å finne dei avgjerande argumenta er ikkje lett. Ei anna stroferekkefølgje vil gjerne vere basert på ei anna tolking av enkelte strofer eller ei anna heilsakapsoppfatning av diktet. Om ein foreslår ei anna stroferekkefølgje på dette grunnlaget, vil ein svært lett kome inn i ein sirkelargumentasjon som ikkje kjennest vitskapleg tilfredsstillande. Det skal ikkje mykje til for å gje ein betre argumentsjon enn Finnur Jónsson for ei bestemt stroferekkefølgje sidan Finnur Jónsson ikkje argumenterte, men foretok sine val stillteiande. Men få er i tvil om at han hadde eit oversyn over og ei innsikt i skaldediktinga som gjorde han i stand til å finne løysingar som det eigentleg er svært vanskeleg å finne avgjerande argument mot.

Ein annan grunn til at det – i alle fall i dei siste tiåra – har vore såpass lite open diskusjon om stroferekkefølgja i skaldedikt, kven skalden bak enkelte skaldedikt kan vere, kven eit bestemt skaldedikt er dikta til, og andre relaterte spørsmål, kan også vere at forskarane lenge har venta på den nye skaldediktutgåva. Sonne nemner at Jón Helgason etterlyste ei ny skaldediktutgåve så tidleg som i 1950. Det tok tid før dette arbeidet kom i gang, men det siste tiåret i det minste har arbeidet pågått, og tiåret før det var planlegginga i gang. Denne utgåva er ikkje noko einmannsforetak slik utgåva til Finnur Jónsson var. Nærmaist alt som kan krype og gå av skaldedikt-forskarar har ytt sin skjerv til arbeidet. Ein kunne for så vidt godt ha venta at arbeidet med den nye utgåva ville stimulere den vitskaplege diskusjonen av dei spørsmåla Sonne etterlyser. Det har truleg sikkert også skjedd, men i første omgang primært internt i dei forskargruppene som har arbeidd med den nye skaldediktutgåva. Forskarar som ikkje har vore engasjerte i dette arbeidet, kan ha halde seg avventande for å sjå om den nye utgåva skulle legge eit nytt og betre grunnlag for diskusjon. Første bindet av den nye skaldediktutgåva kom ut i 2007, men innsikt i arbeidet med den nye utgåva har det lenge vore mogeleg å skaffe seg på nettet.

På bakgrunn av at Sonne i kritikken av Finnur Jónssons skaldediktutgåve og av forskarane sine manglande innsikter i dei motodiske problema som knyter seg til denne utgåva, tek utgangspunkt i Jón Helgasons ynskje om ei ny utgåve, verkar det

meir enn merkeleg at arbeidet med den nye utgåva ikkje er nemnt med eit ord. Når ein i dag ynskjer å ta opp til ny diskusjon dei metodiske problema som knyter seg til at dei fleste skaldedikt ikkje er overleverte som samanhengande dikt, og at omstenda kring dikt er ukjende eller usikre, så må ein forhalde seg til dagens og ikkje gårsdagens forskingssituasjon. Dagens forskingssituasjon er at ei ny skaldediktutgåve er under utgjeving, og vil ein drøfte korleis skaldedikt skal presenterast i dag, så er det naturleg å gjere det i tilknyting til denne utgåva.

Dei metodiske problema knytte til skaldediktinga som Sonne tek opp, er som nemnt ikkje heilt eineståande innanfor forskinga på norrøne tekster. Det finst liknande problem som t.d. knyter seg til at vi ikkje kjenner dei opphavlege tekstene, men talar om dei som om dei var identiske med langt yngre tekster som vi har, eller at vi rekonstruerer, t.d ei litteraturhistorisk framstilling, på grunnlag av fragmentert og usikker kunnskap. Når Sonne t.d. skriv om str. 26 og 28 i skaldediktet som går under tittelen *Ólafsdrápa, erfidrápa*, at “Oddr kan meget vel have kendt til disse strofer, da han citerer flere strofer fra digtet …” (Sonne 2008: 41) så er dette eit resonnement som byggjer på svært usikre føresetnader. Oddr skrev på latin, og har ikkje sitert skaldestrofer på norrønt. Han har nok prøvt seg på å omsetje skaldestrofer til latin. I den norrøne omsetjinga finst det nemleg sitert ei skaldestrofe på latin som må skrive seg frå den opphavlege latinske teksta (Finnur Jónsson, red. 1932: 194–195). Denne er mest sannsynleg sitert på latin nettopp fordi den er eit særsyn, og det er slett ikkje sikkert at Oddr har prøvt seg på å omsetje fleire skaldestrofer til latin.<sup>1</sup> Den norrøne omsetjinga har ganske mange skaldestrofer i siste delen av soga, men det er vanleg oppfatning at dei norrøne skaldestrofene først vart inkluderte i teksta samstundes med omsetjinga til norrønt. Omsetjinga har vore ei revidering av teksta, som også seinare har vore endra, og vi kan ikkje gå ut frå at alt som finst i den norrøne teksta, spesielt ikkje norrøne skaldestrofer, går tilbake på den latinske teksta til Oddr.

Som nemnt er også alle litteraturhistoriske framstillingar i høg grad ein rekonstruksjon som er gjord av forskrarar i moderne tid. Litteraturhistoriske framstillingar baserer seg på kronologi, og i og med at dei färraste norrøne verk let seg tidfeste sikkert, er ei framstilling av verk i ein relativ kronologi i forhold til kvarandre ein konstruksjon av ein liknande type som å ordne lausrevne skaldestrofer til eit samanhengande dikt med ei bestemt stroferekkefølgje. Sonne skisserer ei utvikling av forteljinga om Hallfreðr vandræðaskáld som er basert på at Snorris kongesoger er eldre enn *Hallfreðar saga* som igjen byggjer på *Kormáks saga*.<sup>2</sup> Her viser Sonne til Bjarni Einarssons avhandling frå 1976. Men Bjarni Einarsson, som skreiv frå eit heller eksstremt bokprosasynspunkt, la til grunn at *Kormáks saga* var komponert på grunnlag av den omsette riddarsoga *Tristrams saga*, og at dei andre såkalla skaldesogene hadde *Kormáks saga* som modell. Denne litteraturhistoriske framstillinga var sjølv sagt ein rekonstruksjon av det kronologiske forholdet mellom verk gjord på visse premissar. Om ein endrar premissane og går ut frå at både *Kormáks saga* og *Hallfreðar saga* i høgre grad byggjer på ein munnleg tradisjon som kan ha påverka kvar-

andre på det munnlege stadiet, vert den innbyrdes kronologien mindre sikker – sjølv om dei fleste nok vil meine at av dei to sogene er *Kormáks saga* eldst. For Sonnes resonnement kring utviklinga av forteljinga om Hallfreðr er det forholdet mellom Snorris kongesoger og *Hallfreðar saga* som er viktig. Det vert gått ut frå som ubegrenset og udiskutabelt at kongesoga er eldst. Det er vel mogeleg, men det er ikkje eit uomtvista syn, og andre forskrar enn Bjarni Einarsson, som Sonne støttar seg til, har gjort andre rekonstruksjonar av den litteraturhistoriske framstillinga som plasserer dei to verka i omvendt forhold til kvarandre. Jónas Kristjánsson t.d. synest i litteraturhistoria si frå 1988 å gå ut frå som mest sannsynleg at islendingesoga er eldre enn kongesoga (Jónas Kristjánsson 1988: 228).

Det faktum at tekster frå nordisk mellomalder ikkje alltid gjev eit påliteleg bilet av den opphavlege teksta til forfattaren, og at ei framstilling av norrøn litteraturhistorie med verk ordna i kronologisk orden er ein rekonstruksjon på bestemte premisser, er det kanskje like nødvendig å minne om som at samanhengande skaldedikt oftast er rekonstruksjonar frå nyare tid.

## Notar

- 1 Utførlegare omtale av dette problemet finst i Mundal 2000.
- 2 Når Sonne plasserer *Fagrskinna* og *Heimskringla* i det andre tiåret av 1200-talet, dvs. perioden 1210–1220 (Sonne 2008: 42), så går eg ut frå at det er ein lapsus, og at han i samsvar med det som er vanleg syn i alle fall vil plassere Snorris kongesoger etter Snorris første reise til Noreg.

## Litteratur

- Bjarni Einarsson. 1976. *To Skjaldesagaer. En analyse af Kormáks saga og Hallfreðar saga*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Fidjestøl, Bjarne. 1982. *Det norrøne fyrstediktet*. Øvre Ervik: Alvheim & Eide.
- Finnur Jónsson (red.). 1912–15. *Den norsk-islandske skjaldedigtning*. København: Rosenkilde & Bagger.
- Finnur Jónsson (red.). 1932. *Saga Óláfs Tryggvasonar af Oddr Snorrason munk*. København: G. E. C. Gads forlag.
- Frank, Roberta. 2005 [1985]. “Skaldic Poetry.” I *Old Norse-Icelandic Literature. A Critical Guide*, red. Carol J. Clover & John Lindow, 157–196. Toronto: University of Toronto Press.
- Jónas Kristjánsson. 1988. *Eddas and Sagas. Iceland’s Medieval Literature*. Reykjavík: Hið íslenska bókmenntafélag.
- Jón Helgason. 1950. “Planer om en ny udgave af skjaldedigtningen.” *Acta philologica Scandinavica* 19: 130–132.
- Lie, Hallvard. 1975. “Vellekla”. I *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder XIX*: 640–643.
- Marold, Edith. 2005. “‘Archäologie’ der Skaldendichtung”. I *Hertzort Island. Aufsätze zur isländischen Literatur- und Kulturgeschichte. Zum 65. Geburtstag von Gert Kreutzer*, red. Thomas Seiler, 110–131. Lüdenscheid: Seltmann & Söhne.

- Mundal, Else. 2000. "Den latinspråklege historieskrivinga og den norrøne tradisjonen: ulike teknikkar og ulike krav". I *Olavslegenden og den latinske historieskrivning i 1100-tallets Norge*, red. Inger Ekrem, Lars Boje Mortensen & Karen Skovgaard-Petersen, 9–25. Københavns Universitet: Museum Tusculanums Forlag.
- Mundal, Else. 2004. "Edda- og skaldediktning". I *Handbok i norrøn filologi*, red. Odd Einar Hauge, 215–266. Bergen: Fagbokforlaget.
- Sonne, Lasse C. A. 2008. "Hallfreðr's hellige bryllup – Udgivelse og tolkning af et skjaldedigt". *Maal og Minne* 2008/1: 36–49.

Else Mundal  
Senter for middelalderstudier  
Universitetet i Bergen,  
Postboks 7805  
N-5020 Bergen  
else.mundal@cms.uib.no

# Respons til Else Mundal

Af Lasse C.A. Sonne

Som respons på min artikel “Hallfreðr’s hellige bryllup – udgivelse og tolkning af et skjaledigt” i *Maal og Minne* (2008, hæfte 1) har Else Mundal forfattet et debatterende indlæg med titlen “Rekonstruksjonar av norrøne skaldedikt og andre rekonstruksjonar på usikkert grunnlag”.

Min artikel havde tre overordnede mål: 1) synliggørelsen af problematikken omkring redigeringsprincipperne for udgivelsen af skjaledigtningen i standardværkerne ved Finnur Jónsson og Ernst A. Kock; 2) udviklingen af en tradition knyttende skjalden Hallfreðr til Hákon jarl; og 3) tolkningen af fire helmingar af Hallfreðr traditionelt anvendt til at understøtte forestillingen om et sakralt kongedømme i Norden.

Helt overordnet synes Mundal ikke at være uenig i artiklens konklusioner, men retter sit indlæg imod visse metodologiske spørgsmål. Mundal er én af Norges fremmeste kendere af den norrøne middelalderlitteratur og jeg har da også svært ved ikke at være enig med Mundal. Jeg vil dog alligevel benytte lejligheden her til at knytte nogle kommentarer til to punkter, som Mundal lægger vægt på i sit indlæg; de to punkter relaterer sig til henholdsvis det første og det andet mål.

Først og fremmest synes Else Mundal at finde det bemærkelsesværdigt, at jeg overhovedet tager spørgsmålet om udgivesproblematikken generelt og sammen sætningen af enkelte strofer til hele digte i særdeleshed op til diskussion. Begründelsen herfor er, at problematikken ingenlunde er ukendt inden for den norrøne filologi. I tilfælde af, at læserkaren for *Maal og Minne* kun er norrøne filologer, vil jeg selvfølgelig give Mundal ret i sin undren. Jeg peger ikke på et problem, som den filologiske skjaldeforskning ikke er bekendt med (om end den fulde konsekvens heraf ikke altid tages). Artiklen er derimod adresseret til primært religionshistorikere og historikere, som også må formodes at læse *Maal og Minne*; og indenfor disse discipliner er det derimod mere end almindeligt at lade standardudgaverne gælde for et troværdigt og stadig pålideligt grundlag. Når Else Mundal ikke har kunnet se min tænkte læserkare ud fra artiklen, skyldes det sandsynligvis en formulering, jeg kommer med på s. 38, hvoraf det fremgår, at problematikken ikke har været bekendt “udenfor en snæver kreds af norrøne filologer”. Her var det min mening, at læseren skulle opfatte dette i retning af: “en snæver kreds af norrøne filologer arbejdende

med skjaldedigtningen”. Formuleringen var således ikke tænkt som et angreb på den norrøne filologi og enhver læsning i denne retning er utilsigtet. En anden og mere præcis formulering kunne dog have været ønskelig.<sup>1</sup>

Den andet punkt i Mundals indlæg, som jeg kort vil kommentere på, omhandler det kronologiske forhold mellem *Heimskringla* og *Hallfreðar saga*. Mundal gør her korrekt opmærksom på, at den anvendte kronologi har en præmis i den relative datering af *Hallfreðar saga* som yngre end *Heimskringla*. Ifølge Mundal sker dette med henvisning til Bjarni Einarsson’s arbejde om *Hallfreðar saga* og *Kormáks saga* fra 1976. Hertil noterer Mundal sig, at “[d]et vert gått ut frå som uproblematisk og udiskutabelt at kongesoga er eldst”. Her er dog grund til en mindre præcisering. I min note 5 skriver jeg, at “[f]orholdet mellem *Heimskringla* og *Hallfreðar saga* har været diskuteret”, hvorefter jeg viser til værker af Sigurður Nordal, Bjarni Einarsson og Jan de Vries med en bemærkning om, at de to førstnævnte lader *Hallfreðar saga* være ældre end *Heimskringla*, mens Jan de Vries i sin *Altnordische Literaturgeschichte* argumenterer for det modsatte. Det er ikke stedet her at gå ind på spørgsmålet om dateringen af *Hallfreðar saga*, men jeg noterer mig, at Mundal helt forstædligt ikke selv vil lægge sig fast på en datering. Nye argumenter er dog således ikke fremkommet, hvorfor jeg vil fastholde den yngre datering af *Hallfreðar saga*. Mundal sætter dog dateringsforholdet i sammenhæng med en generel datering af genrerne ‘kongesagaer’ og ‘islændingesagaer’. Affattelserne af de to sagaer synes kun at være adskilt med et kvart århundrede, hvorfor jeg er mindre sikker på, om en overordnet genredatering vil kunne løse spørgsmålet om forholdet mellem *Hallfreðar saga* og *Heimskringla*.

## Note

<sup>1</sup> Ved en beklagelig fejl blev Else Mundal ikke inkluderet i “den snævre kreds af norrøne filologer”. Som Mundal selv gør opmærksom på, så har hun faktisk udtrykt sig herom. Fejlen skulle hermed være rettet.

Ernst Håkon Jahr: *Clara Holst – (en) kvinnelig pionér i akademia i Norge*  
Oslo: Novus forlag, 2006. 240 sider.

Meldt av Kristin Bakken

Ernst Håkon Jahrs biografi om Clara Holst (1868–1935), fortel historia om den første kvinnen som disputerte for ein språkvitskapleg doktorgrad i Noreg. Boka som Ernst Håkon Jahr gav ut på Novus forlag i 2006, er den første teksten eg har lese som legg eit kvinnekjønnsperspektiv på norsk språkvitskapleg faghistorie. Lesinga fekk meg til å tenkje bakover til då eg som fersk uteksaminert hovudfagsstudent i 1987 vart provosert over ein eldre professor som velviljig sa til meg at han ønskte oss kvinner velkomne i faget, slik at ein no kunne få eit kvinneleg perspektiv inn i forskinga. Eg vart provosert den gongen fordi min tanke slett ikkje var å tilføre noko kvinneleg, eg ville drive med fag rett og slett, ikkje med kvinnewarianten av det. Dette var kanskje ein naiv reaksjon frå mi side, eit fag blir sjølv sagt definert av spørsmåla som blir stilte, av problema ein vel ut som interessante. Og hypotetisk sett kunne ein tenkje seg at kvinnelege forskarar slik ville definere faget annleis enn mannlege kollegaer. I praksis tykkjer eg likevel ikkje at norsk språkhistorisk forsking har blitt særlig forandra ved at kvinnelege språkhistorikarar har fått tilført “sitt perspektiv”. Eg sjølv har ingen bidrag å skryte av i den samanhengen, og eg vågar påstanden at Clara Holst heller ikkje greidde – eller prøvde – å tilføre språkvitskapen eit kvinnekjønnsperspektiv.

I denne faghistoria har Ernst Håkon Jahr interessant nok tematisert kjønn i relasjon til norsk språkhistorieforskning. Men det handlar ikkje om norsk kvinnespråk, eller om språkutvikling i kjønnsperspektiv, dette er ei bok som seier noko om vilkåra ei kvinne hadde for å drive med språkforskning – eller forsking i det heile – innanfor akademia for ca. 100 år sidan. Jahr fortel i etterordet korleis han først blei kjend med Clara Holst i samband med eiga forsking som galda kontakten mellom nedertysk og nordisk i seinmellomalderen (s. 221), og dinest heldt sitt første føredrag om henne på Møte om norsk språk (MONS) i Trondheim i 1997 (s. 222). I bibliografien kan ein følgje Jahr si interesse for Clara Holst frå det første vesle stykket i *Tromsøflaket* nr. 13 i 1998, via artiklar i ulike publikasjonar til boka som no ligg føre. Og vi skjønar fascinasjonen hans: for utgangspunktet hans er jo at svært få norske språkhistorikarar no kjenner til Clara Holst, og det sjølv om ho ikkje berre var den første kvinnen med doktorgrad i språkvitskap i landet, ho var den første kvinnen som disputerte i Noreg i det heile tatt. Dette skjedde ved Det Kongelige Frederiks Universitet i Kristiania i 1903. Det Jahr set seg som mål i denne boka er å sikre at Clara Holst får den plassen ho fortener i norsk kvinnehistorie og akademisk historie (s. 19). Og i den grad framstillinga er problemorientert, er det spørsmålet om kvifor ho takka nei til eit embete ved Hamar offentlege høgare allmennskole i 1910, som ber framstillinga. For det er denne hendinga Jahr meiner er det kritiske punktet når ein skal forklare kvifor Holst forsvann frå akademia, og i neste omgang forsvann frå det norske kollektive akademiske minnet. Jahr argumenterer for at dette kritiske “neitakk”, må tol-

kast i kjønnsperspektiv. Rektoren på Hamar kunne ikkje la ein nyutdanna kvinneleg adjunkt få forrang framfor dei mannlege overlærarane på gymnasnivået (s. 195).

Men først nokre ord om korleis Jahr byggjer opp biografien om Clara Holst. I eit forord på fire sider gjev forfattaren motivasjonen sin for å skrive boka, og han takkar alle dei som har hjelpt han undervegs. Så følgjer ei innhaldsliste på tre sider, og dinest ei innleiing på seks sider som i raske drag teiknar opp ei grovskisse over dei kjende ytre hendingane i Clara Holst sitt akademiske og offentlege liv. Dei seks kapitla som følgjer, er disponerte strengt kronologisk, og er skrivne i tett dialog med kjeldene. Kapittel éin dekkjer Holst sin barndom og ungdom fram til og med artium i 1889. Kapittel to handlar om studietida, kapittel tre har doktorgraden som munnar ut i disputasen i 1903 som tema, kapittel fire handlar om arbeid i Noreg og Kansas i perioden 1904–1908. Så er eit eige kapittel viggd omstenda rundt tilbodet om stillinga ved Hamar offentlege høgare allmennskole i 1910, og det siste kapitlet handlar om livet hennar etter at ho takka nei til adjunktembetet på Hamar og fram til ho går bort i 1935. Boka blir avrunda med ein kommentar til kjeldene på to sider, ei litteraturliste på dryge ni sider, ei side med Clara Holst sine eigne publikasjonar og heilt til slutt eit namneregister på seks sider.

Eg har alt nemnt at Jahr byggjer opp framstillinga i tett dialog med kjeldene, han følgjer slik krava ein set til ein vitskapleg biografi. Her er sitat, sidetilvisingar og bilete, og perspektivet er stort sett nøkternt tolkande. Eg tykkjer kjeldebruken er samvitsfull, men den set fokus på det som eg meiner er det største problemet med boka. Kjeldegrunnlaget er nemleg så tynt! Det kan ikkje forfattaren klandrast for, for han har verkeleg brukt mange år på å støvsuge moglege arkiv og kjelder for å kunne gje ei framstilling av eit heilt liv, og ikkje berre av eit liv slik det går fram av publikasjonslista til ein akademisk forfattar. Men trass i denne store innsatsen for å skaffe fram kjelder, kviler framstillinga i stor grad på kjelder som folketeljingar, universitets- og skole-annalar, dagsaviser med oppslag om disputasen og prøveførelesingane, arkiva til universiteta i USA, opplysningsar i passasjerlistar, og dokument i høve embetsstillinga. Holst sine eigne publikasjonar er sjølvsagt den viktigaste kjelda til henne som fagperson. Jahr sin gjennomgang av Holst sine publikasjonar kjem eg tilbake til. Det Jahr for ein del har mangla i arbeidet med denne boka, er privat brevmateriale, biletmaterialer, dagbøker og alt slikt som kunne ha ført oss tettare på hovudpersonen. Det er illustrerande at det i boka er attgjeve seks ungdomsbilete av Clara Holst (s. 28, 37, 43, 46, 51, 72), men berre to (dårlege) bilete av henne frå 1900-talet (s. 149 og 209). Eg tvilar ikkje på at Jahr har funne fram til dei bileta som finst. For å bøte på denne mangelen, er boka illustrert med bilete som i nokre tilfelle har meir perifer relevans. Det gjeld tittelsider til publikasjonar, t.d. bestefaren si doktoravhandling frå 1817 (s. 23), eit jubileumsskrift frå 1907 (s. 156) og eit tittelblad med dedikasjon frå Seip (s. 211). Det gjeld også samtidige eller notidige prospekt av institusjonar eller adresser som Holst hadde kopling til (s. 21, 31, 47, 56, 78, 81, 143, 145, 151, 165, 181, 188, 215) og tre bilete av gravplassen hennar (s. 217–219).

For kjelder i meir personlege format må Jahr presse eit tynt materiale. Ei biografisk skisse om Clara Holst blei skriven av Antonie Tiberg, medan Clara Holst sjølv skreiv om Mathilde Schjøtt i *Studenterne fra 1889. Biografiske meddelelser samlet til 25 aarsjubilæet 1914* (1914). I *Norges filologer og realister* (1933) finst det òg eit stutt stykke om Holst. Dessutan skreiv ho sjølv "Some impressions of The University of Kansas" for universitetsmagasinet der i 1908. Utover dette kan Jahr støtte seg på nokre interessante brev Clara Holst skreiv til søstrene sine på 1890-talet, eit par brev til Marius Kristensen frå slutten av 1890-talet (s. 84), to stutte brev til Sophus Bugge frå 1901 (s. 90) og 1907 (s. 153), breva Clara Holst skreiv til rektor på Hamar og "til Kongen" i høve embetet på Hamar, og tolv postkort som ho skreiv til søstra Thea frå ei reise i 1912 og 1913 (eitt er attgjeve som illustrasjon på s. 207). Brev til Clara Holst er det ikkje vist til.

Jahr sjølv gjer eit poeng ut av at åra frå 1908 til 1935 er påfallande därleg dokumenterte i kjeldene. Vi veit ikkje kva Clara Holst gjorde i åra 1908 og 1909, men i 1910 sokte ho stillinga på Hamar som ho så trekte seg frå att. Så er den store reisa i 1912 og 1913 kjend. Men deretter “tørker kildene nesten fullstendig inn,” seier Jahr (s. 211). Eg tykkjer denne kjeldesituasjonen i seg sjølv hadde fortent å bli tematisert av forfattaren. For i det Clara Holst trekkjer seg ut av arbeidslivet, blir vilkåra for å portrettere henne meir lik dei som galde for dei fleste kvinner på denne tida. Frå den siste 25-årsperioden kan ikkje Jahr bygge på anna enn den stutte biografien i *Norges filologer og realister* (1933), ein dedikasjon i ei bok, nekrologane og bilete av gravstøtter. Poenget er likevel at desse svake refleksane av eit levd kvinneliv truleg er heilt representative for kor mykje ei kvinne utan yrke og offentleg rolle ville late etter seg. Det merkelege med denne mangelen på kjelder, er i grunnen korleis den speglar den radikale overgangen frå å vere ein aktør i det akademiske samfunnet, til å leve eit anonymt og privat kvinneliv. Var dette verkeleg dei to einaste alternative levesetta for ei rik embetsmannsdotter i ein akademisk familie i Kristiania rundt hundreårrskiftet?

På grunnlag av kjeldearbeidet til Jahr er det ikkje vanskeleg å konkludere med at Clara Holst må ha vore svært intelligent; ho har vore smålåten, men må likevel ha hatt sjølvkjensle og ein sterk vilje. Ho gjennomfører det høgaste studiet her til lands med toppkarakter, ho legg delar av studia sine til eliteuniversiteta Cambridge og Sorbonne, og arbeider seinare med doktorgraden både i Leipzig, København og Berlin. Vilkåra hennar for å arbeide akademisk i Tyskland var ikkje gode, for korkje i Leipzig eller Berlin fekk kvinner følgje universitetsundervisninga på denne tida. Det var berre etter at Sophus Bugge hadde skrive til Eduard Sievers om at Clara Holst måtte få lov til å følgje forelesingane hans i Leipzig, at ho fekk tilgjenge. Men det galde ikkje seminarøvingane (s. 77f.)! I Berlin fekk ho bruke universitetsbiblioteket, men ikkje følgje undervisning. At ho reiser ut for å arbeide i USA som tysklärar på college-nivå vitnar også om kompetent vilje til å realisere utdanninga si. Det viktigaste vitnemålet om sjølvkjensla hennar må likevel vere korleis ho reagerer på å få arbeidsoppgåver som adjunkt som ikkje står i forhold til kompetansen hennar. Brevet til rektor Horn der ho kjem med krav om eit anna stillingsinnhald enn det ho har fått tilbod om, er tydeleg og kompromisslaust i forma, og slett ikkje prega av kvinneleg smålåete. Når ein i tillegg veit at ho rosa Mathilde Schjøtt for målmedvite å ha drege ut i provinsen for å omsetje utdanninga si i arbeid, og slik i eige livsval utretta meir for kvinnedesa enn dei som berre heldt føredrag (s. 158), er tilbaketrekinga til Clara Holst frå alt offentleg liv, litt gåtefull. Ho hadde ikkje eigen familie som stod i vegen for personleg utfalding, og ho hadde hatt økonomisk grunnlag for å halde fram med den akademiske forfattarskapen sin utan løn. Nye stillingar kunne etter kvart ha blitt utlyste.

Mot denne bakgrunnen er det interessant å røkje etter kva for fagperson ein kan sjå konturane av i Clara Holst sin vitskaplege produksjon. Ernst Håkon Jahr gjer rett i å bruke god plass på gjennomgangen av arbeida hennar, for kanskje gjev produksjonen hennar eit inntrykk av temperament og interesser som kan forklare kvifor ho valde som ho gjorde? Eit uventa personleg inntrykk gjev den språkprøva i IPA-lydskrift som ho leverte frå seg til *Le Maître Phonétique* (s. 52f.). Denne språkprøva speglar Holst sitt eige danna Kristiania-mål. Clara Holst var ein av dei første norske fagpersonane til å ta i bruk IPA, og Jahr karakteriserer henne derfor som ein fagleg pionér på dette feltet. Siden går Jahr grundig inn på dei to første artiklane til Clara Holst (s. 95ff.). Dei blei publiserte i *Arkiv för nordisk filologi* i 1902 og 1903. Den første artikkelen bruker tyske lånord i dansk som kjelde for å kartleggje omlyd i mellomnedertysk. Dette var eit nytt materiale i denne samanhengen, og resultatet hennar korrigerte i nokon mon tidlegare forsking. Den andre artikkelen brukte den same metodiske tilnærminga, ved lånordsstu-

dium freista ho å kartlegge fonologiske forhold i mellomnedertysk. Desse to artiklane er innarbeidde som kapittel ein og to i den 79 sider lange doktoravhandlinga frå 1903, *Studier over middelnedertyske laaneord i dansk*. Jahr presenterer avhandlinga både ved å kommentere formelt apparat, dei teoretiske føresetnadene som blir impliserte (junggrammatikk), metode og empirisk gjennomgang. Han viser korleis kapittel tre bringer fram mindre klare konklusjonar enn dei to første kapitla, og peiker også på at dei siste to kapitla er meir skisseprega. Det ser altså ut som det vesentlege nye med Clara Holst sitt arbeid her er det faktum at ho så systematisk nyttar ut lånorda som kjelde til å kartlegge fonologien i långjevarspråket. Metoden hennar gjev klare resultat i to av delundersøkingane, men er mindre eigna til å svare på nokre av dei andre spørsmåla ho stiller til materialet. Teoretisk er ho ingen paradigmutfordrar. Jahr refererer også til dei tre prøveførelesingane, éi om utviklinga av ein eventuell tysk riksuttale, éi om latinen sin påverknad på ein type tysk ordlaging og den siste om språket hos den tyske forfattaren Fritz Reuter. Denne siste førelesinga blei publisert i *Jahrbuch des Vereins für niederdeutsche Sprachforschung* (1907). Jahr viser til at dette er ein synkron studie utan språkhistoriske målsetnader, og at Holst gjennomgåande viser til eige feltarbeid og observasjonar. Han meiner denne artikkelen peiker framover og føregrip strukturalistiske heller enn junggrammatiske forskingsprogram.

Ernst Håkon Jahr leier oss slik gjennom publikasjonane til Clara Holst. Han refererer dei så grundig at vi tykkjer vi kjenner henne som fagperson. Ho arbeider innanfor dei teoretiske rammene og standardane som galdt i tida, er ingen grensesprengar, men mottakeleg for nyovringar likevel. Med doktoravhandling på 79 sider som dessutan for ein del er basert på to tidlegare publiserte artiklar, og i tillegg éin seinare publikasjon, har ho ein heller liten produksjon å vise til frå perioden 1896–1907. Arbeida har ikkje blitt faghistoriske orienteringspunkt, i det minste ikkje innanfor nordisk språkvitskap, men det kan godt tilskrivast at fokusområdet hennar faktisk ikkje var nordisk, men mellomnedertysk og moderne tyske dialektar. Som bakgrunn for å forklare kvifor ho valde seg så eksplisitt bort frå forsking og fagleg arbeid i vid meinings, gjev publikasjonane hennar lita hjelp. Den siste artikkelen markerer ei fagleg nyorientering som ville ha vore interessant å følgje opp, og den lange reisa ho gjorde i 1912 og 1913 viser at ho hadde hatt midlar til å gjennomføre fleire feltarbeid på eigen kostnad om ho hadde hatt interesse av det. Den avgrensa publikasjonslista hennar vitnar ikkje om spesielt stor arbeidskapasitet. Kanskje tilbaketrekkinga i 1910 heng saman med helseproblem?

Sjølv om eg som nemnt tykkjer kjeldegrunnlaget for å skrive biografien om Clara Holst er i tynnaste laget, er eg imponert over kor mykje Ernst Håkon Jahr har greidd å finne fram til for å teikne eit bilet av den første norske kvinnelege språkhistorikaren. Nærlesing av tekstene hennar er viktig for å forstå henne som fagperson, men også fordi dei er dei viktigaste kjeldene til Clara Holst som person. Vi får teikna eit bilet av ei kvinne som gjekk inn på eit fagfelt på dei premissane som det mannlige forskarsamfunnet hadde sett, og som var vellukka vurdert etter samtidige kvalitetsnormer. For å greie det, må ho ha gjort val som braut med mange vande førestillingar og forventningar, så ho må ha vore viljesterk og ha hatt god sjølvkjensle.

I eit feministisk perspektiv er ikkje Clara Holst så lett å tolke. Det er rett som Jahr peiker på, at ho på vegen måtte takle hinder som kvinne. Det galdt i alle fall vanskane med å få undervisning i Tyskland, og det galdt truleg også den ujamne fordelinga av stipendstøtte mellom henne og Halvdan Koht og Samson Eitrem. Og det var eit faktum at universitetet ikkje opna stillingane sine for kvinner før i 1912 i og med Kristine Bonnevie sitt professorat. På den andre sida viser Jahr korleis andre samtidige kvinnelege pionerar arbeidde med å bryte barrierar med til dels dårlegare utgangspunkt. Det dramatiske vendepunktet i livet til Clara Holst var då ho takka nei til stillinga på Hamar. Ernst

Håkon Jahr antydar at ho ikkje fekk oppgåver som stod i forhold til kompetansen hennar fordi det varmannlege overlærarar som ikkje ville det slik. Dette er sannsynleg, men kunne i all rettferd rett og slett koplast til ansiennitetsomssyn. Sikkert er det at Clara Holst takkar nei til stillinga som adjunkt med fagleg stoltheit og den sjølvkjensla ein avlagd doktorgrad gjev. Dette kan vi som fagpersonar støtte henne i, men etterpåklokt kan vi vel trygt konkludere med at den alternative livsvegen ho kom til å velje ikkje gagna korkje faget eller utviklinga av kvinnerolla innanfor akademia. Vi kan no berre spekulere i korleis historia om norsk språkhistorie hadde sett ut med Clara Holst som integrert bidragsytar. Det er ingenting i den tidlege produksjonen hennar som indikerer at ho ville brukt inn eit kjønnsperspektiv i forskinga, men ved nærværet sitt kunne ho ha gått inn saman med Anne Holtsmark og Hallfrid Christiansen som tidlege kvinnelege rollemodellar i det norske språkvitskaplege miljøet.

Kristin Bakken  
Nasjonalbiblioteket  
Postboks 2674 Solli  
NO-0203 Oslo  
kristin.bakken@nb.no

## Mottatt litteratur

- Biskop Arnes saga.* 2007. Oversatt av Gunnhild og Magnús Stefánsson. Thorleif Dahls Kulturbibliotek. Oslo: Aschehoug.
- Harling-Kranck, Gunilla og Hanna Lehti-Eklund (red). 2008. *Folkmålsstudier* 46. Meddelanden från föreningen för nordisk filologi. Helsingfors.
- Heggstad, Leiv, Finn Hødnebø og Erik Simensen. 2008. *Norrøn ordbok* (5. utg). Revidert av Erik Simensen. Oslo: Samlaget.
- Jarvad, Pia og Helge Sandøy (red.). 2007. ‘*Stuntman’ og andre importord i Norden : Om uttale og bøyning.* Moderne importord i språka i Norden VII. Oslo: Novus.
- Jerset, Gard B. m. fl. (red.). 2008. *Linguistics in the Making : Selected Papers from the Second Scandinavian Conference in Linguistics and Philology in Bergen, June 4–6, 2007.* Oslo: Novus.
- Johansson, Karl G. og Maria Arvidsson (red.). 2009. *Barlaam i Nord : Legenden om Barlaam i den nordiska medeltidslitteraturen.* Bibliotheca Nordica 1. Oslo: Novus.
- Machan, Tim William (red.). 2008. *Vafþrúðnismál.* Second edition. Centre for Medieval and Renaissance Studies, Durham University. Pontifical Institute of Medieval Studies, Toronto: Toronto.
- Omdal, Helge og Helge Sandøy (red.). 2008. *Nasjonal eller internasjonal skrivemåte? : Om importord i seks nordiske språksamfunn.* Moderne importord i språka i Norden VIII. Oslo: Novus.
- Rawoens, Gudrun. 2008. *Kausativa verbalkonstruktioner i svenska och nederländska : En korpusbaserad syntaktisk-semantisk undersökning.* Göteborgsstudier i nordisk språkvetenskap 11. Göteborg: Göteborgs universitet.
- Rischel, Jørgen. 2009. *Sound Structure in Language.* Edited and with an introduction by Nina Grønnum, Frans Gregersen og Hans Basbøll. Oxford University Press.
- Røsstad, Rune. 2008. *Den språklege røynda – Ein studie i folkelingvistikk og dialektendring frå austre Vest-Agder.* Oslo: Novus.
- Schjødt, Jens Peter. 2008. *Invitation between two worlds : Structure and symbolism in pre-Christian Scandinavian religion.* The Viking Collection 17. [Århus]: The University Press of Southern Denmark.
- Vannebo, Kjell Ivar. 2008. *Normer, strukturer og ferdigheter.* Redigert av Svein Lie og Geirr Wiggen. Oslo: Novus.
- . 2009. *Et columbi egg og andre uttrykk : Bruk, bakgrunn, betydning.* Oslo: Cappelen Damm.